

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i kontrollutvalet – Jølster kommune

Utval: Kontrollutval – Jølster kommune
Møtedato: 28.09.2012
Møtetid: Kl. 12.00
Stad: Møterom 1
Møtenr.: 3/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, rådmannen sak (16 og 17/12) og revisor (sak 16/12).

Melding til: Ordfører(møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemmer (varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon eller 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

014/12: Godkjenning av sakliste og møteinnkalling.
015/12: Skriv og meldingar.
016/12: Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Verknad av organisasjonsendring ved pleie og Omsorgstenesta i 2006».
017/12: Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.
018/12: Budsjett for kontrollutvalet i Jølster.
019/12: Oppfølgingsliste 3-2012 – Jølster.
020/12: Eventuelt.

Jølster, 21.09.2012.

Audun Høyvik (s)
-leiar-


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

014/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.09.2012	014/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

015/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.09.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.09.2012	015/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 19-12 Vedtak kst sak 023/12 Årsrekneskap 2011.
SM 20-12 Vedtak kst sak 025/12 Årsmelding kontrollutvalet 2011.
SM 21-12 Selskapskontroll – Firda Billag 2011, utført av SF revisjon.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 20/12

Jølster kommune

Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.06.2012	025/12	AHE

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210	Arkivsaknr 12/190
----------------------------------	------------------	----------------------

Årsmelding kontrollutvalet 2011

Vedlegg:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.06.2012	Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Jølster - melding om vedtak	27767

Saksutgreiing:

Viser til vedlagde vedtak i sak 4/12 Årsmelding kontrollutvalet 2011, frå kontrollutvalet.
Utvalet si årsmelding ligg også som vedlegg.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert teken til vitande

Handsaming i Kommunestyret 19.06.2012:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

KST-025/12 Vedtak:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert teken til vitande

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.02.2012	SEKOM- sekretariat	Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet

i Jølster - melding om vedtak

SM 19/12

Jølster kommune

Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	05.06.2012	033/12	AHE
Kommunestyret	19.06.2012	023/12	AHE

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210	Arkivsaknr 12/56
----------------------------------	------------------	---------------------

Årsrekneskap 2011

Vedlegg:

- *Fråsegn frå kontrollutvalet
- *Revisjonsuttale
- *Hovudoversikter

Saksutgreiing:

For nærare kommentarar til rekneskapstal og måloppnåing, viser vi til årsmeldinga. Den er tidlegare sendt ut til alle kommunestyremedlemene og er også tilgjengeleg på kommunen si nettside.

Som det går fram av vedlegga, er rekneskapet gjennomgått av KRYSS revisjon og handsama av kontrollutvalet. Revisjonen har ei presisering som gjeld rekneskapet. Denne gjeld formell avslutning og aktivering av investeringstiltak. Her har det vore gjort mykje for å komme ajour og attståande ved dette årsskiftet er vesentleg redusert frå tidlegare. Oppryddinga held fram i 2012.

Klipp frå årsmeldinga om rekneskapsresultat:

Tabellen viser netto resultat for kvart ansvarsområde samanlikna med budsjett. Avvik er kommentert i kapittelet for den enkelte eininga. Dei fleste einingane har halde seg innanfor den budsjetterte råma. Økonomikontrollen har såleis gjennomgåande vore god.

Ansvar	R2011	B2011
Økonomi-og personalleiar	16 149	16 126
Rådgjevar oppvekst	14 080	13 583
Rektor Skei skule	16 429	16 906
Rektor Vassenden skule	23 568	23 705
Rektor kulturskule	872	800
Leiar Skei barnehage	2 958	3 024
Leiar Langhaugane barnehage	6 805	7 310
Rådgjevar helse- og sosial	1 067	1 397
Leiande helsesøster	1 812	1 841
Leiande fysioterapeut	1 016	1 115
Kommunelege 1	4 066	3 621
Leiar psykisk helsevern	4 032	4 649
Sosialleiar	9 182	10 315
Flyktningbusetjing	-2 071	-395
Leiar for heimetenesta, Skei	5 164	5 411
Leiar for omsorgssenter, Skei	15 846	15 131
Rettleiar, Heimly	4 728	5 150
Leiar for heimetenesta, Vassenden	4 425	5 205
Leiar for omsorgssenter, Vassenden	12 310	11 670
Rådgjevar plan- og næring	-1 620	-3 308
Biblioteksjef	1 080	1 014
Leiar plan og bygg	1 502	1 634
Drift/komtek. avgiftsområde	492	0
Leiar drift	10 427	9 143
Leiar næring og miljø	2 408	2 273
Finansielle føremål	-156 726	-157 320


(Tal i heile 1.000 kroner)

Årsresultat

I 2004 hadde Jølster kommune nær 10,8 millionar i oppsamla underskot. Det har vore ein krevjande prosess med å komme i økonomisk balanse og dette er 7. året på rad der Jølster har overskot i rekneskapet. Dette året med ca 2,8 millionar. Oppsamla resultat viser at vi i no har ca 15 millionar i reserve. Det meste av dette er sett av til disposisjonsfond.

Vi meiner det er eit godt økonomisk resultat også i 2011. Likevel er netto driftsresultat på ca 2% av brutto driftsinntekter. Her er målet både lokalt, frå KS (Kommunenes Sentralforbund) og frå staten at kommunane treng 3% for å vere «økonomisk bærekraftige» på sikt. Budsjettet for 2012 er akkurat i balanse og framover i økonomiplanperioden viser konsekvensjustert plan frå desember at vi har utfordringar med å komme i balanse.

Diagrammet nedanfor viser utviklinga i årsresultat og oppsamla resultat frå 1990 til i dag.



Klipp frå rådmannen si innleiing til årsmeldinga:

Sjølv om rekneskapsresultata har vore gode i fleire år så ser vi store utfordringar framover. I budsjettprosessen hausten 2011 vart det klart at ei rein konsekvensjustering av økonomiplanen ikkje gir økonomisk balanse frå 2013. Balansen mellom visjonært utviklingsarbeid og økonomisk kontroll vert ei krevjande utfordring i åra som kjem.

Årsmeldinga viser at Jølster kommune utfører svært mange tenester over eit breitt spekter. For å greie dette, er dei tilsette den store ressursen! Kompetente og innsatsvillige tilsette har æra for at vi trass tronge råmer yter gode tenester.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rekneskapet for 2011 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Ikkje disponert overskot i driftsrekneskapet på kr 922.093,09 vert sett av til disposisjonsfond

Handsaming i Formannskapet 05.06.2012:

Samla rekneskapshefte vart delt ut i møtet.

Rådmnnen si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK-033/12 Vedtak:

1. Rekneskapet for 2011 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Ikkje disponert overskot i driftsrekneskapet på kr 922.093,09 vert sett av til disposisjonsfond

Handsaming i Kommunestyret 19.06.2012:

KST-023/12 Vedtak:

1. Rekneskapet for 2011 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Ikkje disponert overskot i driftsrekneskapet på kr 922.093,09 vert sett av til disposisjonsfond

,

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	06.01.2012	Kryssrevisjon	Avslutning av årsrekneskapen for år 2011
2	I	27.03.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Innsending av rekneskap 2011
3	I	24.04.2012	Kryssrevisjon	Revisjonsmelding 2011
4	I	24.04.2012	Kryssrevisjon	Årsrekneskapen 2011 for Jølster kommune
5	I	11.05.2012	SEKOM- sekretariat	Årsrekneskapen Jølster komune 2012 - fråsegn frå kontrollutvalet

SM 21/12

Selskapskontroll (eigarskapskontroll)

Firda Billag AS

2011



Innhald

1	Innleiing	
1.1	Bakgrunn	s.2
1.2	Føremål	s.2
1.3	Framgangsmåte	s.2
2	Om konsernet	s.3
2.1	Selskapsforhold	s.4
2.2	Avtalemessige forhold	s.4
2.3	Forpliktingar vis av vi offentlege instansar	s.6
2.4	Juridiske forhold	s.6
2.5	Organisasjonen	s.6
2.6	Miljø	s.6
2.7	Framtidsutsikter	s.6
2.8	Konsernets økonomiske utsikter	s.7
3	Styret	s.8
4	Revisor	s.9
5	Generalforsamlinga	s.9
6	Eigarstyring	s.10
7	Høyring	s.11
8	Konklusjon	s.11

Vedlegg:

1. Kart over konsernet
2. Kart over morselskapet Firda Billag AS
3. Høyringsuttale frå Firda Billag AS
4. Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har i vedtak den 21.06.11 gått inn for å gjennomføre selskapskontroll i Firda Billag AS. I bestillingsdokumentet er det opplyst at føremålet er å oppfylle gjeldande lovkrav til gjennomføring av selskapskontroll.

Firda Billag AS tok i 2010 over landtransportdelen til Fjord1. I tillegg vart selskapet i 2010 omgjort frå eit interkommunalt selskap (IKS) til eit aksjeselskap (AS). Selskapet driv også i 2011 med å gjennomføre større organisatoriske endringar i selskapet. Desse elementa var tilleggsmoment for at kontrollutvalet har sett det som interessant å få gjennomført ein selskapskontroll i form av **eigarskapskontroll** av selskapet.

1.2 Føremål

Føremålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere korleis fylkeskommunen forvaltar sine eigarinteresser i selskapet; med det om dei gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader¹. For Firda Billag AS sin del vert fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ivareteke via fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga.

Eigarskapskontroll er ein avgrensa kontroll. Det betyr at kontrollen avgrensar seg til ein vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammar for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med føremålet. Kontrollen omfattar ikkje sjølve aktivitetane i selskapet, så som kvaliteten på tenestene som selskapet leverer eller om selskapet når sine mål. Dette er forhold som kan kontrollerast gjennom forvaltningsrevisjon.

Intensjonen med regelverket om selskapskontroll var m.a. å sikre dei folkevalde betre innsyn og kontroll med den delen av den fylkeskommunale verksemda som er organisert som interkommunale selskap eller aksjeselskap.

1.3 Framgangsmåte

Rapporten byggjer på informasjon frå selskapet sin eigar (fylkeskommunen), styret og administrasjonen, samt opne kjelder som t.d. Foretaksregisteret, Proff.no med fleire.

Kontrollen har ei brei tilnærming. Vi vil på bakgrunn av det ikkje gjennomføre nokon grundige undersøkingar av moglege funn.

Funna vert vurdert opp mot:

- Aksjelova
- Offentleglova
- Lov om offentlige anskaffelser
- Selskapets vedtekter
- Tilrådingar frå KS Eierforum

¹ Jf. § 14 i Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner

- Fylkeskommunen si Eigarmelding for 2010 og til dels 2011.

Hovudfokus i rapporten vil vere negative funn. Det betyr at det som i utgangspunktet er i orden vil ikkje verte gjenstand for nærare omtale.

2 Om konsernet

Firda Billag AS vart stifta 18.06.2010 ved omgjerling frå eit interkommunalt selskap til eit aksjeselskap.

Firda Billag AS er eit konsern. Konsernet bestod ved utgangen av 2010 av :

Firda Billag AS
 Transferd AS -eigd 100 % av Firda Billag AS
 SRB Anleggstransport AS -eigd 51 % av Transferd AS

Konsernet har gjort ein del nye organisatoriske endringar i 2011, m.a. er selskapet Firda Billag Buss AS fisjonert ut av morselskapet og morselskapet har oppretta eit nytt dotterselskap; Fjordane Reisebyrå AS. Det nye organisasjonskartet til konsernet er lagt ved som vedlegg nr 1.

Selskapet driv innafor persontransport (buss), godstransport på veg, bilutleige (AVIS), reisebyrå, verkstad for tunge kjøretøy og eigedomsforvaltning.

Firda Billag AS har sitt hovudkontor i Førde kommune og avdelingar i Florø, Dale, Sandane og Sogndal. Etter kjøpet av Transferd AS frå Fjord1 har selskapet i tillegg fått avdelingar i Kaupanger, Otta, Stryn og Ålesund.

Ved utgangen av 2010 hadde selskapet 348 tilsette.

Aksjekapitalen i selskapet er på kr 10.000.000,- og er fordelt på 10.000 aksjar kvar pålydande kr 1.000,-. Aksjane fordeler seg slik mellom eigarane i selskapet:

Eigarar/aksjonærer	Forretningskontor	Tal	Pålydande	Eigar-/ stemmeandel
Askvoll kommune	Askvoll	569	1 000	5,69 %
Balestrand kommune	Balestrand	443	1 000	4,43 %
Bremanger kommune	Svelgen	717	1 000	7,17 %
Fjaler kommune	Dale	600	1 000	6,00 %
Flora kommune	Florø	1 447	1 000	14,47 %
Førde kommune	Førde	1 236	1 000	12,36 %
Gaular kommune	Sande	609	1 000	6,09 %
Gloppen kommune	Sandane	1 017	1 000	10,17 %
Hyllestad kommune	Hyllestad	458	1 000	4,58 %
Høyanger kommune	Høyanger	782	1 000	7,82 %
Jølster kommune	Skei	517	1 000	5,17 %
Naustdal kommune	Naustdal	454	1 000	4,54 %
Stryn kommune	Stryn	651	1 000	6,51 %

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Leikanger	500	1 000	5,00 %
SUM		10 000		100 %

2.1 Selskapsforhold

Det interkommunale selskapet var i si tid etablert gjennom eit spleiselag for å sikre infrastrukturen i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF (Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane) sin eigardel i det opphavlege lotalaget.

Fylkeskommunen opplyser at selskapet vart endra til eit AS grunna nye rammevilkår. Det var eit naudsynt tiltak for å sikre selskapets konkurransekraft.

Saka vedr. omdanninga vart handsama i fylkestinget 07.04.2010 under sak 0009/10. Med vising til saksframstillinga i saka står det :

“ Om bakgrunnen for omdanninga skreiv administrerende direktør Peter Midthun: Rutebilnæringa er i sterk endring. I dag er ca 40 % av den samla bussproduksjonen i landet lagt ut på anbud. I løpet av få år vil dei resterande 60 % verte lagt ut. Dette betyr at Firda Billag ikkje lenger vil verte beskytta av sin områdekonsesjon. I avtalen selskapet i dag har med Sogn og Fjordane fylkeskommune er det opna for at anbod kan takast i bruk innan vårt konsesjonsområde frå år 2014. Det betyr at heile eller deler av den produksjonen selskapet i dag utfører kan verte overtatt av andre. Dette aukar risikoen ved drifta betydeleg. Når anbod er tatt i bruk i konsesjonsområdet vil Firda Billag vere eit heilkommersielt selskap. Ein ser det som lite hensiktsmessig både for eigarane og for selskapet å fortsette med IKS-modellen under slike rammevilkår. ”

Det er ikkje utarbeida ein eigen aksjonæravtale mellom eigarane. Vedtektene regulerer det som er nødvendig.

Omsetnad av aksjar er regulert gjennom selskapet sine vedtekter.

Vurdering og tilråding:

Konsernet har ikkje utarbeidd oversikter over moglege nærståande relasjonar mellom sentrale personar i selskapa i konsernet. Ved førespurnad til adm.dir, så kjenner ikkje han til slike relasjonar i konsernet. Vi meiner det er viktig at selskapet syner merksemd til problematikken for å unngå at det oppstår uheldige dobbeltroller mellom t.d. styremedlem/tilsette og kundar/leverandørar.

Med vising til pkt 7.4.1 i del I i Eigarmeldinga til fylkeskommunen om Styret sitt ansvar og Tilrådingar frå KS'Eierforum Nr. 12 vil vi tilrå at konsernet utarbeider ein Rolleoversikt over styra, direktorane og andre sentrale personar i konsernet.

2.2 Avtalemessige forhold

Selskapet følgjer ikkje Lov om offentlege anskaffelser. Dette vert grunngjeve med at konsernet i all hovudsak driv forretningsdrift i konkurranse med andre. Per i dag er det berre dotterselskapet Firda Billag Buss AS som driv til dels utanfor konkurranse gjennom at ein del

av bussdrifta, som går på rute- og skulebussproduksjon, er beskytta via konsesjon. I løpet av nokre år vil også den delen verte konkurranseutsett. Adm. dir. ser det som vanskeleg og unaturleg å skilje bussdrifta i ein del som er konkurranseutsett og ein del som er konsesjonsbeskytta. Alle større innkjøp vert regulert av anbod og dei følgjer prinsippa for god forretningsskikk i alle prosesser. Leiinga i konsernet har gjort ei skriftleg vurdering av konsernet sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser, og har konkludert med at konsernet ikkje kan operere i ein konkurranseutsett marknad, samstundes som Lov om offentlege anskaffelser gjeld for konsernet.

Vurdering og tilråding:

Lov om offentlege anskaffelser er eit komplisert og omfattande lovverk. Datterselskapet Firda Billag Buss AS kan, uansett om heile drifta vert konkurranseutsett, likevel høyre inn under Lov om offentlege anskaffelser med vising til Forsyningsforskriften. Lov om offentlege anskaffelser kan også gjelde for privat eigde selskap dersom tenesta går ut på: (sjå §1-3, c i Forsyningsforskriften om kva for aktiviteter som er omfatta)

“ drive rutenett beregnet på ytelse av offentlige tjenester i forbindelse med transport med jernbane, automatiserte systemer, sporvei, trolleybuss, buss eller kabel. Når det gjelder transporttjenester, skal et nett antas å foreligge dersom driftsvilkårene for tjenesten er fastlagt av vedkommende myndighet i en EØS-stat. Driftsvilkår kan for eksempel være hvilke ruter som skal betjenes, hvor stor kapasiteten skal være og hvor ofte rutene skal betjenes.

Vi vil tilrå at konsernet får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og datterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlige anskaffelser.

Konsernet har ikkje økonomiske forpliktingar utover pant i lån og festekontraktar på deler av eigedommane. Alle låneavtalar vert handsama og godkjent av styret, vanlegvis gjennom årlege budsjett og finansieringsplanar. Konsernet har ikkje forpliktingar når det gjeld erstatningar eller mangelkrav overfor tredje part. Alle naudsynte skadeforsikringar i konsernet er i orden og alle bygningar og nyare bussar er fullt ut forsikra.

Vurdering og tilråding:

I følgje styret og adm. dir. har konsernet ikkje teikna styreansvarsforsikring. Ifølgje Tilrådingar frå KS'Eierforum Nr. 16 vert det tilrådd at selskapa teiknar særskilt styreforsikring for alle styremedlem i selskap med begrensa ansvar. Forsikringa vil eventuelt gjelde det økonomiske ansvaret og ikkje det strafferettslige.

Vi vil på bakgrunn av det tilrå at konsernet teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet.

Konsernet nyttar eksterne rådgivarar innan IT, ein del tekniske områder og på verkstaden. I samband med dei store organisatoriske endringar som konsernet er og har vore i, har det gått ein del ekstra midlar til juridisk bistand og rådgivingstenester frå konsernets valte revisor. I 2011 reknar adm. dir. at konsernet totalt vil ende opp i ein plass mellom 2 og 3 mill. brukt til ekstern rådgiving.

2.3 Forpliktingar vis av vis offentlege instansar

I følge adm.dir. har ikkje konsernet uoppgjorte skatte- eller meirverdiavgiftskrav og naudsynte transportløyve og busskonsesjonar er i orden. Konsernet har besøk av arbeidstilsynet 4 til 5 gonger i året og branntilsynet med jamne mellomrom. Utover mindre merknadar frå arbeidstilsynet kjenner ikkje adm. dir. til andre forpliktingar vis a vis offentlege instansar.

2.4 Juridiske forhold

Styret seier at det ikkje er kjent med irregulære eller straffbare forhold relatert til konsernet. Konsernet har i følge adm.dir. ikkje tvistar for domstolane, konflikhtar med samarbeidspartnarar eller tilsette.

Vurdering og tilråding:

Styret og adm.dir. meiner at konsernet ikkje høyrer inn under Offentleglova. Viser og til adm.dir. sine skriftlege vurderingar av tilhøva.

Med vising til at konsernet er 100% offentlig eigd vil vi tilrå at konsernet gjer ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine reglar likevel gjeld for heile eller deler av konsernet.

2.5 Organisasjonen

Organisasjonskart for morselskapet i konsernet er lagt ved som vedlegg nr 2.

Konsernet har ikkje formelle bonusordningar for dei tilsette. Det er ikkje uavklarte tilsettingstilhøve i konsernet, men utarbeiding av nye arbeidsavtaler for dei tilsette jf. omorganiseringa er per i dag ikkje avslutta. Nedbemanning i samband med omorganiseringa har skjedd ved naturleg avgang.

Sjukefråværet varierer, men har gått ned det siste året. Det er for 2. kvartal 2011 på litt over 5 %, dvs at det er under gjennomsnittet for bransjen. Konsernet har eige HMT- system med eigen tilsett som har hovudansvaret for oppfølging av systemet. I følge adm. dir. fungerer HMT-systemet tilfredsstillande. Det vert gjennomført AMU-møte annakvar månad der alle avviksrapportar vert følgt opp. For 2011 er det registrert 14 mindre ulykker. Det er ikkje tale om ulykker som har ført til lengre sjukefråvær.

2.6 Miljø

Konsernet driv ikkje forureinande verksemd utover det som høyrer til bransjen. Adm.dir. peiker på at bussbransjen er ein av dei mest miljøvennlege måtar å drive persontransport på. Konsernet har kontroll over alle eventuelle utslepp frå verkstaden jf. HMT systemet.

2.7 Framtidsutsikter

Adm. dir. ser på bussdrifta som ein av konsernets største utfordringar. Firda Billag var for 20 år sida eit av dei største busselskapa i landet. I dag er det er eit av dei minste. Med full konkurranseutsetting i løpet av nokre få år, der mange forventar at det berre vil vere 4-5 store einingar igjen som driv bussverksemd i heile landet, går Firda Billag AS og bussdrifta ein usikker framtid i møte. Leiinga ser likevel på bussdrifta som ei av kjerneoppgåvene i

konsernet, og satsar fortsatt på å vere med i konkurranse med andre. Konsernet førebur seg på framtidig konkurranse ved m.a. å bygge opp kompetansen i konsernet omkring anbod og anbodsrutinar. Eit anna satsingsområde innan bussdrift som leinga i konsernet ser på kan vere å få til avtalar med gode samarbeidspartnarar.

Konsernets produkter kan inndelast slik etter storleik:

- 1) Godstransport (størst)
- 2) Bussdrift
- 3) Reiselivsverksemd
- 4) Verkstaddrift
- 5) Drift av fast eigedom

Konsernet vil ha ei framtid også utan bussdrifta. Godstransport er størst og er konsernets store satsingsområde. Reise og eigedom er mindre deler av konsernet, men er likevel viktige og trygge inntektskjelder som har synt gode resultat.

Konsernet arbeider for tida med viktige endringar og omorganisering av verkstaden som dei forventar vil gi resultat gjennom effektivisering og med det betre resultat.

Økonomiske forhold som kan forverre konsernets drift i framtida, er renteauke og dieselpriisar. Prisauken på diesel dei siste åra har m.a. ført til at konsernet har tapt og tapar i samband med konsesjonsavtalene som konsernet har med fylkeskommunen.

2.8 Konsernets økonomiske utsikter

Rekneskapen for 2010 syner eit resultat/overskot på kr 370 000,-. Opptent egenkapital er per 31.12.2010 på kr 102 429 000,-.

RESULTATREKNESKAP	2010
Konsernrekneskap	Ja
Sum driftsinntekter	346 057 000
Driftsresultat	2 798 000
Resultat før skatt	421 000
Årsresultat	371 000

BALANSEREKNESKAP

Sum anleggsmidler	303 891 000
Sum omløpsmidlar	92 189 000
Sum egenkapital	102 429 000
Sum minoritetsinteresser	2 721 000
Sum gjeld	290 930 000

REKNESKAPSANALYSE 2010:

Om inntening:	
Totalrentabilitet	0,85 %
Om soliditet:	
Eigenkapitalandel	25,86 %

Om likviditet:	
Likviditetsgrad 1	1,08
Likviditetsgrad 2	1,03

3 Styret

Styret forholder seg, i tillegg til aksjeloven og selskapsvedtektene, til styreinstruks vedteke av styret i møte 13.04.2011 samt styret sin årsplan vedteke 13.01.2011. Instruksjonen omhandler møte; -hyppighet, -struktur, -protokoll, -informasjon, samt styremedlemmene sine rettigheter og plikter. Av saker som er spesifisert/(nemnd) i styreinstruksjonen er:

- styret sin møteplan for komande år
- årsrekneskap og årsmelding
- planar og budsjett for selskapet
- saker som gjeld investeringar av betydeleg omfang i høve selskapet sine ressursar
- vedtak som går på rasjonalisering eller omlegging av drifta som vil medføre større endringer eller omdisponeringar av arbeidsstokken

I styret sin møteplan for 2011 kjem det fram at selskapets strategiar og vegen fram er fast sak på møta. Styret har informert at dei gjennomfører risikovurderingar av drift, økonomi og misligheter løpande gjennom året.

Det er ikkje utarbeidd eigen instruks for adm.dir., men stillinga vert regulert som ein del av styreinstruksjonen. Adm.dir. vert tilsett av og eventuelt sagt opp av styret, og står for den daglege leiinga av konsernet. Adm.dir skal fylgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Styret hadde ved utgangen av 2010 slik styresamansetning:

Leiar: Agnar Strømsnes

Medlemmar: Monica Oppedal, Rita Lilletvedt, Olve Grotle og Steinar Talle

Tilsette sine representantar: Arne Råheim og Gunvor Beate Bjordal

Vedtektenes § 10 regulerer valnemnda. Det skal vere ei valnemnd med 5 medlemmar. Valnemnda skal leggje fram forslag om samansetning av styret med unntak av styremedlem som skal veljast av og blant dei tilsette. Dei 3 største aksjonærane i selskapet har rett til å velje minst 2 av medlemmene i valnemnda. Dette er i tråd med KS-anbefaling om kommunal eierskap nr.10.

Årsrapport og årsmelding vert sendt ut til selskapets aksjonærar. Det gjennomførast formelt eigarmøte gjennom møte i generalforsamling ein gong i året. I tillegg kan eigarane gjennomføre andre eigarmøter for å drøfte ei sak utan at det vert gjort formelt vedtak i saka. Styret eller adm.dir. kjenner ikkje til at det er gjennomført slike eigarmøter i samband med Firda Billag AS.

Vurdering og tilråding:

Av selskapsvedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmane er til stades. Styret fattar sine vedtak ved vanleg fleirtal. I styreinstruksjonen står det at styret kan gjere vedtak når meir enn halvparten av medlemmane er til stades i møtet, eller deltek i styrehandsaminga. I tillegg står det i styreinstruksjonen at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stemt. Vidare at dei som har stemt for eit forslag som inneber ei vesentleg

endring i selskapet, må alltid utgjere meir enn ein tredel av samtlege styremedlemmar.
Tilleggspresisering jf. høyringsuttale frå Firda Billag AS: Vi forstår styreinstruksen slik at styret her meiner tilhøve der ikkje alle styremedlemma er med på møtet. I slike høve kan eit fleirtal på møtet utgjere mindre enn ein tredjedel av samtlege styremedlemma.

Styreinstruksen stemmer ikkje overeins med selskapsvedtektene. Det kan bidra til uklare retningslinjer ved styrehandsaming. Vi vil tilrå at styret gjer vurderingar av vedtektene og styreinstruksen i forhold til avstemming og stemmefleirtal i styresaker.

4 Revisor

Firda Billag AS sin revisor er revisjonsselskapet Deloitte AS med kontor i Førde. Revisor har svart på skriftleg førespurnad frå SF revisjon IKS. Informasjonen frå revisor har ikkje gjeve grunnlag for nærare oppfølging i samband med gjennomføringa av eigarskapskontrollen.

5 Generalforsamling

Det ordinære møtet i generalforsamlinga skal etter vedtektene haldast innan 6 månadar etter utløpet av rekneskapsåret. Det vert innkalla til generalforsamling med 2 vekers varsel.

Vurdering og tilråding:

I følgje selskapsvedtektene § 9 skal generalforsamlinga fastsetja resultatregnskap og balanse, herunder medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. I følgje aksjelova § 5-5 skal den ordinære generalforsamlinga handsame følgjande saker sitat:

“godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder utdeling av utbytte”.

Godkjenning av styret si årsmelding står ikkje nemnd i selskapsvedtektene § 9.

Selskapsvedtektene stemmer ikkje overeins med aksjelova. Vi vil foreslå at generalforsamlinga gjer vurderingar av selskapsvedtektene på nemnde punkt opp mot aksjelova.

Andre saker som vert handsama i det ordinære møtet i generalforsamlinga, er fastsetting av eventuelt konsernresultat og konsernbalanse, handsaming av valkomiteen sine innstillingar på dei val som skal gjennomførast i tillegg til val av valkomite. Det er fylkesordførar Nils R. Sandal som er valt til å møte for fylkeskommunen i generalforsamlinga. På møtet i generalforsamlinga 20.05.2011 møtte Inge Horstad med fullmakt som representant for fylkeskommunen.

Kommunikasjon og eigaroppfølging utanom møta i generalforsamlinga skjer i følgje fylkeskommunen gjennom uformell kontakt.

6 Eigarstyring

Ved førespurnad om det er utarbeida eigarstrategi for Firda Billag AS viser fylkeskommunen til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen har fom 2008, fast ein gong i året, ei Eigarmelding oppe til handsaming i fylkestinget.

Fylkeskommunen si eigarmelding har 2 hovuddeler. Del I omhandlar fylkeskommunen sin eigarpolitikk og del II omhandlar dei einskilde selskapa som fylkeskommunen eig eller er medeigar i eller har tilknytning til på anna måte (t.d. stiftingar). Kap. 4 i del I seier noko om kva forventningar fylkeskommunen har til etikk og samfunnsansvar til selskap der fylkeskommune er eigar eller deleigar. Kap. 7 punkt 4 i del I seier noko om kriterium for utpeiking av styremedlem i selskapa.

Fylkeskommunen si Eigarmelding er i tråd med KS'anbefalingene om kommunalt eierskap, nr 2.

Ved spørsmål til fylkeskommunen om målformuleringar og viktig verdidokument viser dei til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen syner og til Eigarmeldinga ved spørsmål om eventuelle strategiar, retningslinjer eller instruksar som fylkeskommunen har utarbeida for styret og administrasjonen i Firda Billag AS.

På førespurnad til styret i Firda Billag AS om deira forhold til fylkeskommunen si Eigarmelding, så kjenner dei ikkje til den. Adm. dir. kjenner til fylkeskommunen si Eigarmeldinga.

Ved førespurnad til styret i Firda Billag AS om eigarane har utarbeida strategiar og retningslinjer for styret og administrasjonen i selskapet så kjenner styret ikkje til det.

Adm.dir. reiser med jamne mellomrom på besøk til sine aksjonærer for dialog om konsernets framtidsutsikter på eit overordna nivå. Hans inntrykk frå møta er at det er stor semje mellom eigarane omkring dei store strategiske grepa som er gjennomført i 2010 og 2011.

Tilråding:

Med vising til KS'anbefalinger om kommunalt eierskap Nr. 3 vil vi tilrå at det på eit overordna nivå vert utarbeida rutinar på form, innhald og kommunikasjon i samband med fylkeskommunen sine strategiske forventningar og krav til Firda Billag utover det som kjem fram av det ordinære møtet i generalforsamlinga. Dette bør utarbeidast i samråd med dei andre eigarane av Firda Billag AS.

I samsvar med rutinane i Eigarmeldinga rapporterer fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga til fylkesutvalet.

Konsernet har byrja sitt arbeid med utarbeiding av konsernets etiske retningslinjer. I fylkeskommunen si Eigarmelding, del I, kap. 4 står det noko om fylkeskommunen sine forventningar til selskapa dei eig eller er medeiger i knytt til etiske retningslinjer. Vi vil tilrå at Firda Billag AS i sitt vidare arbeid med konsernets etiske retningslinjer vurderer dei forventningar og krav som kjem fram av fylkeskommunen si Eigarmelding.

Vurdering og tilråding:

Fylkeskommunen kjenner ikkje til at det er utarbeida andre kriterier for samansetning av styret enn det som kjem fram av selskapets vedtekter. Selskapsvedtektene seier ikkje noko om kriterier for valsamansetning av styret. Det vert ikkje gjennomført nokon form for evaluering av styret utover styret sin eigen evaluering av sitt arbeid.

Vi vil tilrå at det vert utarbeida rutinar for kriterie og kompetansevurdering av styresamansetning i samsvar med KS'Anbefalinger om kommunalt eierskap, Nr 11. Dette ansvaret ligg hos eigarane.

7 Høyring

Utkast til rapport vart oversendt til styret og adm.dir. ved Firda Billag AS og til Sogn og Fjordane fylkeskommune den 17.10.2011 til uttale.

Høyringsuttalen frå Firda Billag AS er lagt ved som vedlegg nr 3 og høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er lagt ved som vedlegg nr. 4.

I uttalen frå Firda Billag AS er det synt til ein fakta feil jf. pkt. 2.7 i rapporten om inndeling av storleiken på konsernet sine tenester/produkt. I den endelege rapporten er dette retta på slik at inndelinga no skal vere korrekt.

Vi har i tillegg på bakgrunn av Firda Billag AS sine kommentarar til pkt. 3 i rapporten om styret og stemmefleirtal lagt til ein liten presisering i pkt. 3 i rapporten

8 Konklusjon

På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll vil vi tilrå at Firda Billag AS:


- *utarbeidar ein rolleoversikt over sentrale personar i konsernet jf. pkt. 2.1 i rapporten*
- *får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og dotterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser jf. pkt. 2.2*
- *teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet jf. pkt. 2.2.*
- *får utført ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine regler gjeld for heile eller deler av konsernet jf. pkt. 2.4*
- *gjer ei vurdering av selskapsvedtektene og styreinstruksen vedr. stemmefleirtal jf. pkt. 3*
- *gjer ei vurdering av innhaldet i selskapsvedtektene i forhold til dei formelle krava i aksjeloven jf. pkt. 4*

Vi vil i tillegg tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med dei andre eigarane:


- *utarbeider rutinar knytt til eigarane sine strategiske forventningar og krav til konsernet jf. pkt. 6*

- *utarbeider rutinar for kriterie- og kompetansesamansetning av styret samt rutinar for evaluering av styret med jamne mellomrom jf. pkt. 6*

Ny organisering konsern



Firda Billag AS Organisasjonsplan



Marianne Vara

Fra: Peter Midthun <peter@firda-billag.no>
Sendt: 31. oktober 2011 13:02
Til: Marianne Vara
Kopi: Agnar.Stromsnes@incgruppen.no
Emne: Selskapskontroll Firda Billag AS
Vedlegg: SF revisjon tilbakemelding frå Bøyum 17.10.11.pdf

SF-revisjon
v/ Marianne Vara

Det vert vist til rapport mottatt frå deg. Rapporten vart gjennomgått i Firda Billag AS sitt styre i møte den 18.10. Underteikna vart bedt om å gi tilbakemelding.

Vi kan gi flg tilbakemelding:

- Rolleoversikt – rapportens pkt 2.1. Dette skal vi få utarbeidd.
- Juridisk vurdering vedr lov om off anskaffelser. Vi skal få vurdert dette. Vi er imidlertid kjent med at busselskap der Fylkeskommunen har betydelig større eigarandel enn hos oss ikkje fylgjer denne. Dette fylgjer av vår konkurranseutsetting.
- Styreansvarsforsikring. Slik vi ser det er dette noko styret sjølv må ta stilling til.
- Offentlegheitslova. Same svar som pkt 2 over.
- Selskapsvedtekter kontra styreinstruks. Viser til vedlagt uttale frå Bøyum. Styreinstruksen vil verte endra på eit punkt.
- Selskapsvedtekter kontra aksjelova. Vi viser til vedlegg frå adv Gunnar Bøyum der dette er vurdert.

Vi har elles kommentar til pkt 2.7. der du har delt inn område etter storleik. Verkstaddrifta vår er større enn eigedomsdrifta.

Mvh

Firda Billag AS

Peter Midthun

Peter Midthun

Fra: gunnar.boyum@no.pwc.com
Sendt: 17. oktober 2011 19:23
Til: Peter Midthun
Emne: Re: VS: Utkast til rapport til høyring
Vedlegg: Følgjebrev utkast til rapport til høyring.pdf; Utkast til rapport.pdf

Hel,

Eg viser til mottatt utkast til rapport frå SF revisjon sin selskapskontroll hos Firda Billag AS, og ditt spørsmål om eg har kommentarar til forholdet om vedttektene er i samsvar med aksjelova.

I vedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført "når meir enn halvparten av medlemmane er til stades". Etter aksjelova § 6-24 følgjer det at styret kan treffe beslutning "når mer enn halvdel av medlemmene er til stede eller deltar i styrebehandlingen". Eg har ikkje sett styreinstruksen, men eg forstår det slik at den har samme ordlyd som aksjelova. Etter min vurdering har aksjelova/styreinstruksen og vedtektene samme reelle innhald sjølv om formuleringa er litt ulik.

I vedtektene § 7 står det vidare at styret fallar sine vedtak med vanleg fleirtal. Det er opplyst at det i styreinstruksen i tillegg står at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stemt. Etter min oppfatning er det ikkje noko motsetning i dette. Også etter aksjelova § 6-25 følgjer det at ein beslutning av styret krevjer at fleirtalet av dei styremedlemmane som deltek i handsaminga av ei sak, stemmer for. Dette er utgangspunktet og det er det som også er nedfelt i vedtektene. Ved stemmelikheit følgjer det vidare i aksjelova § 6-25 at møteleiaren har dobbelstemme. Dette vil også gjelde ved stemmelikheit i beslutningar hos styret i Firda Billag AS. Dette som følgje av ei naturleg forståing av samspelet mellom vedtektene og aksjelova, jf også vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Såleis er det etter min oppfatning ingen motsetning mellom vedtekter, styreinstruks og aksjelov når det gjelder at det generelt sett er vanleg fleirtalskrav for beslutningar fatta av styret i Firda Billag AS, men at styreleiar har dobbelstemme ved stemmelikheit.

I vedtektene § 9, 2. ledd, bokstav a, går fram at generalforsamlinga skal fastsette resultatrekneskap og balanse, her medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. Av aksjelova § 5-5 går det fram at generalforsamlinga skal godkjenne årsrekneskapet og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte. Eg er samd i at det i vedtektene godt kunne stått at generalforsamlinga også skal godkjenne årsmeldinga (i tillegg til godkjenning av årsrekneskapen). Dette har imidlertid ingen praktisk betydning, i og med at generalforsamlinga i h t aksjelova uansett må godkjenne årsmeldinga. Det er såleis heller ikkje motstrid mellom vedtektene og aksjelova i denne samanheng da aksjelova gir anvisning på noko ut over det som eksplisitt følgjer av vedtektene. Igjen vises til samspelet mellom vedtektene og aksjelova, jf vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Eg viser også til at aksjelova gjelder på generelt grunnlag. Berre dersom vedtektene positivt gir uttrykk for noko anna vil aksjelova sine reglar kunne fråvikast, dog med den avgrensing at i mange tilfeller kan vedtektene ikkje ha mindre strenge reglar enn aksjelova. Slik sett er det på det reine at generalforsamlinga i Firda Billag AS uansett må godkjenne årsmeldinga i selskapet, sjølv om dette ikkje konkret går fram av vedtektene. (For ordens skuld: Det er heller ikkje noko i vedtektene som gir uttrykk for at generalforsamlinga ikkje skal godkjenne årsmeldinga.)

Ta gjerne kontakt som det er spørsmål om noko.

Med venleg helsing/Kind regards,
Advokatfirmaet PwC

Gunnar Boyum
PwC | Partner | Nasjonal Partner
Phone: +47 95 26 13 13 | Switchboard: 02316 (+47 95260000)
Email: gunnar.boyum@no.pwc.com
Advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers AS, company no. 988 371 084 MVA
Visiting address: Naustdalsveien 1 B, 6800 Førde | Postal address: Postboks 375, N-6802 Førde

Partner in charge/Lawyer in charge: Gunnar Boyum

Med mindre annet skriftlig er avtalt, er alle våre tjenester omfattet av våre administrative avtalevilkår.
Unless otherwise agreed in writing, all our services are based upon our Terms of Agreement.

The information transmitted is intended only for the person or entity to which it is addressed and may contain confidential and/or privileged material. Any review, retransmission, dissemination or other use of, or taking of any action in reliance upon, this information by persons or entities other than the intended recipient is prohibited. If you received this in error, please contact the sender and delete the material from any computer.



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Kjersti Døssland

E-post: kjersti.dossland@sfj.no

Tlf: 57 65 61 55

Vår ref.

Sak nr.: 11/3916-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

31308/11

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 31.10.2011

Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Att: Marianne Vara

Selskapskontroll 2011 – høyringsuttale frå fylkeskommunen

Vi viser til dykkar brev dagsett 17. oktober, inkludert utkast til rapport frå gjennomført selskapskontroll i Firda Billag AS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at eigarrolla, inkludert strategiske forventningar til selskapa og rutinar for styresamansetning, er ivaretatt gjennom dei rutinane som er etablert i eigarmeldinga.

Eigarrolla, og arbeidet med eigarmeldinga, er likevel under stadig utvikling, og fylkeskommunen vil ta med seg innspela vidare i denne prosessen.

Med helsing

Jan Øhlckers
fylkesrådmann

Kjersti Døssland
juridisk rådgjevar



**016/12 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – VERKNAD AV
ORGANISASJONSENDRING VED PLEIE- OG OMSORGSTENESTA I 2006**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	28.09.2012	016/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsrapport: «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006.»

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.
- Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – VERKNAD AV ORGANISASJONSENDRING VED PLEIE- OG OMSORGSTENESTA I 2006

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006.»

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

"Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon)."

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

"Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte."

- Kontrollutvalet vedtok 30.06.2007 i sak 016/10 at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006.». SEKOM- sekretariat utforma tinging som vart handsama og godkjent. Tinging vart sendt KRYSS-revisjon same dag.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet er no levert. Rapporten er datert 04.09.2012.

KRYSS-revisjon har ikkje gjeve tilrådingar i rapporten.

KRYSS-revisjon har gjort funn i rapporten. Desse er innleiande presenterte i kapittel 1.1
"Viktige funn i revisjonsrapporten – KOSTRA-analyse av PLO på sidene 6 og 7 i rapporten.
Det vert vist til dette punktet for oppsummering av funna.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som er omtalte i rapporten. Rapporten er sendt administrasjonssjefen på høyring. Rådmann hadde ikkje spesielle merknadar til rapporten. Jfr. E-post frå konstituert rådmann Arnar Helgheim på side 60 i rapporten.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og administrasjonssjef er kalla inn til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *"Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet."*

REVISJONS- RAPPORT

Jølster kommune:

"Verknad av organisasjonsendring ved Pleie- og omsorgstenesta 2006":

TENESTEANALYSE AV PLEIE OG OMSORG 2008-2010 – KOSTRA

Rapport tinga av
Jølster Kontrollutval

Endeleg rapport levert den: 04.09.2012

INNHALD

1	INNLEIING: VIKTIGE FUNN OG om TENESTEANALYSAR	6
1.1	Viktige funn i revisjonsrapporten – KOSTRA-analyse av PLO:	6
1.2	Revisjonsrapport - ikkje <i>forvaltnings</i> revisjonsrapport	7
1.3	Tenesteanalyse av PLO gjennom bruk av KOSTRA- og IPLOS-statistikk	8
1.4	Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten	9
1.5	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne revisjonsrapporten	9
2	TYPE REVISJON OG RETTSLEG FORANKRING AV REVISJONSRAPPORTEN	9
2.1	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	10
2.2	KRYSS-Revisjon	10
3	OM DEN REVIDERTE EININGA – Jølster KOMMUNE	10
3.1	Folkemengd og befolkningssamansetjing i Jølster	11
3.2	Fakta – Jølster kommune som organisasjon	12
3.2.1	Pleie og omsorg – organisering	12
3.2.2	Rekneskapstal Pleie og omsorg 2010	14
3.2.3	Fråværsstatistikk PLO m. fl	15
3.2.4	Sjukefråversutvikling – Jølster kommune	15
4	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I REVISJONSRAPPORTEN	16
4.1	Formelt om tinginga av (forvaltnings-)revisjonen	16
4.2	Tingingsdokumentet frå SEKOM	16
4.2.1	Føremål – problemstillingar – og avgrensingar av prosjektet	16
4.3	Revisjonen si vurderingar av tingingsdokumentet	16
4.3.1	Spissing av problemstillinga – endeleg problemstilling	16
4.3.2	Implikasjonar ved problemstillinga: Kva funn kan den gje svar på?	17
4.3.3	Tenesteanalyse – kva er det?	17
5	KVA KAN TENE SOM FAGLEG REVISJONSGRUNNLAG	18
5.1	KOSTRA-tal eigna som "revisjonskriterium" ?	18
5.2	KOSTRA	18
6	METODE	20
6.1	Statistikk bygd på KOSTRA må lesast og tolkast med varsemd	21
7	PROBLEMSTILLING : FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	22
7.1	BEHOV	22
7.1.1	Innleiing: Alderssamansetjing som indikator på behov	22
7.1.2	Fakta: Tenestebehov for ulike aldersgrupper	23
7.1.3	Fakta: Alderssamansetjinga i kommunen over tid som indikator på behov	24
7.1.4	Registrerte bistanndsbehov gjennom Iplos	24
7.1.5	Vurdering – Behov for tenester (jf del 7.1 ff)	25
7.2	Ressursbruk/prioritering	27
7.2.1	Pleie- og omsorgstenestene samla	27
7.2.2	Vurdering Ressursbruk/Prioritering – heile PLO (jf 7.2 ff)	30
7.2.3	Heimetenester	32
7.2.4	Vurdering Heimetenester	33
7.2.5	Institusjonstenester	33
7.2.6	Vurdering Institusjonstenester	34
7.2.7	Aktivisering og støttetjenester	34

7.2.8	Vurdering Aktivisering og støttetjenester	35
7.3	Dekningsgrad	35
7.3.1	Pleie- og omsorgstjenester samla	36
7.3.2	Vurdering dekningsgrad - for PLO sett under eitt	37
7.3.3	Heimetenester:	38
7.3.4	Vurdering dekningsgrad – Heimetenester	40
7.3.5	Institusjonstenester:	42
7.3.6	Vurdering dekningsgrad – Institusjonstenester	45
7.4	Produktivitet	46
7.4.1	Heile tenesta	47
7.4.2	Heimetenester	48
7.4.3	Institusjonstenester	52
7.4.4	Vurdering Produktivitet – PLO samla, Heimetenester og Institusjonstenester	53
7.5	Kvalitetsindikatorar Kostra/Iplos	54
7.5.1	Vurdering – kvalitetsindikatorar Iplos/Kostra	56
7.6	Medarbeidarane	57
7.6.1	Vurdering – medarbeidarane i PLO sin kompetanse og fråvær	59
8	RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR på HØYRINGsversjonen	60
9	Underskrift	60
10	REFERANSAR	61
11	VEDLEGG:	62
11.1	Omgrep frå SSB – KOSTRA	62
11.2	Kostra-veileder 2009	62

FIGURAR:

Figur 3: Tenestebehov sett i lys av alderssamansetjing (i %) og prioritering for PLO samla, uttrykt gjennom netto driftsutgifter (i kr).	23
Figur 4: Figuren over syner korleis samtlege tenestemottakarar fordeler seg på ulike typar registrert bistandsbehov	25
Figur 6: Figuren over syner korleis nettoutgifter pr innbyggjar 67 år og eldre er, fordelt på funksjonane aktivisering, institusjonstenester og heimetenester	27
Figur 7: Figuren over syner fordelinga av kommune sine netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester – fordelt på Kostra-funksjonar	29
Figur 8: Figuren over syner kommunane sine netto driftsutgifter til heimetenester, fordelt på alle innbyggjarar i kommunen.	32
Figur 9: Figuren over syner netto driftsutgifter til institusjonstenester, kr pr innbyggjar over 80 år .	33
Figur 10: Netto driftsutgifter til aktivisering og servicetenester – kroner pr innbyggjar	34
Figur 11: Figuren seier noko om kva "tenesteprofil" kommunen har på PLO-tenester – dvs dekningsgrad – for aldersgruppa 80 år og eldre. Tala for åra 2008 og 2009 er ikkje komplette for Jølster sitt vedkomande.	36
Figur 12: Figuren syner delen innbyggjarar 80 år + som anten har institusjons- eller heimetenester. (Kjelde: Fylkesmannen sin kostragenerator)	37
Figur 13: Andel innbyggjarar – i ulike aldersgrupper - som mottok heimetenester.	38
Figur 14: Mottakarar av heimetenester, aldersfordelt (i prosent)	39
Figur 15: Figuren syner kor stor andel av mottakarar av heimetenester som er registrert med omfattande bistandsbehov.	40
Figur 16 Forholdet mellom andel innbyggjarar i institusjon og plassar i institusjon, 80 år og eldre .	42
Figur 17: Andel innbyggjarar som er bebuarar på institusjon - aldersfordelt	43
Figur 18: Fordeling av institusjonsplassar på ulike typar opphald	43
Figur 19: Figuren syner kor stor andel av mottakarar av institusjonstenester som er registrert med omfattande bistandsbehov.	44
Figur 20: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av pleie og omsorgstenester	47
Figur 21: Årsverk pr. mottakar i brukarretta tenester – PLO (Fylkesmannen sin Kostra-generator) .	47
Figur 22: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av heimetenester, kr.	48
Figur 23: Gjennomsnittleg nettoutgifter pr brukar av heimetenester – i aldersgruppa 0-66 år og 67 år og eldre.	49
Figur 24: Andel vedtakstimar til heimetenester for brukarar 0-66 år og 67 år og over	50
Figur 25: Gjennomsnittleg timar til praktisk bistand og heimesjukepleie, pr brukar pr veke	51
Figur 26: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner	52
Figur 27: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner, fordelt på funksjon.	52
Figur 28: Andel plassar i einerom og andel plassar i brukartilpassa einerom med eige bad/wc i PLO-institusjonar	55
Figur 29: Tilgjenge til lækjar og fysioterapeut på sjukeheim, timar pr veke pr bebuar.	55
Figur 30: Andel av alle brukarar – eksklusiv brukarar med langtidsopphald på institusjon – med individuell plan.	56
Figur 31: Andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning	57
Figur 32: Andel årsverk i brukarretta tenester – etter utdanning	58
Figur 33: Legemeldt sjukefråvær av totalt antal årsverk i brukarretta teneste.	59

TABELLAR:

Tabell 1: Folketalsutvikling i Jølster i perioden 2001-2011. Absolutte tal.....	11
Tabell 2: Estimert folketalsutvikling i Jølster 2011-2040 – fordelt på ulike aldersgrupper	11
Tabell 3: Rekneskapstal PLO 2010. (Tal i heile 1.000 kroner).	14
Tabell 4: Fråværsstatistikk for m.a. Pleie- og omsorg i Jølster kommune.....	15
Tabell 6: Faktisk folketalsutvikling i Jølster i perioden 2001-2011	24
Tabell 7: Estimert folketalsutvikling i Jølster – alternativ MMMM – 2011-2040, fordelt på aldersgrupper.....	24

1 INNLEIING: VIKTIGE FUNN OG OM TENESTEANALYSAR

I dette kapittelet er sentral overordna *funn* frå kapittel 7 i revisjonsrapporten dregne ut, og presentert for å kunne gje ei rask oversikt over rapporten. *Vurderingane* som er gjorde av funna, finn ein fortløpande i kapittel 7.

Det er i dette kapittelet vidare gjort greie for kva *tenesteanalysar* er for noko og kva dei kan nyttast til. Endeleg er sentrale *ord og uttrykk* i rapporten definert.

1.1 Viktige funn i revisjonsrapporten – KOSTRA-analyse av PLO:

Denne rapporten er ein såkalla tenesteanalyse der ressursbruken innan tenesteområdet av PLO i Jølster i perioden 2008-2010 skildra, gjennom statistikk henta frå KOSTRA. Nedanfor er viktige funn i rapporten dregne ut og presenterte:

Jølster har i dag ein større andel **innbyggjarar 80 år eller eldre** enn snittet for kommunegruppa, fylket og landet sett under eitt. Sjølv om folketalet i Jølster har halde seg stabilt dei siste ti åra, er det forventa ein *auke i folketalet på kring 500 personar fram til 2040*, og det er gruppa middelaldrande og eldre som vil auke mest. Behovet for pleie- og omsorgstenester er såleis aukande i tiåra som kjem.

Jølster sine **driftsutgifter for PLO samla** - både pr innbyggjar 67 år og eldre (prioritering) - og pr brukar av kommunale pleie og omsorgstenester (produktivitet) - ligg rett over snittet for landet sett under eitt.

Kommunen har låge **utgifter knytt til institusjon** pr innbyggjar 67 år og eldre (prioritering). Når det gjeld utgifter pr brukar på institusjon (produktivitet) ligg kommunen likevel på snittet for landet og fylket.

Jølster kommune særmerkar seg den andre vegen gjennom at kommunen i **heimetenestene** har høgast nettoutgifter pr. innbyggjar i aldersgruppa 67 år og eldre (prioritering) av dei samanlikna kommunane; nesten dobbelt så høgt utgiftsnivå som landssnittet. Også pr brukar (produktivitet) i heimenestene har Jølster høgast korrigerte brutto driftsutgifter; kr 288 000 – som er kr 100 000 over landssnittet.

Også netto driftsutgifter til heimenester fordelt på Kostrafunksjonane internt i PLO, er i ein særklasse høge i Jølster (82% av utgiftene innan PLO går til heimenestene åleine, mot eit landssnitt på 49%). Ut frå dette kan ein spørje seg om det ikkje er rett å seie at Jølster er ein såkalla **Heimenesteorientert** kommune, slik denne typen kommunar er kommetert nærare i teksten.

Jølster har høg samla **dekningsgrad** då ingen annan av dei samanlikna kommunane tildeler så mange innbyggjarar i aldersgruppa 80 år eller eldre pleie og omsorgstenester av noko slag (58% i denne aldersgruppa mottok slike tenester, mot 48% i landssnitt). Kommunen har også ein svært høg del brukarar som bur i omsorgsbustader med heildøgns bemanning (25% mot 3,8% på landssnitt).

I Jølster er både andelen *innbyggjarar* i aldersgruppene 0-66 år og 67-79 år som mottar heimenester, og omfanget på faktiske *brukarar* av heimenester i aldersgruppene 67-79 år og 80 år + i begge tilfella over snittet for landet.

At Jølster kommune har ressurskrevjande brukarar som mottok heimenester, syner att m.a. i følgjande:

- Høg andel brukarar med "omfattande hjelpebehov" - 21%; dobbelt så mykje som i nabokommunane
- Kommunen tildeler fleire timar heimesjukepleie pr brukar enn andre kommunar; 7,4 t/v mot 4,5 t/v i landssnitt
- 50% av innbyggjarane over 80 år mottek *heimetenester*, og dette er vesentleg høgare enn landssnittet (34,6%)

Omvendt av for heimetenestene: Jølster kommune har lågast dekningsgrad på *institusjonstenester* av dei samanlikna kommunane, men med fleire "tidsavgrensa plassar" og færre "øvrige plassar" enn dei kommunen er samanlikna med. Talet på institusjonsbebuarar med omfattande bistasbehov er også lågt, trass i at det er mange eldre i kommunen og etter måten få institusjonsplassar tilgjengeleg.

Kvalitetsindikatorar:

Jølster kommune har 100% dekning på *plassar i einarom* i pleie og omsorgsinstitusjonar – og har også 100% plassar i *brukartilpassa rom*. Dette er betre enn landssnittet.

Derimot er legedekninga ved sjukeheimane i Jølster (0,12 t/v) dårlegare enn landssnittet (0,36 t/v).

Jølster har eit tal årsverk i brukarretta tenester *med fagutdanning* (74%) som er på landssnittet; men dette har vore svakt nedadgåande i perioden 2008-2010.

Det samla *sjukefråveret* i dei brukarretta tenestene i Jølster er lågare (6,3%) enn landssnittet (8,4%) – og er også lågare enn det samla sjukefråveret for Jølster kommune (6,87%). Sjukeheimen på Skei og Sjukeheimen på Vassenden utmerkar seg likevel med å ha høgast sjukefråvær (kring 10,5%) i dei brukarretta tenestene i kommunen.

Lønsutgiftene pr kommunalt årsverk i Jølster (kr 558 000) er høgare enn i både Naustdal og Gaular – og *årsverkverknaden* på 0,44 årsverk pr mottakar i brukarretta tenester er litt under landssnittet (0,47).

Endeleg spør vi oss i rapporten om føringspraksis/evt. feilføring kan forklare enkelte av dei intuitivt iaugefallande funna i rapporten:

- Fordeling av type plassar på institusjon (jf figur (18))
- Tilgjenge til lækjar og fysioterapi på sjukeheim (jf figur 29)

1.2 Revisjonsrapport - ikkje forvaltningsrevisjonsrapport

Denne rapporten er ein **revisjonsrapport**. Ordinært er det *forvaltningsrevisjonsrapportar* som vert laga på tingingar frå kontrollutalet; tingsdokumentet for denne spesifikke revisjonen er då opphavleg også tinging av *forvaltningsrevisjon*. Men som meddelt sekretariatet pr mail frå oss 03.11.2011, så er datagrunnlaget som skal analyserast – innrapporterte tal frå kommunen som grunnlag for KOSTRA/IPLOS – av ein slik karakter at ein ikkje utan vidare kan seie at desse kjeldene som grunnlag for såkalla revisjonskriterium er *autoritative*. Dette er eit krav etter RSK 001 (Standard for Forvaltningsrevisjon) om rapporten skal ha status som forvaltningsrevisjonsrapport.

For kontrollutvalet vil det at rapporten ber overskrifta revisjonsrapport og ikkje forvaltningsrevisjonsrapport, ikkje ha noko større å seie for verdien av produktet vi leverer: Den presenterte statistikken og analysane som vert gjort, vil vere like fyllestgjerrande og opplyssande, uansett. Til det kjem at vi i rapporten i praksis har handsama datagrunnlaget like metodisk strengt som vi gjer om det er ein forvaltningsrevisjon vi har gjennomført. Dermed kokar det heile ned til at

vi som revisjonseining har hærande fri ved evt. internkontroll hjå oss – ved å nytte nemninga revisjonsrapport, sidan KOSTRA- og IPLOS-tal ikkje er eintydige og objektive storleikar nok til å kunne seie at revisjonskriteria er utleia av eller grunngjeve i, autoritative kjelder.

1.3 Tenesteanalyse av PLO gjennom bruk av KOSTRA- og IPLOS-statistikk

Denne Revisjonsrapporten omhandlar *ressursbruk i Pleie- og omsorgstenesta* i (2008-) 2010 i Jølster kommune og dei kommunane det er naturleg å samanlikne seg med, basert på samanstilling av statistiske data frå KOSTRA/IPLOS .

Metodisk ligg revisjonsrapporten elles tett opp til standarden KS (gjennom KS – Effektiviseringsnettverkene) nyttar for utarbeiding av såkalla "*tenesteanalysar*" i kommunal forvaltning i Noreg. Datagrunnlaget for analysen er stort, og kommunale pleie- og omsorgstenester utgjer ein komplisert og samansett meny, og kommunar har ulik vekting og samansetjing av tenester. Ved utarbeiding av rapporten har siktemålet vore å vise dei *viktigaste indikatorane*, inndelt i dimensjonane:

- **Behov**
- **Prioritering**
- **Dekningsgrad**
- **Produktivitet...**

... for slik å få auka innsikt i samanhengane mellom ressursinnsats, resultat og kvalitet. Vi skuldar å gjere merksam på at det er *det samla tenestetilbodet* til ulike aldersgrupper som må vurderast, og ein bør t.d. ikkje vurdere heimetenester og institusjonstenester kvar for seg, men sjå tenestetilbodet som ein heilskap.

I KS Effektiviseringsnettverk er noko av målet med å gjennomføre tenesteanalysar, der tilsette i kommunane sjølve er med i nettverksgrupper der slike analysar vert utarbeidde, at deltakarane får **auka kunnskap og medvit om tenester og praksis i eigen kommune, og at lærdomen har overføringsverdi og kan nyttast når deltakarane kjem "tilbake til kvardagen"**.

I tråd med dette: Noko av intensjonen med denne revisjonsrapporten og utarbeidinga av tenesteanalysen, er at kommunen sine politikarar og administrasjon får eit statistisk oversyn over status innan PLO i Jølster kommune. Dette kan så danne basis for dialog og arbeid med funna frå rapporten, som ledd i å finne forbettringsområde og tiltak/endingar som bør følgjast opp. Skilnadene i funna mellom dei samanlikna kommunane kan gje indikasjonar på om Jølster "har noko å hente" ved å endre praksis i form av betra tenesteyting og/eller effektivisert ressursbruk. Endeleg vil det vere mogeleg for kommunen sjølve å gjennomføre eit tilsvarende statistisk-metodisk opplegg seinare, etter mal frå denne revisjonsrapporten, om det er ynskjeleg.

Det er viktig å understreke at presentasjon og tolking av statistikk, som denne revisjonsrapporten er, *ikkje* åleine kan gje eit samla bilete av den faktiske stoda innan PLO i Jølster. Dei ansvarlege for tenesta i kommunen vil kunne gje eit kompletterande og utdjupande bilete, "dei kjenner best kor skoen trykkjer", basert på erfaring frå drifta over tid. Av den grunn har det frå revisjonen si side alt frå starten av blitt lagt opp til dialog med dei røyvde i kommunen; m.a. er kommunen som eit bakteppe bedne om å gje eit overordna bilete av karakteristikum ved PLO i Jølster, noko som ikkje nødvendigvis kan lesast ut av det statistiske materialet isolert sett.

1.4 Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten

KOSTRA står for KOmune-STat-RApportering (sjå del 5ff.).

Kommunegruppe 2 (sjå KOSTRA): Små kommuner med middels bundne kostnader per

- ❖ Innbygger, middels frie disponible inntekter¹.
 - I Sogn og Fjordane gjeld dette i 2010 kommunane Jølster, Naustdal, Gaular, Fjaler og Leikanger.
- ❖ **IPLOS:** IPLOS er nemninga på et nasjonalt helseregister som skal danne grunnlag for nasjonal statistikk for pleie- og omsorgssektoren. Det er et verktøy for dokumentasjon, rapportering og statistikk for kommunane og for statlige styresmakter.
- ❖ **KS:** Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon
- ❖ **PLO:** Pleie- og omsorg. Eit av fleire administrative tenestoområde i kommunen.
- ❖ **Tenesteanalyse** er ei systematisk og balansert vurdering og tolking av tenesta sine einskilddelar og heilskap. Analysen skal ideelt sett fungere som et strategisk og fagleg grunnlagsdokument for dialog om forbetningsområde i tenesta.

NB! Dataene for 2010 i KOSTRA er oppdatert med ny kommunegruppering. For tidligere årgangar er data inndelt etter førre gruppering². Dette gjeld i praksis for Jølster, som har samanlikning for fleire år; 2008-2010. *Førde* kommune er også teken med i oversikta, sjølv om den i tala for 2010 soknar til kommunegruppe 8, av di det i oppstartsmøtet kom fram at kommunen i det daglege ofte samanliknar seg med Førde.

1.5 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne revisjonsrapporten

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig; og sjølv om dette er ein revisjonsrapport har vi lagt den same strenge uavhengigheitsvurderinga til grunn som ved ein forvaltningsrevisjonsrapportar. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Vi ser etter kriteria i ovannemnde rettskilder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit i utføringa av denne revisjonsrapporten.

2 TYPE REVISJON OG RETTSLEG FORANKRING AV REVISJONSRAPPORTEN

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Jølster kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging; seinast gjennom justert tinging frå kontrollutvalet gjennom SEKOM, datert 30.06.2010: "*Verknad av organisasjonsendring ved Pleie- og omsorgstenesta i 2006*".

Som omtalt ovanfor (i del 1.3) var denne tinginga bestilt som ein *forvaltningsrevisjon* – men har, av grunnar som er nemnde, fått status som **Forvaltningsrapport**.

¹ KOSTRA publisering 15. juni 2011 - Veiledning til bruker

² Jf; KOSTRA publisering 15. juni 2011 - Veiledning til bruker

2.1 Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommuneleova § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommuneleova § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at forvaltningsrevisjon skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar.

2.2 KRYSS-Revisjon

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommuneleova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

3 OM DEN REVIDERTE EININGA – JØLSTER KOMMUNE

Jølster kommune presenterer seg sjølv slik på heimesida si – www.jolster.kommune.no :

"Sentralt i Sogn og Fjordane

Jølster ligg midt i Sogn og Fjordane. Kommunen dekkjer eit areal på 671 kvadratkilometer. Av dette er 90 kvadratkilomter isbrear og 43,5 kvadratkilometer ferskvatn.

Busetnaden i kommunen ligg rundt det ca 3 mil lange Jølstravatnet, i Stardalen som skjer inn mot Jostedalsbreen i aust, og vestover mot Moskog i Førde kommune. Jølster kommune har satsa på oppbygging av bustadfelt, skular og servicetilbod i dei to tettstadane Vassenden og Skei som er kommunesenteret. Kommunen har 2 skulekrinsar og 2 kyrkjesokn. Soknekyrkjene ligg på Ålhus og Helgheim. Ålhus sokn dekker den vestlege delen av kommunen medan Helgheim sokn er den austlege delen.

Frå Jølster er det kort veg til regionsenter både i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. Særleg viktig for kommunen er tilboda i Førde. Frå Vassenden er det kring 20 minutt køyretid og frå Skei er det ca 40 minutt. Elles er det frå Skei mellom 30 og 45 minutt både til Sandane i Gloppen kommune og til Sogndal".

3.1 Folkemengd og befolkningssamansetjing i Jølster

Nedanfor er det gjeve oversyn over folketalet i Jølster, i absolutte tal, dei siste 10 åra.

ÅR	FOLKETAL
2001	2 968
2002	2 978
2003	2 974
2004	2 914
2005	2 918
2006	2 918
2007	2 928
2008	2 929
2009	2 950
2010	2 981
2011	3 021

Tabell 1: Folketalsutvikling i Jølster i perioden 2001-2011. Absolutte tal

(Kjelde: <http://ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1431.html>)

Nedanfor finn du eit estimat for folketalsutviklinga i Jølster, fordelt på aldersgrupper, for tidsperioden 2011-2040

		2011	2015	2019	2023	2027	2031	2035	2040
0-9 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	413	412	417	433	446	444	432	414
10-19 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	446	423	433	421	419	423	441	446
20-29 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	339	376	395	406	395	387	374	374
30-39 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	357	361	381	410	425	422	405	384
40-49 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	418	426	438	418	423	438	449	448
50-59 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	361	396	411	442	439	432	423	432
60-69 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	307	346	347	358	384	415	420	420
70-79 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	190	206	259	285	313	304	337	363
80-89 år	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	139	122	116	134	155	191	220	227
90 år eller eldre	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	51	43	37	41	35	44	46	62


Tabell 2: Estimert folketalsutvikling i Jølster 2011-2040 – fordelt på ulike aldersgrupper

(Kjelde:

<http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/temp/20111111125846185513740Framskr2011T2.xls>)

3.2 Fakta – Jølster kommune som organisasjon³

3.2.1 Pleie og omsorg – organisering



Figur 1: Organisasjonskart Pleie- og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta i Jølster kommune er organisert i to soner, Vassenden og Skei. Teneste til psykisk utviklingshemma, vaksne, er del av pleie- og omsorg og organisert på Skei. Alle einingane har tenesteleiar som rapporterar til rådmann (rådgevar). Tenesteleiar har det overordna ansvar for dagleg drift i si eining. Tenesteleiar har personal- og økonomiansvar.

Skei omsorgssenter:

Bufellesskap med heildøgns omsorg og pleie. I omorganiseringa i 2006 vart Skei sjukeheim omgjort til omsorgsbustadar. Målet var å redusere frå 28 til 23 plassar, men det har ikkje vore mogleg å gjennomføre. 3 rom er framleis nytta som dobbeltrom.

Kommunen har eitt produksjonskjøkken som lagar (varm)mat til begge omsorgssentra, samt til heimebuande i heile kommunen.

- Skei bufellesskap: 28 bebuarar, der av 1 enkelttiltak / ressurskrevjande brukar
 - 21 årsverk: 6,02 sjukepleiar, 12,09 hjelpepleiar, 2,85 assistent
- Produksjonskjøkken Skei, mottakskjøkken Vassenden: 5 årsverk
 - 2,0 kokk, 2,96 assistent
- Vaskeri: 1,4 årsverk assistent
- Reinhald: 1,5 årsverk assistent
- Arbeidsstova: 0,5 årsverk aktivtør
- Sekretær: 1,0 årsverk, felles med bufellesskap, kjøkken, Skei heimeteneste og Heimly

Tenestene ved bufellesskapet vert definerte / rapporterte som heimeteneste.

³ Teksten under denne overskrifta er levert av Rådgevar ved PLO, Kjerstin Bruland.

Vassenden omsorgssenter:

I Vassenden omsorgssenter er kommunen sin sjukeheim organisert, i tillegg til omsorgsbustadar med heildøgns omsorg og pleie. Omsorgssenteret har mottakskjøkkenet som lagar kald mat til bebuarane. Tilsette på mottakskjøkkenet er organisert under produksjonskjøkkenet på Skei omsorgssenter.

- Vassenden sjukeheim: 9 plassar; 4 korttid / rehabilitering, 5 langtid
- Vassenden bufellesskap: 8 omsorgsbustadar
 - 16,76 årsverk: 6,86 sjukepleier, 9,25 hjelpepleiar, 0,65 assistent
- Reinhald: 1,5 årsverk assistent
- Aktivitetssenter: 0,5 årsverk aktivitør
- Sekretær: 1,0 årsverk

Tenestene ved bufellesskapet / omsorgsbustadane vert definerte / rapporterte som heimeteneste.

Heimetenestene:

Heimetenestene er delt i sone Skei og sone Vassenden med kvar sin tenesteleiar. Heimetenestene organiserar heimesjukepleie og heimhjelp til heimebuande og i dei frittstående omsorgsbustadane (ikkje bufellesskapa).

Heimetenesta har ikkje natteneste. Omsorgsbustadane ligg i nærleiken eller tilknytning til omsorgssentra og kan få tilsyn på natt etter avtale / tilkalling.

Heimetenestene opplever ei auke i søknadar om både heimetenester, omsorgsbustadar og institusjonsplass. Tenesta har fleire ressurskrevjande brukarar. Ein prøver å få til ei fast rullering på avlastningsordninga for nokre av desse ut i frå behov, men og for å fordele ressursbruken i tenesta.

Heimetenesta Skei:

16 omsorgsbustadar

Brukarar (2010 tal):

- 55 brukarar
- 23 tryggleiksalarmar
- 180 tildelte timar pr. veke

Tilsette:

- 8,4 årsverk
 - 4,1 sjukepleiar
 - 2,6 hjelpepleiar / omsorgsarbeidar
 - 1,7 assistent

Heimetenesta Vassenden:

25 omsorgsbustadar

Brukarar (2010 tal):

- 58 brukarar
- 25 tryggleiksalarmar
- 190 tildelte timar pr. veke

Tilsette:

- 8,32 årsverk
 - 4,25 sjukepleiar
 - 2,57 hjelpepleiar
 - 1,50 assistent

Vedtaksteamet i kommunen:

- 4 tenesteleiarar i pleie- og omsorgstenesta
- sekretær / konsulent med god kjennskap til lovverket
- handsamar søknadar og tildeler pleie- og omsorgstenester

Heimly bufellesskap:

Teneste til vaksne psykisk utviklingshemma.

5 husvære i rekkjehus + personaldel. Leigekontrakt med Heimly Bustadstifting.

Heildøgnsbemanning. Stor grad av ufaglært personalet, men stabil personalgruppe med lang erfaring.

Krav i Lov om sosiale tenester § 4A (tiltak med bruk av tvang og makt) gjer at ein må søkje

Fylkesmannen om dispensasjon frå utdanningskravet på 11 tilsette. Ein tilsett tek

vernepleiarutdanning og ledige assistentstillingar vert vurdert omgjort til fagstillingar.

Avdelingar:

Heimly:

- 1,2 årsverk vernepleiar
- 0,24 årsverk omsorgsarbeidar
- 3,22 årsverk assistent

Heimly ungdomsbustad, enkelttiltak:

- 0,83 årsverk vernepleiar
- 2,0 årsverk hjelpepleiar
- 1,21 årsverk assistent

Dei ulike einingane samarbeider på tvers, både i fht brukarar og personalet. Sjukepleiar på vakt har bakvakt for eining utan sjukepleiar på vakt i same sone.

3.2.2 Rekneskapstal Pleie og omsorg 2010

Økonomi				
Page Navigation				
Rekneskap 2010 – samla oversikt				
Ansvarsnr	Ansvar	R2010	B2010	Avvik i kr
300	Rådgjevar helse og sosial	999	998	-1
312	Leiande helsesøster	1 684	1 758	74
313	Leiande fysioterapeut	887	962	75
320	Kommunelege 1	3 102	3 083	-19
340	Leiar psykisk helsevern	4 036	4 180	144
350	Sosialeiar	9 213	9 662	449
361	Flyktningebusetting	-1 160	- 581	579
371	Leiar for heimetenesta, Skei	5 044	5 186	142

Side 9

Jølster kommune

Årsmelding

2010

372	Leiar for omsorgssenter, Skei	15 375	14 616	-760
373	Rettleiar, Heimly	4 546	4 815	269
381	Leiar for heimetenesta, Vassenden	3 632	4 596	964
382	Leiar for omsorgssenter, Vassenden	12 091	11 780	-311
		59 449	61 054	1 605

Tabell 3: Rekneskapstal PLO 2010. (Tal i heile 1.000 kroner).
(Kjelde: Årsmelding Jølster kommune 2010)

Fråværsstatistikk 2010

Ressnr	Ressnr(T)	%
23210	Helsestasjon og skulehelseteneste	8,78
23420	Aktivitetssenter funksjonshemma	0,00
23440	Dagsenter - psykiatri	3,90
23460	Frivillighetssentralen	0,00
24110	Legesenter	0,15
24160	Fysioterapi	0,60
24180	Psykiatri	8,28
24220	Tiltak flyktningar	0,00
24250	Sosialkontor	0,15
24401	Barneverntenesta	0,07
25301	Skei sjukeheim	10,50
25302	Vassenden sjukeheim	10,52
25420	Heimesjukepleie Skei	4,14
25421	Heimesjukepleie Vassenden	9,56
25430	Heimehjelp Skei	8,06
25431	Heimehjelp Vassenden	3,74
25432	Heimly	5,36

Tabell 4: Fråværsstatistikk for m.a. Pleie- og omsorg i Jølster kommune
(Kjelde: Årsmelding Jølster kommune 2010)

3.2.4 Sjukefråversutvikling – Jølster kommune

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Sjukefråver i prosent	9,55	7,96	5,81	8,01	7,84	8,2	6,87

Tabell 5: Utviklinga av sjukefråveret for Jølster kommune i perioden 2004-2010.
(Kjelde: Årsmelding Jølster kommune 2010)

4 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I REVISJONSRAPPORTEN

4.1 Formelt om tinginga av (forvaltnings-)revisjonen

Bakgrunnen for det som opphavleg hadde status som eit forvaltningsrevisjonsprosjektet, går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat av 30.06.2010. Det vert der synt til kommunestyrevedtak 07/09.

4.2 Tingingsdokumentet frå SEKOM

4.2.1 Føremål – problemstillingar – og avgrensingar av prosjektet

Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet – seinare justert til revisjonsrapport (jf del 1.3) – går fram av *tingingsdokumentet* av 30.06.2010. Tingingsdokumentet seier at kontrollen skal avgrensast til **følgjande tenesteeining**:

- PLO i Jølster kommune. "Dei styrande organa i Jølster kommune ynskjer å få kjennskap til verknaden av organisasjonsendringa ved pleie- og omsorgstenesta som vart gjennomført i 2006".

Tidsavgrensing: Kontrollen skal i følgje tingsingsdokumentet gjelde:

- År: "Nosituasjonen" (lese formelt: det året tinginga vart byrja skrive på, dvs i 2010).

Problemstilling:

- "Kva er nosituasjonen i høve til resultatet av KOSTRA-analysen gjennomført av KS-konsulent AS i oktober 2005.
 - Gjennomfør ei samanlikning ved KOSTRA-tala i kapittel 3 KOSTRA-analyse i rapporten "organisasjonsutvikling ved pleie- og omsorgstenesta i Jølster kommune" av KS-Advokatene AS, skriven i oktober 2005.
 - Revisor står fritt til å plukke ut dei mest relevante data for samanlikning med nosituasjonen.
 - KS-modellen for tenesteanalyse kan nyttast, men det er utelukkande kvantitative data som skal analyserast

4.3 Revisjonen si vurderingar av tingsingsdokumentet

4.3.1 Spissing av problemstillinga – endeleg problemstilling

Ordlyden i utkast til problemstilling, jf del 4.2.1, er av revisjonen spissa slik:

- "Gjennom ein komparativ tenesteanalyse skal Pleie- og omsorg i Jølster samanliknast med same tenesta i nærskyldte kommunar gjennom bruk av kvantitative KOSTRA-tal – for å vurdere korleis kommunen i 2010 ligg an knytt til: behov, produktivitet, prioritering og dekningsgrad".

Problemstillinga svarar såleis på statistisk status i pleie og omsorg i Jølster på eit gjeve tidspunkt – 2010 – og tala i rapporten vert ikkje, sjølv om dei omhandlar same tematikk, direkte samanlikna med tala i den nemnde rapporten skriven av KS-Advokatene AS. Dette skuldast at organiseringa av

talmaterialet ikkje er nødvendigvis direkte samanliknbart tidsperiodane mellom, og at det alltid vil vere skjønnt knytt til kva indikatorar ein tykkjer gjev mest mogeleg representativt bilde av eit tenestekområde. Kostraindikator-setta er dessutan også under stadig revisjon. Endeleg er Kostra-tal "ferskvare", slik at tala for 2005 har venteleg avgrensa verdi i høve til dei presenterte tala i denne rapporten, (2008-)2010, også for å forklare kva omorganiseringa av tenesta måtte ha ført til fram til i dag.

4.3.2 Implikasjonar ved problemstillinga: Kva funn kan den gje svar på?

Revisjonen les problemstillinga til, for det første, å vere av *deskriptiv* (skildrande) karakter. Det vil seie at vi gjennom talmaterialet skal gje ein faktuell, talmessig status over tenestekområdet slik det er – avgrensa til ein gjeven tidsperiode. Men statistiske data er "harde data", og gjev ikkje uttrykk for t.d. brukarar sine *opplevingar* av eller *kvaliteten* på kommunale tenester. Der funna i talmaterialet gjer det naturleg, stiller revisjonen "*spørsmål til refleksjon*": Dette er spørsmål kommunen kan fundere over som ledd i vurdering og analyse av noverande situasjon i eininga PLO, og kva ynskje ein har frametter.

Ei slik deskriptiv tilnærming på rapporten er noko anna enn ei rein *normativ* tilnærming – som i tillegg til å skildre den faktiske tenestesituasjonen og kva variasjonar som finst – gjerne har karakter av å kome med detaljerte tilrådingar eller er instruerande i høve til løysingstiltak som ledd i å endre ein situasjon/tilhøve/praksis i retning: slik noko *bør vere*. Uansett, ein må først gå vegen om å søkje å *skildre* tilhøva slik dei er – før ein kjem med for bombastiske tiltakspakkar. Eller – biletleg sagt: Ein må stille diagnosen før ein føreskriv medisin.

4.3.3 Tenesteanalyse – kva er det?

Denne revisjonen er gjennomført som ein tillempa tenesteanalyse. Definisjon av ein *analyse* er: "*Undersøkelse som består i at noe sammensatt oppløses i enkelte bestanddeler*". Ei tenesteanalyse er ei systematisk og balansert vurdering og tolking av tenesta sine einskilddelar og heilskap. Analysen skal ideelt sett fungere som eit strategisk og fagleg grunnlagsdokument for dialog om forbettringsområde i tenesta, der sentrale aktørar er politikarar, tenesteleiarar og rådmannsnivå i kommunen.

Føremålet med analysen er generelt å få oversikt over og kunnskap om tenesta si:

- Styrke
- Svakheiter
- Forbettringspotensial
- Ei vurdering av og val av forbettringsområde

Den metodiske *rekkefølga* i ein slik tenesteanalyse er:

- Først: **Skildre** – kva syner KOSTRA-indikatorane knytt til:
 - *Prioriterer vi tenestene i forhold til andre tenester i kommunen?*
 - *Rettar vi ressursane mot de prioriterte målgruppene?*
 - *Produserer vi tenestene på en produktiv og effektiv måte?*
- Dinest: **Drøfte/vurdere funna**
Når ein drøftar/vurderer Kostra-tal, må ein vere seg medviten:
 - Kva ligg bak desse variasjonane ein avdekkjer i Kostra-tala?
 - Er det andre forhold som er medverkande til at tala evt. ikkje kan samanliknast?
 - Er det behov for å rette opp nøkkeltal (feilrapportering) i den einskilte kommune?

- Kva syner kartlegginga av kvalitet, gjennomgang av likskap og variasjon?
 - Er det nokon samanheng mellom produktivitet, dekningsgrad, prioritering og kvalitet?
 - Kva kritiske suksessfaktorar kan vere sentrale i å forklare resultat?
- Til sist: **konkludere**: Konsekvensar – kva avgjerder må fattast? – retning!
- Kva tiltak, erfaringar og læring kan overførast?
 - Kva konkrete mål bør det einskilde tenesteområde og kommunen under eitt sette seg?

Problemstillinga, slik den er utforma, inneber at vi i denne revisjonsrapporten først og fremst vil ha fokus på første hoved-kulepunkt ovanfor (skildre) og i nokon grad på andre hoved-kulepunkt (drøfte/vurdere). Tredje hovud-kulepunkt, som m.a. handlar om kva tiltak ein må sette i verk som følge av analysen – ligg utanfor revisor si oppgåve å svare på, og er meir av politisk karakter.

5 KVA KAN TENE SOM FAGLEG REVISJONGRUNNLAG

5.1 KOSTRA-tal eigna som ”revisjonskriterium” ?

Ettersom dette er ein revisjonsrapport, og ikkje ein forvaltningsrevisjonsrapport, så blir det ikkje stilt så strenge revisjonsfaglege krav som ved forvaltningsrevisjonar som byggjer på RSK 001: Mellom anna skal det i slike tilfelle ut frå såkalla revisjonskjelder utleiast eksplisitte revisjonskriterium, dvs *dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.*

I denne revisjonsrapporten, med analyse av KOSTRA-tal for PLO i Jølster, blir ”revisjonskriteria” praktisk talt, å sjå på **korleis fordelingane** er for KOSTRA-tala for Produktivitet, Dekningsgrad, Prioritering og Behov i høve til ”snittet” for kommunar det er naturleg å samanlikne seg med – m.a. og snitt for kommunegruppa, fylket og landssnittet.

5.2 KOSTRA

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon om kommunal verksemd. Målet med innføringa av KOSTRA var å systematisere og samordne økonomi- og tenesterapportering frå kommunane til staten. Målet har vore å gjere eksisterande data betre tilgjengeleg og å samanstille dei på ein meningsfull måte. Informasjonen er meint å gje betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og sjå om nasjonale mål blir oppnådde.

Det blir rapportert to typar data til KOSTRA – *rekneskapsdata* frå kommunen sitt kommunerekneskap og *tenestedata*. Det er desse tala som dannar grunnlag for nøkkeltala og grunnlagstala som blir presentert i KOSTRA. Når kommunane rapporterer sine rekneskapsdata til SSB, skal utgifter og inntekter førast i/grupperast i faste definerte funksjonar. På denne måten blir det mogeleg å samanlikne tala mellom kommunar og over tid. For eksempel skal kommunane rapportere sine utgifter til aktivisering av eldre og funksjonshemma (t.d. matombringing) på Funksjon 234, uavhengig av korleis kommunen har organisert denne tenesta. Med slik kategorisering har ein forsøkt å gjere KOSTRA-rapporteringa organisasjonsnøytral.

Statistisk Sentralbyrå har gruppert dei 434 kommunane i landet inn i 28 kategoriar, etter folkemengde og økonomiske rammeføresetnader.

- *Det skilles mellom små, mellomstore og store kommuner. Små kommuner har færre enn 5000 innbyggere, mellomstore har fra 5000 til 19999 innbyggere, mens store kommuner har 20000 eller flere innbyggere.*
- *Bundne kostnader per innbygger er et mål på kommunenes kostnader for å innfri minstestandarder og lovpålagte oppgaver.*
- *Frie disponible inntekter per innbygger er et mål på hvor mye inntekter kommunene har til disposisjon etter at de bundne kostnadene er dekket, og gir en antydning av kommunenes økonomiske handlefrihet.*

Vi har i denne revisjonen tatt utgangspunkt i dei KOSTRA-funksjonane som SSB/Kostra har definert som Pleie- og omsorgstenester:

Funksjon 234: Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede⁴

Funksjon 253: Pleie, omsorg, hjelp og re-/habilitering i institusjon

Funksjon 254: Kjernetjenester knyttet til pleie, omsorg, hjelp til hjemmeboende

Funksjon 261: Institusjonslokaler


Nokre gonger er nøkkeltal henta direkte frå Kostra nivå 2, andre gonger er samanstillingar komne fram ved å kople data frå Kostra nivå 2 og 3 (noko som gjer at det i desse situasjonane ikkje nødvendigvis finst tal på alle grafane i figurane).

KOSTRA systematiserer kommunane si rapportering til Statistisk sentralbyrå i tre typar indikatorar og nøkkeltal (sjå figur 2 nedanfor):

- Kommunane si **prioritering** av tilgjengelege ressursar (kommunens ressursinnsats)
- **Dekningsgrad** for aktuelle tenester (tilgjenge til tenestene)
- **Produktivitetsindikatorar**

KOSTRA fangar dermed opp tre *føresetnader for effektivitet*:

1. Retter vi ressursane mot dei prioriterte målgruppene?
2. Tilbyr vi tenester til brukarane som har behov for dei?
3. Produserer vi tenestene på ein produktiv (kostnadseffektiv) måte?



Figur 2: Forholdet mellom prioritering, produktivitet og dekningsgrad

⁴ Funksjon 254, tjenester til hjemmeboende omfattar følgjande støttetjenester utover praktisk bistand og hjemmesjukepleie: Brukerstyrt personlig assistent; Avlastning - utenfor institusjon ; Omsorgslønn

Produktivitet:

Dette er forholdet mellom produsert mengde av tenester og omfanget av innsatsfaktorar som er blitt brukt under produksjonen. I KOSTRA brukar ein Korrigerte brutto driftsutgifter. Dette omfattar driftsutgiftene ved kommunen sin egen tenesteproduksjon pluss avskrivningar minus dobbeltføringar i dei kommunale rekneskapa som skuldast vidarefordeling av utgifter/internkjøp mv.

Dekningsgrad:

Prinsipielt skal dekningsgrad seie noko om i kor stor grad behovet for ei bestemt teneste blir dekket. I KOSTRA brukar ein indikatorar for andel innbyggjarar i sentrale målgrupper som har teneneste. I pleie og omsorg blir desse nøkkeltala brukt til å vise kapasitet i tilbodet.

Prioritering:

Prioritering speglar korleis kommunen (gjennom politiske vedtak) velgjer å disponere dei tilgjengelige økonomiske ressursane. I KOSTRA er dette netto driftsutgifter pr. innbyggjar i målgruppa. Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som m.a. inneheld øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter/eigenbetalingar er trekt frå. Dei resterande utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten m.v. Utgiftsrammene i den enkelte kommune er grunnlaget for nivået på prioritering, og skilnader mellom kommunar skuldast erfaringsvis ulikt inntektsnivå.

6 METODE

Denne revisjonsrapporten er altså ein komparativ analyse mellom Jølster og andre kommunar det er naturleg å samanlikne denne med. Datagrunnlaget som ligg til grunn for tenesteanalysen er offentlig statistikk, innrapportert frå den reviderte kommunen sjølve gjennom dei pålagde KOSTRA- og IPLOS-rapporteringane.

Hovudsakleg er nøkkeltala som vert brukt i prosjektnotata basert på Statistisk sentralbyrå sine KOSTRA-faktaark.⁵ Ikkje alle nøkkeltal finst i desse fakta-arka direkte, noko er utrekna for analyse med utgangspunkt i "grunnlagsdata" som SSB har lagt ut på internett.⁶ Nokre av befolkningstala er henta frå andre kjelder i SSB, og der er kjeldene oppgjevne.

Vi har nytta KOSTRA-tal for året 2010 (presentert 15.06.2011), utarbeidd av Statistisk Sentralbyrå og utlagt på deira heimesider (www.kostrano.no/ssb), for å svare på problemstillinga. For å kunne gje eit statistisk bilete av situasjonen i kommunen ut over berre eit "øyeblikksbilete" – er det i tillegg til tal for 2010 (dvs dei siste tilgjengelege tala ved oppstart av forvaltningsrevisjonen) også teke med samanliknbare tal for åra 2008 og 2009 for Jølster kommune sitt vedkomande. Slik er det mogeleg å danne seg eit bilete av utviklinga over tid. Denne statistikken er så henta inn i anten ein såkalla statistikk-generator utarbeidd av Fylkesmannen i Nord-Trøndelag⁷, som vi har nytta til å generere nokre få av våre figurar/tabellar i rapporten. Likevel er dei fleste av figurane/tabellane som er nytta, bygd på KS, Effektiviseringsnettverkene sin kostragenerator.

⁵ Sjå: <http://www.ssb.no/kostra/>

⁶ SSB publiserer/ legg ut faktaark for kvart tenesteområde i tre nivå:

Nivå 1 gir eit fåtall overordna og aggregerte nøkkeltall for prioritering, dekning og produktivitet.

Nivå 2 inneheld meir detaljerte nøkkeltall som gir høve for ei breiare analyse av ressursbruk og tenesteyting.

I nivå 3 har SSB lagt ut grunnlagstala som er brukt for utrekning av nøkkeltalla i nivå 1 og 2. Desse grunnlagstala blir brukt for å sette saman andre nøkkeltall enn dei som finst i nivå 1 og 2.

⁷ <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=2866&amid=2575483>

Fleirtalet av indikatorane er henta direkte frå nivå 2 i SSB. Nokre indikatorar er likevel rekna ut frå nivå 3/råttall. Her er det ikkje med snitt for land eller kommunegruppe i dei presenterte figurane.

6.1 Statistikk bygd på KOSTRA må lesast og tolkast med varsemd

Vi oppmodar generelt til at dei som les rapporten er noko varsam med tolking av tala, då det kan vere feil både i talgrunnlag frå kommunane til SSB og i KS sine berekningar der. Det meste av tal og figurar kjem fram etter manuelle berekningar, og dette aukar sjansen for at det kan oppstå feil.

Bruk av KOSTRA-tal har sider ved seg som ein må vere seg medvite også når denne rapporten blir lesen: KOSTRA-rapportering og -tal er enno ein "ung vitskap"; kommunane kan ha unnlåte å rapportere som dei skal og innrapporterte tal kan vere feil. Også innhenting og val av indikatorar, og måten statistikken vert generert i dei nytta statistikkgeneratorane frå KS og Fylkesmannen, samt presentasjon av talmateriale, kan ha feil og unøyaktigheiter hefta ved seg.

Til det kjem problematiseringa av kva KOSTRA-tala djupast sett *fortel*: Syner det statistiske materialet at den reviderte tenesteeininga t.d. ligg lågare enn andre kommunar på ulike verdiar på variablane ein samanliknar – så kan dette av kommuneleiinga bli lese som god økonomistyring. Ein tenesteleiar tenkjer på si side kanskje at hadde ein brukt opp heile budsjettet, så ville ein fått ytt betre tenester – medan tenestemottakaren og pårørande vil kunne hevde at kommunen brukar for lite samla ressursar på området, og at ekstraløyvingar eller budsjettoppjustering er på sin plass. Same KOSTRA-tala nytta som indikator på ressursbruken i ei eining, kan slik vurderast også i lys av "auga som ser", og dermed kven sin ståstad ein har, og ligg der ikkje berre som objektive fakta. Dersom KOSTRA-tala viser høg ressursbruk, treng dette ikkje nødvendigvis bety at ein yter gode tenester. Og omvendt: Om tala viser låg ressursbruk, kan kommunen likevel yte gode tenester. Om så er tilfelle, så seier vi at kommunen er *kostnadseffektiv*. KOSTRA-tal seier heller ikkje noko om korleis tenestetilbodet er samansett og kvaliteten på dette.

Det er også slik at sjølv for kommunar som er definert i same kommunegruppe – så som m.a. Jølster, Gaular og Naustdal – så vil det alltid vere kommunespesifikke skilnader knytt til måte å organisere seg på, naturgjevne skilnader o.a. – som gjer at kostnadsnivået vil variere – og såleis kan vere medforklarande på skilnadane i presenterte figurar og tabellar kommunane mellom.

KOSTRA-tal vil uansett berre vere ein *grov indikator* på problemstillinga; skal ein kunne seie noko meir presist om ressursbruken ved desse tenestene, må ein gjere ei meir omfemnande undersøking av organisering og drifta ved desse tenestene; eit arbeid som ligg langt forbi dei ressursane som er sett av gjennom denne revisjonsrapporten.

Endeleg må ein hugse på at KOSTRA-tala er "augneblinksbilete" og uttrykkjer ikkje, isolert sett, utvikling. Tilsvarende som for KOSTRA ligg det også potensielle feilkjelder knytt til innrapporterte IPLOS-data som ein må vere seg medvite, når ein nyttiggjer seg slikt materiale (jf òg omtale av dette i metodekapittelet).

7 PROBLEMSTILLING : FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

- Problemstilling: *"Gjennom ein komparativ tenesteanalyse skal Pleie- og omsorg i Jølster samanliknast med andre samanliknbare kommunar gjennom bruk av kvantitative KOSTRA-tal for 2010 – for å vurdere korleis kommunen ligg an knytt til behov, produktivitet, prioritering og dekningsgrad"*.

Tenesteanalysen (ressursanalysen) for PLO vil omhandle statistikk knytt til følgjande hovudområde: Behov – prioritering – produktivitet – dekningsgrad/bruksratar. Først om behov:

7.1 BEHOV

7.1.1 Innleiing: Alderssamansetjing som indikator på behov


Når vi samanliknar kommunar ved hjelp av økonomi og tenestedata, er det viktig å ta omsyn til at *utgiftsbehovet* kan vere ulikt. Variasjonar i folkemengde og -samansetjing, inntekts- og utgiftsnivå påverkar ressursbruken og tenestestrukturen på ulike tenestekområde. Når vi tolkar resultata, bør vi ta omsyn til slike "ufriviljuge" skilnader. Det er ikkje nødvendigvis slik at ulikskapar i kommunane sine føresetnader har noko å seie for effektiv ressursbruk og god tenesteyting *på den einskilde tenestestad*.

Innbyggjarane sine *behov* for tenester er eit viktig grunnlag for kva, og kor mykje, tenester som vert tilbydd. I kortversjon kan vi seie at behovet for tenester bør ha stor innverknad på kommunen si *prioritering*. Det er likevel ikkje enkelt å måle behov, eller å dokumentere kommunen sine "samla" behov på ein slik måte at det kan ha direkte nytte når ein skal gjere vedtak om prioriteringar, kapasitet og kostnader.

Behovet for tenester vert også påverka av andre kjenneteikn, og SSB sin levekårsindeks kan gje oss fleire indikasjonar på behov. I tillegg er det andre sosiodemografiske kjenneteikn som kan påverke innbyggjarane sine behov og kommunane sitt tenestetilbod, t.d. rusmisbruk og psykisk helse. Ein del slike kjenneteikn er gjensidig forsterkande, og førekjem "samtidig", og det er ikkje alltid eintydig kva som vert påverka av kva, og kva som har si årsak i ein utanforliggjande variabel. – Det vil til dømes vere vanskeleg å *talfeste* kva som påverkar kva, og med kor stor styrke når det gjeld kjenneteikn, arbeidsløyse, rus, økonomi, helse og utdanningsnivå. Det er få eller ingen objektive indikasjonar som "legitimerer" eller gjev eit eintydig bilete av kva som er riktig tenestenivå sett i forhold til innbyggjarane sine behov.

Behovet for PLO-tenester er gjennomgåande påverka av alder, og såleis har *alderssamansetjinga* blant innbyggjarane betydning for tenestetilbod og utgiftsnivå. I denne revisjonsrapporten brukar vi *alderssamansetjing* som ein indikator på behov.

7.1.2 Fakta: Tenestebehov for ulike aldersgrupper



Figur 3: Tenestebehov sett i lys av alderssammansetjing (i %) og prioritering for PLO samla, uttrykt gjennom netto driftsutgifter (i kr).
(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator).

Søyla i figuren over seier noko om alderssammansetjinga av eldre menneske blant kommunane, i kategoriane 67-79 år og 80 år og over, og om kor store desse aldersgruppene er i prosent av befolkninga.

Fakta:

Figuren syner at Jølster kommune i 2010 mykje godt ligg på snittet med dei samanlikna kommunane kva alderssammansetjing av eldre innbyggjarar vedkjem: Jølster har rett nok noko større andel (6,3%) innbyggjarar i aldersgruppa 80 år og eldre enn landssnittet (4,6%) – men for aldersgruppa 67-79 år ligg kommunen (8,5%) mest på landssnittet (8,8%).

Hovudgruppa av mottakarar av pleie- og omsorgstenester er eldre, dvs. innbyggjarar 67 år og over. Framskriving av befolkning i ulike aldersgrupper gjev viktig kunnskap ved planlegging av pleie- og omsorgstenester, og då er det også viktig å sjå på ulike aldersgrupper blant eldre.

Tidsserie Jølster:

Figuren viser at andelen innbyggjarar i Jølster i aldersgruppa 67-79 år har vore stabil i åra 2008-2010 i Jølster, frå 8,6% i 2008 til 8,5% i 2010. Tilsvarande stabile tendens ser vi òg for andelen innbyggjarar over 80 år i same tidsrom.

7.1.3 Fakta: Alderssammansetjinga i kommunen over tid som indikator på behov

Tabell 6 nedanfor gjev oversyn over folketalet i Jølster, i absolutte tal, dei siste 10 åra fram til 2011

ÅR	FOLKETAL
2001	2 968
2002	2 978
2003	2 974
2004	2 914
2005	2 918
2006	2 918
2007	2 928
2008	2 929
2009	2 950
2010	2 981
2011	3 021

Tabell 6: Faktisk folketalsutvikling i Jølster i perioden 2001-2011

(Kjelde: <http://ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1431.html>)

Fakta:

Tabell 6 over syner at folketalsutviklinga dei siste 10 åra har vore nesten uendra, likevel svakt aukande innbyggjartal til kring 3000 i 2011.

Tabell 7 nedanfor er ei befolkningsframskriving for Jølster frå no og fram til år 2040 (med middels nasjonal vekst – MMMM), fordelt på ulike aldersgrupper.

	2011	2015	2020	2025	2030	2035	2040
	Folkemengde	Folkemengde	Folkemengde	Folkemengde	Folkemengde	Folkemengde	Folkemengde
0-24 år	1048	1040	1057	1070	1074	1065	1063
25-34 år	309	342	380	399	386	373	356
35-44 år	399	409	399	417	440	441	417
45-69 år	885	949	1002	1025	1052	1065	1082
70-79 år	190	206	256	305	313	337	363
80 år eller eldre	190	165	167	178	222	266	289
SUM	3021	3111	3261	3394	3487	3547	3570

Tabell 7: Estimert folketalsutvikling i Jølster – alternativ MMMM – 2011-2040, fordelt på aldersgrupper.

(Kjelde:

<http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/temp/20111111125846185513740Framskr2011T2.xls>)

Fakta:


Tabellen syner at særleg i aldersgruppa 70-79 år og 80 år og eldre – altså dei gamle – vil folketalet auke fram mot 2040. Men også i aldersgruppa 45-69 år er auken betydeleg.

Også samla folketal vil auke frå 3021 i 2011 til forventa 3570 innbyggjarar i 2040.

7.1.4 Registrerte bistandsbehov gjennom Iplos

Gjennom Iplos kan kommunen sine vurderingar av behov dokumenterast gjennom registrering av bistandsbehov *hjá den einskilde tenestemottakar*. Dei komande figurane gjev ikkje informasjon om det samla bistandsbehovet i befolkninga, men om behovet *hjá* den delen av befolkninga som er

registrerte brukarar av pleie- og omsorgstenester i kommunen, basert på vurderinga som er gjort av kvar einskild brukar (Iplos-skår).



Figur 4: Figuren over syner korleis samtlige tenestemottakarar fordeler seg på ulike typar registrert bistandsbehov

Fakta:

Figuren over syner fordelinga av bistandsbehov hos mottakarar av tenester, kommunane mellom. Landssnittet for fordelinga av bistandsbehov syner at det er størst del brukarar med noko/avgrensa pleiebehov (44,8%). Den nest største gruppa i landssnittet er brukarar med middels bistandsbehov (31,7%). Andelen brukarar med omfattande bistandsbehov på landssnittet utgjer den minste gruppa (23,5%).

Jølster si fordeling av bistandsbehova til brukarane i 2010 følgjer ikkje landstrenden; Jølster har ei mindre gruppe brukarar med noko/avgrensa bistandsbehov (38,7%) enn landssnittet (44,8%), men særleg ein større del brukarar med middels (38,5%) bistandsbehov både i høve til dei andre samanlikna kommunane og i høve til landssnittet (31,7%). Andelen av alle brukarar med omfattande behov i Jølster (22,8%) er på landssnittet (23,5%)

Tidsserie 2008-2010

Jølster har i perioden 2008- 2010 hatt ein prosentvis nedgang i andelen av brukarar med noko/avgrensa bistandsbehov – og hatt ein *særleg auke i talet på brukarar med middels bistandsbehov*, og mest status quo i gruppa med brukarar med omfattande bistandsbehov.

7.1.5 Vurdering – Behov for tenester (jf del 7.1 ff)

Jølster kommune utmerkar seg nettopp ved å ha ei *alderssamansetning med mange gamle, særleg i aldersgruppa 80 år og over (6,3%), og ligg såleis over både landssnittet, fylkessnittet og snittet for same kommunegruppe.*

Til det kjem at statistikken dessutan syner at andelen brukarar med "middels" bistandsbehov har vore aukande blant brukarar av PLO-tenester i Jølster dei siste åra, og i 2010 var talet 38,5%, som er høgare enn alle kommunane det er samanlikna med; dette er såleis dyre brukarar å gje PLO-tenester. Kva er så årsaka til dette: Skuldast det at PLO-mottakarane faktisk har større behov enn tidlegare, eller har ein gjort endringar i IPLOS-registreringa eller er det høgare terskel for å motta tenester?

Folketal, folketalsutvikling og alderssamansetjinga i befolkninga gjev viktig kunnskap ved planlegging av yting av pleie- og omsorgstenester. Hovudgruppa av mottakarar av pleie- og omsorgstenester er eldre, dvs. innbyggjarar 67 år og over.

Statistikken over syner at folketalet i Jølster har vore relativt stabilt dei ti siste åra fram til 2011. Derimot vil *det samla folketalet i Jølster vere aukande fram mot år 2040* – frå 3021 til 3570 innbyggjarar. Dette talet fortel likevel ikkje åleine korleis samla pleie- og omsorgsbehov at vil bli i same tidsrom. Den *relative* alderssamansetjinga innanfor samla folketal vil ha mykje å seie, då talet eldre allment korresponderer med auka pleie- og omsorgsbehov. Rapporten syner også at trenden med mange gamle innbyggjarar vil halde seg i 10-åra framover: Jølster vil få eit klart auka tal *eldre innbyggjarar i tidsperioden 2011-2040*. Auken vil vere på kring 180 innbyggjarar over dagens nivå i aldersgruppa 70-79 år og i aldersgruppa 80 år og eldre vil auken vere på kring 100 personar. Men også i aldersgruppa 45-69 år er det heilt klart ein auke i befolkninga fram til 2040.

Oppsummerande kan ein seie at det samla folketalet i Jølster er svakt aukande, og vil vere aukande i åra fram mot 2040. Jølster har mange eldre innbyggjarar (80 år og over) i dag, og talet eldre vil auke dei komande tiåra. Dette set PLO på moglege utfordringar; spesielt om trenden med at andelen av brukarar med middels bistandsbehov veks, slik den har gjort dei siste tre åra, held fram.

Figurane/tabellane over knytt til BEHOV i Jølster kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:


- Andelen eldre i Jølster vil auke fram til 2040 (jf tabell 7); både i aldersgruppa 45-69 år, 70-79 år og i gruppa 80 år+ . Dette vil gje auka press på Pleie- og omsorgstenestene: Kva konsekvensar har dette og kva grep har kommunen planlagt for å møte den auka mengda eldre innbyggjarar med potensielt aukande ressursbehov?

7.2 Ressursbruk/prioritering

Ressursbruk/prioriteringsindikatorar vert rekna ut ved å fordele utgifter til ei teneste på tal innbyggjarar som er i målgruppa for tenesta.


I SSB blir desse indikatorane kalla for *prioriteringsindikatorar*, sjølv om det i praksis vil vere slik at utgiftsnivået på tenester både heng saman med korleis ein prioriterer og samla inntektsnivå.

7.2.1 Pleie- og omsorgstenestene samla



Figur 5_ Figuren over syner kommunen sine samla netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester - fordelt på alle kommunen sine innbyggjarar over 67 år.

Figuren nedanfor er ei oppdeling av den ovanstående på: aktivisering, institusjonstenester og heimetenester



Figur 6: Figuren over syner korleis nettoutgifter pr innbyggjar 67 år og eldre er, fordelt på funksjonane aktivisering, institusjonstenester og heimetenester

Figurane over (figur 5 og 6) syner kommunen sine samla netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester – fordelt på alle kommunen sine innbyggjarar over 67 år. Ein prioriteringsindikator

fortel ikkje noko om *kven* eller *kor mange* som mottek tenester, eller *kor mykje* kvar einskild brukar mottek. Det er berre eit gjennomsnittstal for **kostnader per innbyggjar – i målgruppa**.

Ved bruk av Kostra-tal åleine, kan vi ikkje skilje mellom tenester til innbyggjarar i ulike aldersgrupper. Innbyggjarar under 67 år representerer ein vesentleg del av behovet/utgiftsnivået: Nasjonalt vert om lag 40 % av timevedtaka i heimetenesta brukt til brukarar under 67 år. Samtidig er 88 % av bebuarane på institusjon 67 år og over (kjelde: KS Rettleiarnettverket)

Dette inneber at for begge deltenestene samla er det meir riktig å bruke indikator for *67 år og over* enn 80 år +. KS seier at denne indikatoren er den beste illustrasjonen på kommunen si prioritering: Ved å fordele netto driftsutgifter berre på innbyggjarar over 67 år, korrigerer indikatoren for ulikskapar i utgiftsbehov som skuldast ulikt tal eldre i kommunen, og dermed blir utgiftsnivået meir samanliknbart mellom kommunar.

Fakta:


Figur 5 over syner at Jølster er mellom dei kommunane som har *høgast netto driftsutgifter til PLO pr innbyggjar 67 år og over pr år (kr 113312)* av *dei samanlikna*, berre Førde (som altså er i ei anna kommunegruppe) har høgare driftsutgifter (kr 133756).

Figur 6 syner dei same overordna tala, men her er tala brotne ned på *funksjonar*. Då trer eit særmerkt fenomen fram, nemleg at netto driftsutgifter til *heimetenester* pr innbyggjar 67 år og eldre er iaugefallande mykje høgare i Jølster enn for alle dei andre samanlikna kommunane – på kr 92916 i 2010. Landssnittet er til samanlikning på kr 50411.

Dette har som ei følgje medført at netto driftsutgifter til *institusjonstenester* pr innbyggjar over 67 år er tilsvarende *lågare* enn for alle dei samanlikna kommunane, og hadde i Jølster i 2010 eit nivå på kr 14731 (landssnittet var på kr 46296).

Tidsserie 2008-2010:

Tidsserien over syner at netto driftsutgifter til PLO, fordelt på innbyggjarar 67 år og over – har vore nedadgåande dei to første åra, frå kring kr 106 000 i 2008 til kr 103 000 i 2009, for så å gjere eit hopp oppover til kr 113 000 i 2010.



Figur 7: Figuren over syner fordelinga av kommune sine netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester – fordelt på Kostra-funksjonar

Figuren over seier ikkje noko om nivået på pengane som blir brukt – prioritering av tenester – men på det innbyrdes forholdet mellom tenestene innan PLO; kor stor del av utgiftene som høvesvis går til institusjon, heimetenester og aktivisering.

Fakta:

Figuren over (figur 7) syner overordna for dei samanlikna kommunane at i 2010 så blei det gjennomgåande brukt *minst* pengar til Aktivisering (f 234), *meir* pengar til Tenester til institusjonar (f 253+261) og *mest* pengar til Tenester for heimebuande (f 254). Denne overordna trenden held seg også for Jølster. Kommunen brukar mest pengar på funksjonen *Tenester til heimebuande*.

Jølster kommune brukte i 2010 likevel *langt meir* på Tenester til heimebuande (82%) enn det dei samanlikna kommunane, same kommunegruppe, fylket og landet sett under eitt (49%).

Omvendt: Jølster utmerkar seg ved å bruke *vesentleg mindre* midlar på funksjonen *institusjon* (13%) internt i PLO i høve til dei andre samanlikna kommunane, same kommunegruppe, fylket og landet sett under eitt (45%).

Tidsserie 2008-2010:

Eit trekk for Jølster dei tre siste åra fram til 2010, er at netto driftsutgifter innan PLO på dei ulike Kostra-funksjonane har vore innbyrdes stabile: Kostra-funksjonen Tenester til heimebuande (f. 254) har ein andel på 80-82% av totalutgiftene til PLO. Tilsvarande ligg kostrafunksjonen Aktivisering, støttetjenester (f 234) sin andel på kring 5% - medan Institusjonstenester sin andelen av netto driftsutgifter til PLO dei siste tre åra har lege på 13-15%

7.2.2 Vurdering Ressursbruk/Prioritering – heile PLO (jf 7.2 ff)

Målgruppe for kommunale pleie- og omsorgstenester er alle innbyggjarane, men hovuddelen er *eldre*. Samtidig veit vi at *heimebuande* under 67 år som får PLO-tenester som regel er ressurskrevjande brukarar og kan i stort mon påverke kommunen sitt utgiftsnivå til heimetenester, og dermed også kommunen sine samla utgifter på pleie- og omsorgstenester.

Gjennomgangen over syner at Jølster er ein ”raus kommune” – med omsyn til kor mykje midlar kommunen nyttar til PLO. For Jølster (saman med den ikkje direkte samanliknbare kommunen Førde) er den kommunen som har *høgast netto driftsutgifter til PLO* i 2010 (kr 113312), fordelt på alle kommunen sine innbyggjarar over 67 år. Dette inneber, i praksis, at anten er det er mange gamle i Jølster som mottak Pleie- og omsorgstenester, eller at dei som får tenester får eit omfangsrikt tilbod.

Samtidig syner tala (figur 6) med tydelegheit at driftsutgiftene til PLO-tenester fordelt på innbyggjarar over 67 år særleg går *til heimetenester* (og altså i mindre grad til institusjonstenester der Jølster ligg langt under landssnittet). På dette punktet bryt Jølster med alle dei andre kommunane. På landsbasis er nivået på driftsutgiftene til PLO-tenester til samanlikning mest lik mellom heimetenester (kr 50411) og institusjonstenester (kr 46296).

Men sjølv om netto driftsutgifter til PLO pr innbyggjar 67 år + har vore aukande dei siste tre åra, særleg for heimetenestene (jf figur 6) – så har den relative vektinga av pengebruken i PLO internt i same tidsrom vore stabil: Mest pengar i PLO går i heile perioden til heimetenester.

Det at Jølster kommune, relativt sett, brukar mest pengar innan PLO på funksjonen *Tenester til heimebuande*, og langt meir pengar til denne funksjonen enn dei kommunane det er samanlikna med, og at nivået har vore stabilt høgt dei siste tre åra (kring 82%), kan få ein til å spørje seg om Jølster kan kallast ein ”**heimetenesteorientert**” kommune. Dette, i motsetnad til såkalla ”*institusjonsorienterte*” kommunar, der det relativt sett blir nytta meir pengar til institusjonstenester enn til heimebuande.

I ein – etter kvart noko eldre – rapport⁸ (2005) skil ein mellom såkalla *institusjonsorienterte* og *heimetenesteorienterte* kommunar; der ein definerer dei to typene kommunar ut frå *den relative fordelinga* av brukarane på høvesvis institusjon og heimetenester. I rapporten heiter det om karakteristika ved dei to typene kommunar (s. 4):

”Enkle sammenlikninger av gjennomsnittverdiene for de to typer kommuner viser at hjemmetjenesteorienterte kommuner har lavt kommunalt inntektsnivå, mer konsentrert bosetting, flere innbyggere, en lavere andel eldre i befolkningen, en høyere andel yngre brukere (under 67 år) og en lavere andel eldre brukere (80 år og over). Det er liten forskjell mellom de to kommunetyper når det gjelder andelen psykisk utviklingshemmede i befolkningen.”

I rapporten er Jølster teke med i samanlikninga og på dette tidspunktet (i 2005, som altså er fleire år før åra analysen vår er gjort for) – og er definert som ein *institusjonsbasert* kommune. Dette, i motsetnad til materialet vårt som altså gjer det naturleg å definere Jølster som ein **heimetenesteorientert** kommune, jf førre avsnitt. Det kunne her vere interessant å vurdere denne påstanden opp mot nokre av konklusjonane i 2005-rapporten knytt til karakteristika ved heimetenesteorienterte kommunar. Tida tillet likevel ikkje at vi her gjer ein djupare analyse av funna i revisjonsrapporten opp mot konklusjonane henta frå 2005-rapporten tatt inn nedanfor, men dei er etter revisjonen sitt syn så interessante at dei kan danne grunnlag for at Jølster kommune gjer eigne vurderingar av desse tilhøva.

⁸ RESSURSBRUK OG TJENESTETILBUD I INSTITUSJONS OG HJEMMETJENESTEORIENTERTE KOMMUNER. Utredning for Helse- og omsorgsdepartementet
Utkast til rapport, 02.03.05


Av funn/konklusjonar i rapporten (2005) knytt til karakteristika ved heimetenesteorienterte vs institusjonsorienterte kommunar tar vi med:

- ✓ Sammenlikning av gjennomsnittsverdiene for de to typer kommuner viser at hjemmetjenesteorienterte kommuner har lavere ressursinnsats per innbygger og per innbygger 67 år og over, mens det er liten forskjell mellom de to kommunetypene når det gjelder ressursbruk per innbygger 80 år og over. At forskjellen i ressursbruk mellom de to typer kommuner blir mindre når ressursbruken relateres til den eldste aldersgruppen, har sammenheng med at de institusjonsorienterte har en høyere andel eldre 80 år og over. (s 4)
- ✓ Analysene indikerer at høy institusjonsandel går sammen med høy ressursinnsats per innbygger også etter at det er kontrollert for andre forhold. (s 5)
- ✓ Hjemmetjenesteorienterte kommuner har høyere dekningsgrader enn institusjonsorienterte kommuner, og forskjellen er størst for den eldste aldersgruppen. (s 5)
- ✓ Vi har også foretatt en sammenlikning av kommunenes vurdering av hvorvidt brukerne får tilstrekkelig hjelp i forhold til sine behov. Hjelpen vurderes å være om lag like god i hjemmetjeneste og institusjon. Det er heller ingen særlig forskjell mellom institusjons- og hjemmetjenesteorienterte kommuner.
- ✓ Hjemmetjenesteorientering (lav institusjonsandel) isolert sett bidrar til lavere ressursbruk og til høyere dekningsgrad i pleie- og omsorgssektoren. Hjemmetjenesteorientering bidrar altså til at flere får et tilbud med mindre bruk av ressurser. Kan vi på bakgrunn av dette konkludere med at hjemmetjenesteorientering er mer effektivt enn institusjonsorientering. Nei, ikke nødvendigvis. Høyere ressursbruk og lavere dekningsgrad kan ha sammenheng med at de institusjonsorienterte kommuner gjennomgående har tyngre brukere og at institusjonsomsorg i større grad er nødvendig for de tyngste brukerne. Tilsvarende kan de hjemmetjenesteorienterte kommuner ha mer funksjonsdyktige brukere og av den grunn høyere dekningsgrad og lavere ressursbruk.


Figurane over, knytt til **Ressursbruk/Prioritering for heile PLO** i Jølster kommune (jf del 7.2), gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon i kommunen:

- I Jølster er netto driftsutgifter pr innbyggjar 67 år + til heimetenester iaugefallande mykje høgare enn for andre samanlikna kommunar - og også om ein ser på Funksjonane internt i PLO, utgjør Tenester til heimebuande ein svært stor del av netto driftsutgifter innan PLO enn det utgiftene til institusjonstenester gjer.
 - Ynskjer kommunen halde på dette høge utgiftsnivået pr innbyggjar til PLO? Er tenester til heimebuande sin relative del av netto driftsutgifter innan PLO fornuftig? Er denne ressursfordelinga eit resultat av eit medvite val?
- I kva grad vil Jølster kommune definere seg som ein *heimetenesteorientert* kommune, gitt konklusjonane frå 2005-rapporten om kva som karakteriserer heimetenesteorienterte kommunar?

7.2.3 Heimetenester



Figur 8: Figuren over syner kommunane sine netto driftsutgifter til heimetenester, fordelt på alle innbyggjarar i kommunen.



Supplementsfigur til figur 8:

Dei to figurane over syner kommunen sine samla netto driftsutgifter til heimetenester (alders-)fordelt på alle innbyggjarane i kommunen.

Når ein ser på ressursbruk til heimetenester, kan det kan vere fornuftig å sjå dette i forhold til *alle innbyggjarane* i kommunen, av di brukarar av heimetenester fordeler seg noko meir aldersmessig enn brukarar av institusjonstenester, slik at dette truleg gjev eit meir riktig bilete av korleis prioriteringa er. Merk at figuren berre syner gjennomsnitt kr pr innbyggjar – og seier ikkje noko om *kor mange* innbyggjarar som mottek tenester, eller *kor mykje* tenester den enkelte brukar mottek.

Fakta:

Figur 8 over syner at Jølster i 2010 var den av dei eksplisitt samanlikna kommunane med høgast netto driftsutgiftene til heimetenester i kroner pr innbyggjar (kr 13770) – Naustdal nytta kr 9552 og Gaular nytta minst, kr 4743 pr innbyggjar til heimetenesta.

Supplementsfiguren til figur 8 syner for Jølster, som for dei andre samanlikna kommunane, at netto utgifter til heimetenesta er høgast til innbyggjarar i den eldste aldersgruppa, 67 år og eldre. Jølster utmerkar seg likevel ved å ha vesentleg høgare utgifter til heimetenesta i aldersgruppa 67 år og eldre, enn andre samanlikna – kr 61618, medan Gaular hadde lågast utgiftsnivå, kr 12618. For den yngste aldersgruppa heimetenestebukarar, innbyggjarar 66 år og yngre, ligg Jølster meir på snittet for dei andre kommunane.

7.2.4 Vurdering Heimetenester


Jølster sine driftsutgifter til PLO samla for aldersgruppa 67 år + (kr 113312) ligg berre like over landssnittet (kr 102879). jf figur 5.

Men vi har og sett att Tenester til *heimebuande* (f 254) utgjorde den største andelen av netto driftsutgifter innbyrdes i PLO, jf figur 7, kring 82%.

Denne tendensen speglar seg att også når ein ser på netto driftsutgifter for heimetenesta, for aldersgruppa 67 år + PLO: For netto driftsutgifter til *heimetenestene* for aldersgruppa 67 år + i Jølster (kr 92916) er nesten dobbelt så høgt som landssnittet (KR 50411) og høgare enn alle dei samanlikna kommunane – og har berre stige i åra 2008-2010, jf figur 6.

Derfor kan ein seie at det er dei nøkterne utgiftene på institusjonstenestene og utgifter til aktivisering i Jølster som sponsar dei høge heimetenesteutgiftene og som gjer at kommunen likevel ligg på eit utgiftsnivå for PLO samla like over landssnittet.

7.2.5 Institusjonstenester



Figur 9: Figuren over syner netto driftsutgifter til institusjonstenester, kr pr innbyggjar over 80 år

For å illustrere kommunen si prioritering av institusjonstenester er *netto* driftsutgift til institusjon (F253 og F261) nytta, av di dette talet synleggjer kommunen sine utgifter etter at eigenbetalingar, refusjonar, tilskot mv er trekt frå. Viktig er det å merkje seg at figuren over ikkje seier noko om *kostnadsnivå* på drift av institusjonsplassar eller om *kapasiteten* er tilfredstillande.

Vi har sagt at målgruppa for institusjonsplassar er *innbyggjarar over 80 år*, av di desse utgjer hovudtyngda av bebuarar på institusjon.

Indikator for prioritering av institusjonstenester er berekna ved å fordele sum netto driftsutgifter til institusjon på alle kommunen sine innbyggjarar over 80 år.

Fakta:


Vi ser at Jølster i 2010 har, relativt sett, låge (kr 35668) netto driftsutgifter til institusjonstenester pr innbyggjar over 80 år, samanlikna med nabokommunane. Førde har høgast netto driftsutgifter til institusjonstenestene; kr 155933.

7.2.6 Vurdering Institusjonstenester

Figur 8/hjelpefigur 8 og figur 9 kan sjåast i lys av kvarandre. Ein allmenn tendens er at om ein kommune ligg *høgt* på netto driftsutgifter i heimetenester, så ligg ein gjerne *lågt* på netto driftsutgifter til institusjon. Og omvendt: Ligg ein høgt på institusjon, så ligg ein lågt på heimetenester.

Tala for Jølster korresponderer med ein slik allmenn tendens; kommunen ligg høgt på netto driftsutgifter pr innbyggjar til heimetenester for dei eldste eldre, og tilsvarende lågt på netto driftsutgifter pr innbyggjar til institusjon for same aldersgruppa.

7.2.7 Aktivisering og støttetjenester



Figur 10: Netto driftsutgifter til aktivisering og servicetjenester – kroner pr innbyggjar

Figuren seier ikkje noko om kven som faktisk mottek tenestene, men syner alle utgiftene på funksjon 234 Aktivisering og støttetenester – fordelt på alle *innbyggjarane* i kommunen.

Fakta:

Figuren over syner at Jølster er mellom dei eksplisitt samanlikna kommunane som nyttar mest pengar (kr 791) til aktivisering pr innbyggjar, men Førde nyttar endå meir: kr 1005 kroner pr innbyggjar. Gaular nyttar på si side mindre enn Jølster, kr 479 pr innbyggjar til aktivisering.

7.2.8 Vurdering Aktivisering og støttetenester

Aktivisering og støttetenester (funksjon 234) utgjer ein liten andel av ressursane. Likevel inneheld dei tenester som mange brukarar og pårørande opplever som viktige, mellom anna ved å bidra til trivnad og meistring i kvardagen.

- Jølster nyttar, relativt sett, mykje pengar til aktivisering og servicetenester i høve til dei samanlikna kommunane. Er dette i tråd med kommunen sine prioriteringar og er dette ei ynskt utvikling?

7.3 Dekningsgrad

Kommunen sine samla utgifter kjem til syne som eit produkt av *kor mange* som mottek tenester og *kor mykje teneste* kvar einskild får. Ved analyse av Pleie- og omsorgstenester må indikatorar for einheitskostnad difor sjåast i samanheng med *dekningsgrad* – både for heimetenesta og institusjon.

Eksempel: Ein kommune med ein høg institusjonsdekning har føresetnader for at dei mest pleietrengande får bur i institusjon, og på denne måten kan ressursinnsats i heimetenesta reduserast. På den andre sida kan ein kommune med ”for høg” institusjonsdekning risikere å ha bebuarar på institusjon som kunne ha budd i eigen bustad og motteke rimelegare tenester.

I denne delen av rapporten skal vi sjå på dekningsgrad og samansetjing av tenestetilbodet

Dekningsgrad er eit mål på kor stor del av målgruppa (%) som mottek tenester, og blir berekna ved å ta talet brukarar av tenesta og dele på talet personar i målgruppa.

Prinsipielt skal dekningsgrad seie noko om i kor stor grad *behovet* for ei bestemt teneste er dekt. Det finst ikkje ein statistisk eintydig definisjon av behov (jf tidlegare); ein måte å løyse dette på er å sansyneleggjere behovet; t.d. er aldersgruppa 80 år + målgruppe for institusjon.


I KOSTRA blir *bruksratar* gjennomgåande nytta som indikator for dekningsgrad.

Nøkkeltal for dekningsgrad kan brukast til å vise (samanlikne) kapasitet på tilbodet, og til å synleggjere kven som mottek tenester. Særleg for eldre brukarar er det viktig å sjå dekningsgrad *heimetenester* i samanheng med dekningsgrad *institusjonstenester*.

På landsbasis er det 2,0% av innbyggjarane som mottek heimetenester – medan heile 34,6 % av innbyggjarane over 80 år mottek heimetenester.

Eksempel: Indikatoren "Antall omsorgsboliger pr 1000 innbyggere" er eit nøkkeltal som synleggjer kapasitet, og gjer det mogeleg å samanlikne mellom kommunar. Indikatoren "Aldersfordeling av beboere i omsorgsbolig" synleggjer kven som faktisk mottok tenester; dvs reell dekningsgrad.

7.3.1 Pleie- og omsorgstenesta samla



Figur 11: Figuren seier noko om kva "tenesteprofil" kommunen har på PLO-tenester – dvs dekningsgrad – for aldersgruppa 80 år og eldre. Tala for åra 2008 og 2009 er ikkje komplette for Jølster sitt vedkomande..


Fakta:

Figuren over syner at Jølster i 2010 er den kommunen som i størst grad yter *PLO-tenester* av eit eller anna slag til aldersgruppa 80 år og eldre; det er ikkje mottok slike tenester (mot eit landssnitt på 51,5%).

Vidare utmerker Jølster seg ved å ha størst dekningsgrad (25,8%) på brukarar som bur i *omsorgsbustad med heildøgns bemanning* (landssnitt 3,8%), men som òg har det lågaste omfanget av bebuarar i *eigen institusjon* av dei samanlikna kommunane (6,8% mot eit landssnitt på 13,9%).

Samtidig er Jølster den kommunen av dei samanlikna som i minst grad yter *heimetenester i eigen bustad* (24,2% – landssnitt 30,8%).

I dei to påfølgjande figurane er fleire av kategoriane for den delen innbyggjarar 80 år + som mottok tenestetilbod i PLO (jf førre figur) dels slått saman og dels fordelt på aldersgrupper.



Figur 12: Figuren syner delen innbyggjarar 80 år + som anten har institusjons- eller heimetenester. (Kjelde: Fylkesmannen sin kostragenerator)

Fakta:

Figur 12 over syner at Jølster er den kommunen med høgast dekningsgrad på *tildeling av PLO-tenester (institusjons- eller heimetenester)* pr innbyggjarar i aldersgruppa 80 år og over blant dei samanlikna kommunane; 56,8% av innbyggjarane i aldersgruppa mottok slike tenester. Til samanlikning er landssnittet er 48,5%, medan Naustdal kommune hadde lågast dekningsgrad for 80 år +, 46,4%.

Tidsserie 2008-2010 – Jølster:

Yting av PLO-tenester som *heime- eller institusjonstenester i aldersgruppa 80 år +* i Jølster har vore aukande i perioden 2008-2010: Medan 47,0% mottok slik hjelp i 2008, som er på landssnittnivå, auka dette talet til 56,8% i 2010.

7.3.2 Vurdering dekningsgrad - for PLO sett under eitt

Årsaker til variasjon i dekningsgrad kan allment vere m.a.:

- Behov vil variere over tid mellom kommunar
- Ulik praksis for tildeling av hjelpetenester
- Talet innbyggjarar i målgruppa aukar utan at tenestevolumet aukar
- Ulike inntekter mellom kommunane

Jølster er ein "raus" kommune med omsyn til dekningsgraden på Pleie- og omsorgstenester; vi ser nemleg at Jølster i 2010 har den høgaste dekningsgraden av dei samanlikna kommunane når det gjeld *tildeling av PLO-tenester* i aldersgruppa 80 år og over; 56,8% av innbyggjarane i denne aldersgruppa mottok slike tenester. Dette er kring 8 prosentpoeng høgare enn yting av PLO-tenester for landet under eitt .

Vi har tidlegare i rapporten vist at Jølster i dag har etter måten *mange* gamle menneske, spesielt i aldersgruppa 80 år + (jf figur 3) og talet eldre vil berre auke i åra fram mot 2040 (tabell 7). Det at Jølster greier å ha høg dekningsgrad på PLO-tenester, samtidig som kommunen har mange gamle, er svært positivt. Dette syner at dei gamle så langt har kunna rekne med å få eit tenestetilbod innan

PLO, også om dei er gamle. Det er likevel viktig å presisere at dekningsgrad ikkje seier noko om *kor mykje* den einkilde får, men berre kor stor del av målgruppa som får PLO-tenester.

Jølster kommune er vidare heller *styrande på kva PLO-tilbod som blir gjeve* i høve til dei samanlikna kommunane: Klart færre innbyggjarar mottek heimetenester i eigen bustad eller bur i institusjon enn som er vanleg hjå dei samanlikna kommunane., men vert av kommunen kanalisert til omsorgsbustad med heildøgns bemanning, 25% i Jølster mot 3,8% på landssnitt. Ut frå dette kan det vere grunn til å tru at kommunen har bygd opp denne typen tenester, og nyttar desse i staden for å tilby institusjonsplassar. Med andre ord så har kommunen mange brukarar i heimetenestene som vanlegvis ville budd på institusjon, men som i staden bur i bustad med heildøgns bemanning.


Figurane over, knytt til dekningsgrad for PLO sett **under eitt** i Jølster kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Er svært høg samla dekningsgrad på PLO-tenester for innbyggjarar i aldersgruppa 80 år eller eldre (8% over landssnitt) eit uttrykk for ei medvita prioritering frå kommunen si side?

I det følgjande differensierer vi og vurderer dekningsgrad på *deltenestene* innan PLO – først på heimetenester så på institusjonstenester.

7.3.3 Heimetenester:

I figuren nedanfor har vi avgrensa yting av kommunale PLO-tenester til å gjelde dekningsgrad for heimetenester, slik dei fordeler seg på ulike aldersgrupper.



Figur 13: Andel innbyggjarar – i ulike aldersgrupper - som mottek heimetenester.

Fakta:

Figuren over syner for det første at dekningsgraden for yting av heimetenester allment aukar med *aukande alder* i befolkninga; dvs det er flest innbyggjarar i aldersgruppa 80 år og eldre som mottek heimetenester – så også i Jølster kommune.


Vidare er Jølster kommune den kommunen med størst dekningsgrad (50,0%) på yting av heimetenester for innbyggjarar i den eldste aldersgruppa, 80 år +. Dette er høgare enn både snittet for kommunegruppa (37,8%); fylket (39,9%) og er kring 15% høgare enn landssnittet (34,6%).

Jølster, saman med Gaular, tildeler også heimeteneste til noko fleire i aldersgruppa 67-79 år (11,2%) enn same kommunegruppe (9,5%), fylket (9,4%) og landet under eitt (7,9%), sjølv om skilnadene er mindre i desse aldersgruppene enn for 80 år +.

For den yngste aldersgruppa, 0-66 år, ligg Jølster (1,6%) mest på landssnittet (1,9%).

Tidsserie 2008-2010:

Vi ser av figuren over at andelen innbyggjarar som mottek heimetenester i Jølster i perioden 2008-2010 har vore etter måten stabil for dei to yngste aldersgruppe-kategoriane. Derimot ser vi ein markant auke i talet heimetenestemottakarar i aldersgruppa 80 år + i dette tidsrommet; frå 42,1% i 2008 – til 50,0 % i 2010.



Figur 14: Mottakarar av heimetenester, aldersfordelt (i prosent)

Figuren over syner korleis aldersfordelinga er i ulike grupper – avgrensa til den delen av befolkninga som faktisk mottek heimetenester⁹ og skil seg slik frå førre figur som omtalte bruk av heimetenester slik den fordeler seg i befolkninga, dvs pr innbyggjar.

Figuren over syner at heimetenester er ei meir nyansert teneste enn "tenester til eldre" - ein er ikkje nødvendigvis gamal for å ta imot heimeteneste.


⁹ Med heimetenester i heimen meiner ein følgjande tenester i IPLOS: Praktisk bistand: daglege gjeremål, Praktisk bistand - opplæring: daglege gjeremål, Praktisk bistand: brukarstyrt personlig assistent, Avlastning - utanfor institusjon, Omsorgslønn, Pleie og omsorg utanfor institusjon (heimesjukepleie).

Fakta:

For Jølster ser vi at det i 2010 er flest mottakarar (57,9%) av heimetenester i den eldste aldersgruppa, 80 år og eldre – i dei samanlikna kommunane er det derimot i den yngste aldersgruppa, 0-66 år, som har størst del heimetenestemottakarar. Men figuren syner òg at det er fleire (24,4%) i den *yngste* aldersgruppa, 0-66 år som mottok heimetenester enn i den *midlare* aldersgruppa (67-79 år), der talet er 17,7%.

Tidsserie 2008-2010:

Tidsserien syner at aldersfordelinga på ulike grupper heimetenestemottakarar har vore relativt stabil dei tre samanlikna åra; det er gruppa 67-79 år som har endra seg mest – frå 20,7% til 17,7%.



Figur 15: Figuren syner kor stor andel av mottakarar av heimetenester som er registrert med omfattande bistandsbehov.

Figuren over fortel noko om *kor stor del* av heimetenestemottakarar¹⁰ som har "omfattande" bistandsbehov – men seier altså ikkje noko om kor mykje teneste som faktisk er tildelt.

Fakta:

Figuren over syner at det er i Jølster det er størst del (21,3%) heimetenestemottakarar som har omfattande bistandsbehov av dei samanlikna kommunane. Naustdal, som har lavast del registrerte heimetenestemottakarar med omfattande bistandsbehov, har under halvparten (8,3%) så mange tenestemottakarar som Jølster i denne kategorien.

Tidsserie 2008-2010:

Tidsserien for dei tre åra syner at andelen tenestemottakarar med registrert omfattande tenestebehov har halde seg stabilt på kring 21% i perioden.

7.3.4 Vurdering dekningsgrad – Heimetenester

Vi har tidlegare i rapporten presentert fordelinga av kommunane sine *netto utgifter* til pleie og omsorgstenester – altså hovudtrekka i kva pengane blir brukt til i PLO (jf figur 7). Vi fann då, både

¹⁰ Heimetenester inkluderer tenestetype 1,2,3,7,11,15, dvs: Praktisk bistand - daglige gjeremål, Praktisk bistand - opplæring - daglege gjeremål, Praktisk bistand - brukarstyrt - personlig assistanse, Avlastning - utanfor institusjon/bustad, Omsorgslønn, Heimesjukepleie

for dei som Jølster var samanlikna med og for Jølster kommune spesielt, ein trend på at det i 2010 gjennomgåande blei brukt mest pengar til *Tenester for heimebuande* (f 254) i høve til andre funksjonar innan PLO; og at det for Jølster sitt vedkomande dette året blei brukt langt *meir* pengar til denne gruppa enn alle dei det er samanlikna med i figuren. Desse funna om pengebruken internt i PLO er utdjupa vidare i det som her er skrive om Jølster og *dekningsgrad*:

For vi har konstatert (jf figur 13) at i 2010 så er Jølster definitivt den kommunen med størst dekningsgrad (50,0 %) på yting av heimetenester for innbyggjarar i den eldste aldersgruppa, 80 år + , og ligg dessutan, saman med Gaular, høgast i aldersgruppa 67-79 år (11,2%), blant dei samanlikna kommunane. Eit sentralt spørsmål er kva dette skuldast: Fører Jølster ein spesielt liberal tildelingspolitikk på heimetenester? Er det kommunevise tilfeldigheter, t.d. geografi og desentrale institusjonar som gjer at innbyggjarane har eit større tenestebhov enn det andre kommunar har? Kompenserer ein for eit svakare utbygd sjukeheimstilbod med forsterka heimetenestetilbod?

KS – effektiviseringsnettverka, seier dette om aldersgruppa 67-79 år og mottak av PLO-tenester:

"KS vil påpeke at andel 67-79 år som mottar tjernester er svært interessant å se nærmere på, fordi dette er en aldersgruppe som gjerne er i "Inngangsfasen" av kommunale tjenester, og dette er et segment hvor diskusjoner om terskler og standarder kan gi stor effekt. Særlig mtp økningen i andel og antall eldre innbyggere vil det være viktig å ha en bevisst og politisk forankret praksis på kva som er riktig terskel for når kommunen starter å gi tenester til eldre".

Litt interessant er det (i figur 13), at sjølv om andelen *innbyggjarar* som mottek heimetenester i aldersgruppa 0-66 år er lita (1,6%) – så utgjer same aldersgruppa ikkje mindre enn 24,4% av alle *mottakarane* av heimetenester i Jølster (jf figur 14). Altså: Også etter måten unge heimetenestemottakarar er ei relativt omfangsrik gruppe av dei som mottek heimetenester. Gruppa heimetenestemottakarar definert til å ha omfattande bistandsbehov er også stor i Jølster; dvs dette er ei dyr gruppe å yte tenester for.

Høg dekningsgrad på heimetenester, slik Jølster har, kan også vere eit uttrykk for at fleire av dei tenestemottakarane som ordinært ville ha motteke institusjonstenester, i staden får hjelp gjennom heimebaserte tenester, då institusjonstilbodet er svakare utbygd i Jølster.


Om ein kommune tilbyr PLO-tenester hovudsakleg som heimebaserte tenester eller institusjonsbaserte tenester – jf distinksjonen mellom *institusjonsorienterte vs heimetenesteorienterte* kommunar (omtalt i del 7.2.2) – kan også vere eit resultat av økonomiske betraktningar gjennom *politiske val*: Som ein veit er det, isolert sett, rimelegare å tilby heimebaserte tenester enn institusjonstenester innan PLO. Men her spelar m.a. også *geografi* inn, og dermed reiseavstand med blir for tenesteytarane: I ein geografisk relativt langstrakt kommune som Jølster – er det tidkrevjande og kostesamt å rekke ut til alle. Spesielt når talet på tenestemottakarar er stort, som er tilfelle her. I ein liten kommune, gjerne med konsentrert busetnad og med gode kommunikasjonar, vil det der truleg vere meir lønsamt å tilby heimetenesteorienterte enn institusjonsorienterte tenester, enn i ein kommune med ein topografi som Jølster med spreidd busetnad. Samtidig så er det slik at Jølster har høg andel i omsorgsbustad med heildøgns bemanning, som også er ein del av utgiftene til heimetenestene. Slike bustader er som oftast sentraliserte.

Samtidig er det kanskje slik at det er dyrt å vere "fattig"; Jølster har ein etter måten stram kommuneøkonomi, noko som ikkje utan vidare opnar for sentraliserte, institusjonsbaserte tenester og god dekningsgrad. Slik blir heimebaserte tenester gjerne likevel det alternativet ein har i praksis.

Figurane over, knytt til **dekningsgrad på heimetenester** i Jølster kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Kva forklarar at Jølster er mellom dei kommunane med størst dekningsgrad på yting av *heimetenester for innbyggjarar i den eldste aldersgruppa 80 år + (50,0%)*, og tildeler heimeteneste til fleire i aldersgruppa 67-79 år (11,2 %) enn som er tilfelle for same kommunegruppe, fylket og landet under eitt? (jf figur 13). Er det eit resultat av medvite prioritering eller har kommunen andre målsettingar?
- Kva forklarar at dekningsgraden på heimetenester i Jølster har auka såpass mykje i aldersgruppa 80 år + frå 2008 (42,1%) til 2010 (50,0%). Er dette tilfeldig, eller eit resultat av eit medvite val og kva byggjer dette i så fall på (jf figur 13).
- Kva forklarar at trass i at dekningsgraden på heimetenester i Jølster har auka såpass mykje frå 2008 til 2010 i aldersgruppa 80 år + (jf figur 13) - så har netto driftsutgifter til PLO fordelt på kostrafunksjonar halde seg nesten konstant, om enn høgt, i same tidsrom, jf figur 7.

7.3.5 Institusjonstenester:



Figur 16 Forholdet mellom andel innbyggjarar i institusjon og plassar i institusjon, 80 år og eldre

Dei blå **søylene** i figuren over syner andelen innbyggjarar som er bebuarar på institusjon¹¹, 80 år og eldre. **Linja** i figuren over er ein *kapasitetsindikator* – og viser oss *tilgangen* på institusjonsplassar i kommunen, framstilt i % av innbyggjarar 80 år og eldre.

Fakta:

Figuren over syner at Jølster i 2010 er den kommunen som har *lågast* (6,8%) *andel innbyggjarar buande på institusjon* i aldersgruppa 80 år og eldre. Dette er omtrent halvparten av landssnittet (13,9%); medan Gaular hadde 14,8% av innbyggjarar 80 år + buande på institusjon.


Jølster er like eins den av dei samanlikna kommunane med den *lågaste institusjonsdekninga* (4,7%) målt i innbyggjarar 80 år + av dei samanlikna kommunane. Landssnittet er på 18,3%.

Vi ser av figuren, om vi ser på forholdet mellom linje og søyle, at det for Jølster sin del er etter måten lite samsvar mellom kapasitet (4,7%), institusjonsdekning, og faktisk belegg i institusjon (6%). Altså: At det er større institusjonsbelegg enn det er avsett plassar.

¹¹ NB! Buform med heildøgns omsorg er inkludert i søylene (blir rekna som institusjon)

Tidsserie 2008-2010:

Figuren over syner at delen innbyggjarar 80 år og eldre i Jølster som bur på institusjon har vore noko stigande frå 2008 (4,9%) til 2010 (6,8 %). I 2008 var det dessutan samsvar mellom dekningsgrad og belegg – men at dekningsgraden etter den tid ikkje har auka i takt med belegget, slik at det i 2009 er blitt eit overbelegg på institusjonstenestene i Jølster i høve til dekningsgraden.



Figur 17: Andel innbyggjarar som er bebuarar på institusjon - aldersfordelt


Figuren over er ei utdjuping av førre figur, ved at den syner andelen innbyggjarar – i ulike aldersgrupper – som faktisk bur på institusjon.

Fakta:

Figuren over syner at i Jølster så er det de facto ikkje innbyggjarar frå dei to yngste aldersgruppene, 0-66- år og 67-79 år representert på institusjon: Berre 80-åringar eller eldre får nyttiggjere seg kommunale institusjonstenester – men også for denne aldersgruppa i mindre omfang (6,8%) enn landssnittet (13,9%) og dei andre samanlikna kommunane.

Tidsserie 2008-2010:

Figuren over syner at delen innbyggjarar 80 år og over som bur i institusjon i Jølster, har stige med kring 2 prosentpoeng frå 2008 (4,9%) til 2010 (6,8%).



Figur 18: Fordeling av institusjonsplassar på ulike typar opphald

Figuren over viser samansetjinga av institusjonstilbodet som ei prosentvis fordeling av ulike typar plassar – både plassar for korttidsopphald og meir langvarige opphald. Figuren viser differensiering innan tilbodet, men fortel oss ikkje noe om kapasiteten på tilbodet eller kven som er bebuarar.

Fakta:

Når det gjeld fordelinga av institusjonsplassar, om ein ser på landssnittet først, så utgjer "øvrige plasser", dvs ordinære institusjonsplassar den største posten (56,2%), dinest kjem gruppa plasser til demente i skjerma eining (23%). 15,1 % av plassane på landssnittet er til tidsbegrensa opphald; landssnittet for rehabilitering/habilitering er 5,7%.

Den same relative fordelinga som for landssnittet mellom typar institusjonsplassar, går att også i dei andre samanlikna kommunane – men med unntak av for Jølster:

Ser vi på skiljet mellom permanente plassar og tidsavgrensa plassar (tidsbegrenset opphold + rehabilitering/habilitering), så skil Jølster seg ut med *høg andel plassar til tidsavgrensa opphald* (88,9%). For dei andre kommunane varierer dette talet mellom 5,6- 20,8% (landssnittet)

Tilsvarande skil Jølster seg ut ved å ha ein *liten andel* "øvrige plasser" (11,1%), i høve til samanlikna kommunar (landssnitt 56,2%). Jølster har heller ikkje plassar i det heile til habilitering/rehabilitering, mot eit landssnitt på 5,7%.


Tidsserie 2008-2010:

Figuren syner at talet på plassar avsett til tidsavgrensa opphald i Jølster har blitt *tredobla* på tre år, frå 22,2% i 2008 til 66,7% i 2010.

I same tidsrom har talet på "øvrige plasser" *minka* frå 77,8% i 2008 til 11,1% i 2010.

Dinest utgjorde plassar til habilitering/rehabilitering 22,2% av dei samla institusjonsplassane i 2010; dei to føregåande åra hadde kommunen ikkje avsett slike plassar i det heile.

Det kan vere grunn til å spørje om desse tala kan stemme eller berre er registreringsfeil?



Figur 19: Figuren syner kor stor andel av mottakarar av institusjonstenester som er registrert med omfattande bistandsbehov.

Figuren over fortel noko om *kor stor del* blant institusjonstenestemottakarar som i størst grad har "omfattande" bistandsbehov – men seier altså ikkje noko om kor mykje teneste som faktisk er tildelt.

Fakta:

Figuren over syner at det er i Jølster det er lågast del (41,2%) institusjonstenestemottakarar som har omfattande bistandsbehov av dei samanlikna kommunane. Gaular, som har høgast del registrerte institusjonstenestemottakarar med omfattande bistandsbehov, har over dobbelt så mange (87,0%) registrerte tenestemottakarar i denne gruppa som Jølster.

Tidsserie 2008-2010:

Tidsserien syner at andelen institusjons-tenestemottakarar med registrert omfattande tenestebehov har halde seg stabilt på kring 40-41 % i perioden (tal for 2009 vantar).

7.3.6 Vurdering dekningsgrad – Institusjonstenester

Jølster er den kommunen som har *dårlegast kapasitet* til å kunne gje innbyggjarane i kommunen institusjonsplass om dei måtte ha behov for det (figur 16): Materialet syner nemleg at kommunen har den klart *lågaste institusjonsdekninga* (4,7 %) målt i innbyggjarar 80 år +, av dei samanlikna kommunane; heile tre gonger så lavt som den kommunen med nest lågast institusjonsdekning. Dette kan indikere at terskelen for å få institusjonsplass er høgare i Jølster enn i andre kommunar.

Jølster er då òg den kommunen mellom dei eksplisitt samanlikna som har *lågast andel innbyggjarar faktisk buande på institusjon* (6,8%) i aldersgruppa 80 år og eldre – som er omtrent halvparten av landssnittet. Ja, faktisk er det slik at det berre er innbyggjarar som er 80 år og eldre som har institusjonsplass (jf figur 17) – ingen innbyggjarar i aldersgruppene 0-66 og 67-79 år har pr i dag sjukeheimplass; dette kan beint fram skuldast at det er så få institusjonsplassar til rådvelde samla sett.

Dei som faktisk får institusjonsplass høyrer såleis til ein aldersmessig elite: For Jølster er den kommunen av dei samanlikna med *flest innbyggjarar i den eldste aldersgruppa*, 80 år +, og som altså i praksis av kommunen sjølv vert rekna som målgruppa ved tildeling av institusjonsplassar. Kanskje er det då slik i Jølster, i ein kommunen med så mange innbyggjarar av dei eldste gamle og som samtidig har så få sjukeheimplassar tilgjengeleg, at det berre er denne aldersgruppa kommunen då kan prioritere institusjonsplass til.

Ser ein så attende på søylene og linje i diagram i figur 16 over, så viser dette på ein illustrerande måte korleis *plassar i %* "styrer" andel 80 år som faktisk *er* bebuarar. Høgt volum på plassar gjev gjerne høg bruksrate og omvendt. Vi ser at så er tilfelle for dei fleste samanlikna kommunane. Jølster skil seg ut ved at gapet mellom søyle (institusjonsbelegg) og linje (dekningsgrad) er lita i 2008, og i dei to påfølgjande åra har søyle og linje kryssa kvarandre; dvs det er blitt eit overbelegg på institusjonsplassane i Jølster. Dei andre kommunane har altså laga seg "ein buffer" gjennom større gap mellom dekningsgrad og faktisk belegg, slik at dei har noko å gå på, enn som er tilfelle for Jølster.

Figurane over, knytt til **dekningsgrad for institusjonstenester** i Jølster kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Jølster er den kommunen som har lågast omfang innbyggjarar i aldersgruppa 80 år + som *mottek* institusjonstenester av dei samanlikna kommunane, samtidig som det er mange eldre innbyggjarar i kommunen. Er dette ei prioritering ein ynskjer å halde på også i åra frametter i PLO?
- Jølster kommune er den kommunen som har lågast *kapasitet på plassar i institusjon* definert som % av innbyggjarane over 80 år. Samtidig ser ein manglande samsvar mellom *kapasitet og faktisk*

belegg på institusjonsplassar; det er eit overforbruk . Er det planlagt endringar i tenesta som følgje av dette?

- Korleis samanfell det låge kapasitetsnivået med estimert befolkningsutvikling fram til 2040, då det vil bli endå fleire gamle og pleietrengande i Jølster, også i aldersgruppa 80 år +?
- Kva har det seg at Jølster, med så få institusjonsplassar og så mange eldre – likevel har så få institusjonsbebuarar som er definert til å ha ”omfattande bistandsbehov”? (jf figur 19)
- Kva forklarar at tilhøvet mellom ”plassar for tidsbegrensa opphald” og ”andre plassar” er snudd på hovudet i Jølster i perioden 2008-2010? (jf figur 18): Stikk i strid med kva som er tilfelle for dei samanlikna kommunane, så har Jølster kring 5 gonger så få ”øvrigt plassar” i høve til landssnittet, og tilsvarande har Jølster kring 4 gonger så mange korttids-plassar som landssnittet har

7.4 Produktivitet

Omgrepet produktivitet skildrar kor mykje vi klarar å produsere for ein gjeven innsats av ressursar. Produktivitet blir målt ved å dele kroner som er brukt på talet på produserte einingar.

Produktivitet kan også visast som timar pr brukar, eller årsverk pr brukar. Hovudpoenget er å sjå på ressursinnsats pr eining (brukar).

Innanfor Pleie- og omsorgstenester blir ikkje tenester levert som straumlineforma produkt, og vi kan ikkje måle produktivitet direkte. Vi kan derimot seie at Kostra kan gje oss *indikasjonar* på produktivitet, ved at vi bereknar gjennomsnittleg kostnad pr teneste; noko som gjerne blir omtala som einingskostnad – t.d. utgift pr brukar, kostnad pr institusjonsplass, kostnad pr time.


Personalet er den viktigaste ressursen i pleie- og omsorgstenestene, og kompetansenivå, kontinuitet og sjukefråvær har innverknad på både produktivitet og kvalitet.

Organiseringa av kommunen og den einskilde tenestestad si styring av aktiviteten kan også ha noko å seie – både for heimetenester og institusjonsomsorga.


I og med at pleie- og omsorgstenester ofte leverer tenester til mange brukarar, så kan sjølv små nyansar eller skilnader i einingskostnadene ha innverknad på kommunen sine samla utgifter.

Viktig er det likevel å vere merksam på at produktivitet/einingskostnad ikkje seier noko om *kvaliteten* på det som vert levert, eller brukaren si *oppleving*. Nettopp fordi produktivitet er eit teknisk omgrep, så er det heilt avgjerande at ein også tar inn kvalitetsdimensjonen når ein skal vurdere kommunale tenester. I denne rapporten blir det brukt nokre indikatorar som kan gje eit bilete på *målt/objektiv kvalitet i tenesta*, og ikkje opplevd kvalitet (som t.d. brukartilfredshet er eit uttrykk for).

7.4.1 Heile tenesta



Figur 20: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av pleie og omsorgstenester



Figur 21: Årsverk pr. mottakar i brukarretta tenester – PLO (Fylkesmannen sin Kostra-generator)

Figur 20 over viser høvesvis gjennomsnittleg driftsutgift pr mottakar og gjennomsnittleg årsverk pr mottakar av pleie- og omsorgstenester samla. Dette inkluderer alle kostnader til pleie- og omsorgstenester fordelt på alle registrerte tenestemottakarar/brukarar. Figur 21 syner m.a. dei samla lønsutgiftene pr kommunalt årsverk, eksklusivt fravær.

Fakta:

For Jølster var driftsutgifter pr mottakar av brukarretta tenester i 2010 kr 330 538 – dette er like over landssnittet (316 364 kr). Gaular har lågast driftsutgifter, på kr 270 305. Årsverkverknad pr mottakar i Jølster er 0,44; dette er omtrent på snittet for same kommunegruppe (0,43), men under snittet for fylket (0,49) og landet (0,47).

Lønnsnivået pr kommunalt årsverk i brukarretta tenester varierende i 2010 frå kr 450 831 (Naustdal) til kr 558 816 pr år (Jølster). Figuren over syner, om forholdet mellom lønnsnivå og årsverkverknad, at trass i at Jølster har ein årsverkverknad på snittet for kommunegruppa (og betre enn fylkes- og

landssnittet) – så har kommunen like fullt høgast lønsnivå i pleie og omsorg. Naustdal – på si side, hadde både høg årsverkverknad og lågt lønsnivå.

Tidsserie 2008-2010:


Vi ser at brutto korrigerte driftsutgifter pr brukar i dei brukarretta tenestene i Jølster har gått ned; frå om lag 368 000 kroner i 2008, til kr 333 000 i 2009 – til kring kr 330 000 i 2010.

Tilsvarande har årsverkverknaden minka frå 0,51 i 2007 til 0,44 i 2008 til 0,44 i 2009.

7.4.2 Heimetenester

Produktivitet i heimetenestene vert berekna ved å sjå på ressursinnsats pr brukar. Dette vert synleggjort gjennom utgift pr brukar, men kan også visast ved å berekne lønsutgifter eller årsverk pr brukar.

Kommunen sine samla utgifter kjem fram som eit produkt av *kor mange* som mottek tenester og *kor mykje* tenester kvar einskild får. Ved analyse av pleie- og omsorgstenester må indikatorar for einingskostnad sjåast i samanheng med dekningsgradar – både for heimeteneste og for institusjon.



Figur 22:Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av heimetenester, kr.

Figuren over syner alle korrigerte bruttoutgiftene kommunen har til heimetenester, fordelt på alle registrerte brukarar¹².


12

Fakta:

Figuren over syner at Jølster i 2010 er den kommunen med *dei høgaste gjennomsnittlege utgiftene til heimetenester* fordelt på alle registrerte brukarar av alle dei samanlikna kommunane; kring kr. 288 000 – og over snittet for kommunegruppa (kr 172 679), Sogn og Fjordane (kr 201 327) og landssnittet (kr 187 448).

Tidsserie 2008-2010:

Trass i at Jølster ligg høgast blant kommunane når det gjeld brutto driftsutgifter pr. tenestemottakar av heimetenester, så har driftsutgiftene likevel gått ned i perioden; frå kr 320 244 i 2008 – til kr 293 295 i 2009 til kr 288 232 i 2010.



Figur 23: Gjennomsnittleg nettoutgifter pr brukar av heimetenester – i aldersgruppa 0-66 år og 67 år og eldre.

I figuren over er det mest interessant å berre sjå utgifter som blir brukt til heimesjukepleie og praktisk bistand opp mot talet på mottakarar av nett desse tenestene. Av di kommunane rapporterer alle utgifter på Funksjon 254 samla, er det ikkje mogeleg å skilje ut kor mykje ressursar som blir brukt til dei ulike tenestene innanfor Funksjon 254.

Indikatoren viser driftsutgiftene inkludert avskrivninger ved egen tjenesteproduksjon korrigert for dobbeltføringer som skyldes viderefordeling av utgifter/interkjøp mv. pr hjemmetjenestebruker. Indikatoren viser dermed enhetskostnadene eller produktiviteten ved den aktuelle tjenesten.

Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester i kroner, konsern= (Korrigerte brutto driftsutgifter for hjemmetjenester f254, konsern/ Mottakere av hjemmetjenester i alt)*1000

Teller=Korrigerte brutto driftsutgifter kontoklasse 1 og 3, funksjon 254, artene(010-290)+art429+art590-art690- art710-art729-art790. Data hentet fra kommuneregnskapet og regnskapene til kommunale foretak (KF), interkommunale samarbeider og interkommunale selskaper (IKS).

Nevner= Mottakere av hjemmetjenester pr 31.12 Data hentet fra pkt 5a i skjema 6 tom. 2006-årgangen. Fom. 2007 er kilden IPLOS, og da også inkl. avlastning utenfor inst. og omsorgslønn, i tillegg til hjemmesykepleie, praktisk bistand og brukerstyrt personlig assistanse (BPA).

Teller multiplisert med 1000 gir indikator i kroner.

KS har berekna kor stor del av utgiftene som blir brukt til tenestemottakarar i aldersgruppa under og over 67 år. Berekninga er gjort ved at pengane kommunen har brukt på heimetenester i ei aldersgruppe, er fordelt på brukarar i same aldersgruppe. Grunnlaget for berekningane er delen vedtakstimar til ulike aldersgrupper, og indikatoren er slik sårbar for feil eller manglar i teljing og rapportering av både vedtakstimar og talet brukarar. Ein er elles allment kjent med at tala for enkeltkommunar kan ha store feil eller manglar – og figuren er såleis meir eigna til refleksjon og diskusjon over eigen praksis.


Fakta:

I figuren over, for brukarar 0-66 år, varierer gjennomsnittlege utgifter pr brukar av heimetenester frå om lag kr. 160 000 til om lag kr. 364 000. Naustdal er den kommunen med høgast (kr 364 451) netto driftsutgifter til heimetenestene pr tenestemottakar i denne aldersgruppa av dei fire direkte samanlikna kommunane i fylket; Jølster nyttar nest mest av kommunane, med kr 349 830 pr tenestemottakar. Gaular nyttar minst (kr 160 666) – ein differanse på kring kr 204 000 pr tenestemottakar frå dei som brukar minst til mest.

For brukarar 67 år og over år varierer gjennomsnittlege utgifter pr brukar til heimetenester i 2010 frå om lag kr. 64 000 (Gaular) til Jølster med kr. 222 619 i netto driftsutgifter til heimetenestene pr tenestemottakar i denne aldersgruppa – som er det høgaste nivået blant dei samanlikna kommunane.

Tidsserie 2008-2010:

Tala for Jølster syner, for aldersgruppa 0-66 år, at nettoutgifter pr brukar av heimetenester har vore aukande frå vel 317 000 i 2009 til vel 349 000 i 2010 – medan nettoutgiftene til heimetenester for aldersgruppa 67 år og over, har gått ned frå vel 231 000 i 2009 til vel kr 222 000 i 2010.



Figur 24: Andel vedtakstimar til heimetenester for brukarar 0-66 år og 67 år og over

Figuren over syner andelen vedtakstimar til heimetenester til brukarar 0-66 år og brukarar 67 år og eldre – og syner totalbiletet av korleis ressursane – vedtakstimane – vert fordelt mellom brukarane. Dette er Iplos-tal, og kan vere hefta med feil lik det andre figurar som byggjer på denne typen talmateriale kan ha.

Fakta:


Figuren over syner at i 2010 tildelte Jølster kommune fleire timar heimeteneste til *gamle* enn til unge folk: Utporsjonering av talet vedtakstimar er nemleg slik at folk i den eldste aldersgruppa i

Jølster, 67 år og over, hadde 66% av alle vedtakstimane, medan aldersgruppa 0-66 år hadde 34% av alle vedtakstimane. Denne overordna tendensen med flest vedtakstimar heimeteneste i den eldste aldersgruppa er unik for Jølster i høve til dei andre tre eksplisitt samanlikna kommunane som alle har flest vedtakstimar i aldersgruppa 0-66 år.

Figuren over kan med fordel også sjåast opp mot figur 14, presentert tidlegare, som synte korleis brukarane av heimetenestene fordelte seg aldersmessig. Dersom vi samanheld dei to figurane, ser vi t.d. at i Jølster utgjorde *aldersgruppa* heimetenestemottakarar 67 år og eldre 75,6% av alle mottakarar – og denne aldersgruppa nyttar altså 66% av alle tildelte *timar* til heimetenesta (jf figur 24).

Tidsserie 2008-2010:

Tala syner at andelen tildelte timar heimeteneste til den eldste aldersgruppa, 67 år og eldre, er svakt minkande, frå 69% i 2009 til 66% i 2010.



Figur 25: Gjennomsnittleg timar til praktisk bistand og heimesjukepleie, pr brukar pr veke

Figuren over syner talet timar som gjennomsnittleg blir tildelt pr veke for mottakarar av høvesvis praktisk bistand og heimesjukepleie. NB! Figuren seier ikkje noko om kva bistanndsbehov som ligg bak tildelinga, eller ulikskap mellom grupper.

Fakta:

Det er etter måten stor variasjon kommunane mellom i figuren over: Naustdal er i 2010 den kommunen som tildeler flest timar pr veke (11,5) til dei som mottar *Praktisk bistand*. Tilsvarande tal i motsett ende har nabokommunen Gaular, som tildeler 2,8 timar pr veke. Jølster ligg midt i leia med 4,2 timar pr veke. Landssnittet er 7,1 timar praktisk bistand pr veke.


Jølster kommune er i 2010 den kommunen som tildeler flest timar pr veke (7,4) til brukarar av *heimesjukepleie*. Dette er over landssnittet (4,5 timar), for fylket (4,9 timar) og same kommunegruppa (4,6 timar).

Altså: Jølster gjev fleire timar heimesjukepleie pr veke enn som er vanleg – og færre timar praktisk bistand pr veke enn snittet både i kommunegruppa, fylket og landet.


Tidsserie 2008-2010:

Ser ein på tendensane for Jølster dei tre siste åra, er det gjennomgåande slik at kommunen har hatt eit aukande timetal heimesjukepleie og praktisk bistand – men likevel slik at, relativt sett, tildelt timetal på praktisk bistand har auka mest; frå 1,5 time i 2008 til 4,2 timar to år etter.

7.4.3 Institusjonstenester



Figur 26: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner



Figur 27: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner, fordelt på funksjon

Figuren over viser korrigerte brutto driftsutgifter til drift av kommunale institusjonsplassar¹³. Søylen er delt mellom funksjon 253 som syner "bistand, pleie- og omsorg" og funksjon 261 som syner kostnad knytt til *institusjonslokala*.

¹³ Beregning av Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass

Indikatoren viser driftsutgifter i kr., inkludert avskrivninger ved egen tjenesteproduksjon korrigert for viderefordeling av utgifter/interkjøp pr plass registrert ved utgangen av året i institusjoner med kommunal eier. Indikatoren viser dermed enhetskostnadene eller produktiviteten ved tjenesten.

Fakta:

Figuren over syner etter måten stor variasjon i samla brutto driftsutgifter pr kommunal plass mellom kommunane, frå kring kr 760 000 til kr 909 000 pr år (figur 26).

Jølster hadde i 2010 driftsutgifter pr plass på funksjon 253, "*bistand, pleie- og omsorg*", på kr 762190; Gaular hadde minst (kr 675 684). Dette er omtrent på landssnittet og snittet for fylket, men noko over same kommunegruppe på kr 726 701 pr plass pr år.

Jølster ligg og mykje godt på snittet på brutto driftsutgifter til *drift* (funksjon f 261) pr kommunal plass – kr 82810, både målt mot landssnittet, fylkessnitt og eiga kommunegruppe.

Totalt sett (f 261 + f 253) utgjer dei korrigererte brutto driftsutgiftene pr kommunal plass i institusjon i Jølster kr 845 000, noko som plasserer Jølster nokolunde midt i laget mellom dei kommunane med lågast utgifter pr institusjonsplass – landssnittet er kr 842566.

Tidsserie 2008-2010:

For Jølster sin del, ser vi at dei samla driftsutgiftene på institusjon har gått opp i 2010 frå 2008 (nedgang i 2009); særleg utslagsgevendende her har det vore at brutto driftsutgifter til funksjon 253 "*bistand, pleie- og omsorg*" har auka frå kring 747 000 i 2008 til kring 762000 i 2010 – medan korrigererte brutto utgifter til *drift* mest er uforandra i same tidsrom.

7.4.4 Vurdering Produktivitet – PLO samla, Heimetenester og Institusjonstenester

For PLO samla er det rimeleg å seie at Jølster har eit utgiftsnivå mykje godt på snittet pr mottakar av kommunale pleie og omsorgstenester; med kr 330 000 pr år pr mottakar plasserer kommunen seg kring 15 tusen over landssnittet, men kring 15 tusen under snittet for fylket.

Går ein så inn og ser på utgiftsnivået på enkelttenestene, finn vi at Jølster er den av kommunane som har *høgast korrigererte brutto driftsutgifter til heimetenestene* pr tenestemottakar (kr 288 232 – landssnittet er kr 187 448, jf figur 22).

Jølster skil seg vidare ved særleg å ha særleg høge **nettoutgifter** på heimetenester til innbyggjarar i *den eldste aldersgruppa*, 67 år+ pr år (kr 222 619); medan nabokommunane berre nyttar frå 64-105 000 kroner pr år til same aldersgruppa (figur 23) .

Ser ein så på gjennomsnittleg antal tildelte timar pr veke pr brukar, ser ein at Jølster er den kommunen som tildeler *flest timar heimesjukepleie* pr veke blant dei samanlikna, 7,4 timar/v (jf figur 25). Høgt timetal pr brukar pr veke kan ha samband med at særleg andelen mottakarar av heimetenester som er registrert med omfattande bistandsbehov er dobbelt så høg i Jølster (21,3%, jf figur 15) som for nabokommunane; Gaular 11,3%, Naustdal 8,3% og Førde 11,7%).

Korrigererte brutto driftsutgifter pr. plass i kommunale institusjoner = (Korrigererte brutto driftsutgifter funksjon 253+261/plasser i kommunale institusjoner)*1000.

(("Korrigererte brutto driftsutgifter, institusjon") / ("Kommunale plasser i institusjon i alt")) *1000

Teller = Korrigererte brutto driftsutgifter(kontoklasse 1, art(010-290)+art429+art590-art690-art710-a729-a790).

Funksjon253+261. Data er hentet fra kommuneregnskapet i 1000 kroner.

Nevner = Plasser i i alt, institusjoner med kommunal eier, barneboliger og avlastningsboliger inkludert. Data er hentet fra skjema 5, pkt 2.

Fordelinga av vedtakstimar *på aldersgrupper* for mottakarar av heimetenester, syner at 66% av vedtakstimane går til brukarar som er 67 år og eldre og 34% på brukarar i aldersgruppa 0-66 år (jf figur 24).

At Jølster har få institusjonsplassar, og samtidig ei befolkning med fleire innbyggjarar over 80 år enn landssnittet (jf figur 3) er slik med på å auke presset, og dermed kostnadsnivået, på heimetenestene i vid tyding av ordet. I tillegg kan dei høge utgiftene pr tenestemottakar også sjåast i lys av at Jølster er ein kommune med utfordrande geografi med spreidd busetnad. Etter måten lang reiseveg/-tid for å nå mottakarane, kan vere medverkande til at årsverkverknaden pr brukar i Jølster er såpass lav som den er, noko som igjen kan medverke til auka utgiftene pr tenestemottakar.

Så om institusjonstenestene: Ser vi nærare på Jølster sine korrigerte brutto driftsutgifter pr plass i institusjon, såg vi at Jølster er *omtrent på snittet for landet og fylket (kring kr 842 000)* med samla driftsutgifter pr institusjonsplass (kr. 845 000). Dette er likevel langt under nivået, les: driv isolert sett meir kostnadseffektivt, enn nabokommunane Naustdal (kr 893 000 og Førde (kr 909 000) gjer - men likevel klart høgare utgiftsnivå enn Gaular på kr 760 000 pr år.

Hovudårsaka til kostnadsvariasjonar mellom kommunar pr. plass er gjerne knytt til:


- Gjennomsnittleg storleik på institusjonane
- Bemanningsfaktor/pleiefaktor/pleiebehov
- Avskrivingar av bygningsmassen
- Ulikskap i føringar mellom kommunar
- Utdanningsnivå/lønsansiennitet pr årsverk

Også når vi delar opp driftsutgiftene pr kommunal plass *på funksjonar* – ligg kommunen på det jamne: På funksjonen *pleie* (f 253) ligg Jølster med kr 762 190 pr plass pr år like over landssnittet (kr 758 309) og fylket, og noko høgare enn same kommunegruppe (kr 726 701). Sentrale kostnader på pleiesida er arbeidskrafta og lønsutgiftene knytt til denne. Pleie- og omsorgssektoren er ein personalintensiv sektor, og dette gjenspeglar seg i at dei kommunane som ligg høgt på *utgift* pr brukar gjerne også ligg høgt på *årsverkverknad* pr brukar – kronene som blir tilført tenesta blir hovudsakleg brukt til bemanning.

Også på funksjonen drift (f. 261) ligg Jølster med kr 82 810 per år pr kommunal plass mest på snittet for kommunegruppa, fylket og landet (kr 84257) på same funksjonen

Derimot er *lønsutgiftene* pr kommunalt årsverk i Jølster (kr 558 000) høgare enn både Naustdal og Gaular – og *årsverkverknaden* på 0,44 årsverk pr mottakar er litt under landssnittet (0,47). Altså: Dei tilsette er rimeleg godt betalt, men utan å ha for mange tenestemottakarar å fordele arbeidskrafta si på; dvs dei er ikkje så produktive som t.d. Naustdal kommune er.

7.5 Kvalitetsindikatorar Kostra/Iplos



Figur 28: Andel plassar i enerom og andel plassar i brukartilpassa enerom med eige bad/wc i PLO-institusjonar


Fakta:

Andelen plassar i *enerom* i pleie- og omsorgsinstitusjonar varierer frå 64-100% kommunane i mellom. Andelen plassar i *brukartilpassa* enerom varierer også frå 64-100% kommunane mellom. Naustdal kommune er den einaste kommunen av dei eksplisitt samanlikna som ikkje har 100% dekning på plassar i enerom og plassar i brukartilpassa enerom.

Jølster kommune har 100% dekning på tal plassar i enerom – og er her over landssnittet (94%), og har også 100% plassar i brukartilpassa enerom, som er over landssnittet (79%).

Tidsserie 2008-2010:

Tala for åra 2008-2010 knytt til plassar i enerom og brukartilpassa enerom, er for Jølster sin del uforandra alle tre åra – 100% dekning.



Figur 29: Tilgjenge til lækjar og fysioterapeut på sjukeheim, timar pr veke pr bebuar

Figuren over syner tilgjenge på lækjar- og fysioterapitimar pr veke pr bebuar på sjukeheim.


Fakta:

Landssnittet for lækjartilgang pr brukar pr veke i 2010 var 0,36 timar – og litt mindre tilgang, 0,29 timar/v, på fysioterapitimar.

Jølster var den kommunen i 2010 av dei samanlikna som hadde dårlegast tilgang på *lækjartimar* pr veke pr bebuar, høvesvis 0,12 time (landssnitt 0,36 t pr veke). Jølster hadde derimot best tilgjenge til *fysioterapitimar*, 0,82 time pr veke (mot 0,29 t/v i landssnitt).

Tidsserie 2008-2010:

Tidsserien for Jølster syner at omfanget av *lækjartimar* pr veke pr bebuar på sjukeheim har gått ned frå 2008 (0,44 t/v) til 2010 (0,12 t/v). Omfanget *fysioterapitimar* har i perioden 2008 (0,44 t/v) og 2009 (0,31 t/v) vore nedadgåande – men fekk ein markant auke i 2010 til 0,82 t/v.



Figur 30: Andel av alle brukarar – eksklusiv brukarar med langtidsopphald på institusjon – med individuell plan.

Fakta:

Kommunar med individuell plan, for dei kommunane det ligg føre tal for, varierer frå ca 7%-22,1%.

Jølster (9,1%), saman med Naustdal, er dei av dei eksplisitt samanlikna kommunane med lågast del brukarar som har individuell plan. I Gaular har 15,1% individuell plan, og i Førde 22,1% av alle brukarar.

Tidsserie 2008-2010:

Manglar tal for Jølster i 2008; men tala for brukarar med individuell plan har vore nedgåande ifrå 2009 (10,5%) til 2010 (9,1%).


7.5.1 Vurdering – kvalitetsindikatorar Iplos/Kostra

Bebuarane på helseinstitusjon i Jølster ligg godt an i høve til dei samanlikna kommunane når det gjeld dei fysiske lokalitetane; alle rom som blir tilbydd er einerom, og alle romma har eige bad/WC. Dette har også dei andre direkte samanlikna kommunane (med unntak av Naustdal) – men er likevel betre enn som er vanleg på landsbasis.

Jølster har likevel svakast omfang av legetimar pr veke pr bebuar (0,12) for bebuarar på sjukeheim av alle dei samanlikna kommunane, eit tal som har minka dei siste åra. Jølster er til gjengjeld den kommunen som har høgast tal fysioterapitimar pr. veke (0,82 t/v) av dei samanlikna kommunane. Tala for 2010, både for legetimar og fysioterapitimar, viser ei såpass dramatisk endring frå tidlegare år, at her er det grunn til å tru at det kan vere snakk om feilregistreringar/endring i føringspraksis som årsaksforklaring.

Jølster er heller ikkje av dei kommunane som i størst grad har utarbeidd individuell plan for brukarane (9,1%); medan kommunar som Gaular (15,1%) og Førde (22,1%) hadde langt høgare dekningsgrad for individuell plan.

7.6 Medarbeidarane



Figur 31: Andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning

Figuren over syner andelen årsverk med fagutdanning i brukarretta tenester i Pleie- og omsorgstenesta.


Fakta:

Vi ser av figuren over at andelen årsverk i brukarretta tenester der medarbeidaren har fagutdanning, varierer frå 69-78%

Jølster ligg i 2010 nokolunde midt i leia (74%) på omfanget av årsverk med fagutdanning av dei samanlikna kommunane; men Naustdal har lågare del (69%) årsverk med fagutdanning. Landssnittet er på 73%.

Tidsserie 2008-2010:

Vi registrerer for Jølster sin del at andelen årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning har gått svakt ned dei siste tre åra; i 2008 var delen på 77% - 2009 på 75% og i 2010 på 74% prosent.



Figur 32: Andel årsverk i brukarretta tenester – etter utdanning

Figuren over syner korleis utdanningsnivået er fordelt på årsverka i brukarretta tenester. NB! Ved ein feil i statistikkgeneratoren er tala for Naustdal og Gaular blitt feilaktig erstatta av to andre kommunar.

Fakta:


Figuren over syner at den største gruppa årsverk i brukarretta tenester er den med fagutdanning frå vidaregåande skule (36-51%), og at dei to andre gruppene, dei utan utdanning og dei med fagutdanning på universitet/høyskole, er nokolunde jamstore grupper, men har lågare omfang.

Slik er det òg i Jølster: Den største gruppa årsverk i Jølster i 2010 er dei med fagutdanning frå vidaregåande skule (44%) – og er nøyaktig på landssnittet. Jølster er vidare mest på snittet med ein andel årsverk i brukarretta tenester *utan* fagutdanning 26% (27% i landssnitt) Delen årsverk i Jølster med fagutdanning *frå høyskole/universitet* (29%) var noko over landssnittet (24%).

Jølster merkjer seg såleis ikkje spesielt ut nokon veg, med unntak av å ha noko større del årsverk med universitetsutdanning i dei brukarretta tenestene i høve til landssnittet.

Tidsserie 2008-2010:

I Jølster har delen årsverk med universitetsutdanning minka frå 2008 (44%) til 2010 (29%); medan andelen årsverk for tilsette med vidaregåande skule og dei utan fagutdanning har auka.



Figur 33: Legemeldt sjukefråvær av totalt antal årsverk i brukarretta teneste.

Fakta:

Figuren fortel at det legemelde sjukefråveret dei samanlikna kommunane i 2010 ligg på mellom 5,8-8,6%.

Jølster kommune hadde i 2010 det nedst lågaste (6,3%) legemeldte sjukefråværet i *brukarretta tenester* av dei samanlikna kommunane; berre Naustdal hadde lågare (5,8%). Landssnittet er på 8,4%; fylkessnittet er 7,5% og snittet for kommunegruppa er 8,3 %. Førde kommune hadde det høgaste (8,6%) legemeldte sjukefråværet av dei samanlikna kommunane.

Eit sjukefråvær på 6,3% i dei brukarretta tenestene i Jølster, er vidare dessutan litt lågare enn snittet på sjukefråværet for Jølster kommune *som organisasjon* som er på 6,87 % (jf tabell 5 tidlegare). Høgast sjukefråvær har Skei sjukeheim (10,50%) og Vassenden sjukeheim (10,52%) (jf tabell 4 tidlegare).

Tidsserie 2008-2010:

Figuren syner eit hopp på sjukefråværet i dei brukarretta tenestene i Jølster frå 6,4% i 2008 – via 8,5% i 2009 – og ein nedgang att til 6,3% i 2010.

7.6.1 Vurdering – medarbeidarane i PLO sin kompetanse og fråvær

Arbeidsgjevaren Jølster kommune og tenestemottakarane i PLO kan glede seg over at kommunen i 2010 har det nest lågaste (6,3%) legemeldte sjukefråværet i *brukarretta tenester* av dei samanlikna kommunane – landssnittet er på 8,7%. Det er såleis stor stabilitet i arbeidskrafta. Dette er gunstig i ein slik personintensiv bransje som Pleie- og omsorgstenestene er.

Samtidig er det slik at særleg Skei sjukeheim og Vassenden sjukeheim har eit sjukefråvær på kring 10,5% (jf tabell 4) – som er kring 4 prosentpoeng over snittet i dei brukarretta tenestene i kommunen og 2 prosentpoeng over landssnittet for denne gruppa. Eit høgt sjukefråvær kostar pengar, gjev større slitasje på dei attverande og krev god tilgang på vikarar.

Positivt er det og at Jølster ligg noko over landssnittet i andel årsverk med høgast utdanning; fagutdanning frå høgskule/universitet

Figurane over, knytt til **vurdering av formelle karakteristika ved medarbeidarane**, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Kva skuldast det at omfanget av fagutdanna personale med høgskule/universitet har gått så tydeleg ned frå 2008 (44%) til 2010 (29%), og ein auke i delen tilsette med fagutdanning frå vidaregåande skule? Er rekrutteringsvanskar ei forklaring?
- Skei sjukeheim og Vassenden sjukeheim har eit sjukefråvær som er høgare enn i dei andre brukarretta einingane i kommunen, høgare enn snitte for kommunen som organisasjon og dessutan høgare enn landssnittet for dei brukarretta tenestene. Kva skuldast dette og er det sett i verk eller planlagt tiltak for å få ned sjukefråværet ved desse einingane?

8 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR PÅ HØYRINGSVERSJONEN

Konstituert rådmann i Jølster, Arnar Helgheim, fekk tilsendt høyringsversjonen på denne revisjonsrapporten i mai 2012, med 14 dagars frist for merknader, innan den 22.05.2012.

Då slik formell attendemelding har uteblitt, har revisjonen seinare bede om endeleg svar frå rådmannen på om denne har merknad til rapporten.

I mail av 23.08.2012 heiter det frå rådmannen:


”Eg har ikkje spesielle merknader til utkastet til revisjonsrapport som vi mottok i mai 2012.

Arnar Helgheim
konstituert rådmann”

9 UNDERSKRIFT

Denne Revisjonsrapporten er utarbeidd av forvaltningsrevisor Steffen Ben Jonstad i Kryss Revisjon

Førde, 04.09.2012



Steffen Ben Jonstad
forvaltningsrevisor

10 REFERANSAR

Jølster kommune, heimeside	www.jolster.kommune.no
Jølster kommune, plandokument:	Årsmeldingar, handlingsplanar, rekneskap for åra 2008-2010
KS – Effektiviserings-nettverka	Mal for tenesteanalysar; Statistikkgenerator for Kostra
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Statistikkgenerator for Kostra
Regjeringen.no	Veileder for rapportering om ressursbruk i kommuner og fylkeskommuner, 2009
Statistisk sentralbyrå	www.ssb.no/kostra www.ssb.no/emner www.ssb.no/kommuner
Helse- og omsorgs-departementet:	<u>RESSURSBRUK OG TJENESTETILBUD I INSTITUSJONS OG HJEMMETJENESTEORIENTERTE KOMMUNER</u> . Utredning for Helse- og omsorgsdepartementet. Utkast til rapport, 02.03.05

11 VEDLEGG:

11.1 Omgrep frå SSB – KOSTRA¹⁴

Prioritering:

Prioritering gjenspeiler hvordan kommunen (gjennom politiske vedtak) velger å disponere de tilgjengelige økonomiske ressursene.

Dekningsgrad:

Prinsipielt skal en dekningsgrad si noe om i hvor stor grad behovet for en bestemt tjeneste dekkes.

Produktivitet:

Forholdet mellom produsert mengde av tjenester og omfanget av innsatsfaktorer som er blitt brukt under produksjonen.

Netto driftsutgifter:

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivninger etter at driftsinntektene, som bl.a. inneholder øremerkede tilskudd fra staten og andre direkte inntekter, er trukket fra. De resterende utgiftene må dekkes av de frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer fra staten mv.

Korrigerte brutto driftsutgifter:

Korrigerte brutto driftsutgifter omfatter driftsutgiftene ved kommunens egen tjenesteproduksjon pluss avskrivninger minus dobbeltføringer i de kommunale regnskaper som skyldes viderefordeling av utgifter/internkjøp mv.

Brutto driftsutgifter:

Brutto driftsutgifter viser de samlede driftsutgiftene inkludert avskrivninger korrigert for dobbeltføringer som skyldes viderefordeling av utgifter/internkjøp mv. Brutto driftsutgifter brukes på to måter:

- 1) Som totale brutto driftsutgifter for kommunen/fylkeskommunen
- 2) I stedet for korrigerte brutto driftsutgifter på de enkelte tjenesteområdene.

11.2 Kostra-veileder 2009

Her følger utdrag fra KRD sin veileder for rapportering for regnskapsåret 2009, hvor det er gitt følgende innhold i de ulike funksjonene:

234 - Aktivisering og støttetjenester overfor eldre og funksjonshemmede

Tjenester til eldre, funksjonshemmede, personer med psykiske lidelser, utviklingshemmede mv.:

- Eldresentre og dagsentre for hjemmeboende,
- aktivitetssentre for utviklingshemmede m.m,
- aktivisering av funksjonshemmede barn utover aktivisering i forbindelse med grunnskoleundervisning,
- •transporttjenester,
- støttekontakt,
- matombringing,
- trygghetsalarm (kjøp, installering, vedlikehold og drift av alarmene, men ikke utgifter som er knyttet til utrykninger, som føres på funksjon 254),
- vaktmester,
- vask av tøy for hjemmeboende utført av institusjon eller privat foretak,
- ferietilbud og andre velferdstiltak for eldre og funksjonshemmede,

¹⁴ Henta frå KS – Effektiviseringsnettverka

- frivillighetssentraler,
- frisør og fotpleie til eldre og funksjonshemmede.

Obs: Eldresentre/dagsentre er aktivitetstilbud der brukerbetaling ikke er hjemlet i vederlagsforskriftene for institusjon.

Utgifter til dagopphold på institusjon, dvs. tjenester innvilget ved enkeltvedtak, med betaling/egenandel hjemlet i forskriften om vederlag for opphold på institusjon skal føres på funksjon 253.

253 - Pleie, omsorg, hjelp og re-/habilitering i institusjon

Direkte brukerrettede oppgaver i forbindelse med pleie og omsorg i institusjoner og boformer (jf. § 7-2 i forskrift til lov om sosiale tjenester) med heldøgns pleie og omsorg (inkl. dag- og nattopphold, samt korttidsopphold (f.eks. rehabilitering og avlastning) på slike institusjoner).

Omfatter også servicefunksjoner som:

- Husøkonom,
- kjøkken,
- kantine/kiosk,
- vaskeri,
- aktivitør.

Dersom institusjonens servicefunksjoner (for eksempel kjøkken og vaskeri) yter tjenester overfor hjemmeboende, skal disse utgiftene fordeles mellom funksjon 253 og funksjon 234. Renhold av institusjonslokaler føres på funksjon 261.

Funksjonen omfatter videre:

- Medisinske forbruksvarer,
- tekniske hjelpemidler,
- inventar og utstyr,
- administrasjon/ledelse av institusjonen (forutsetningen er at ev. ledere ved avdelinger/poster ikke har fullstendig lederansvar),
- inntekter av oppholdsbetaling,
- utgifter til hjelp i og betjening av avlastningsboliger,
- Døgnmulter ferdigbehandlede sykehuspasienter.

Kommunale institusjoner knyttet til rusomsorg føres på funksjon 243.

254 - Kjernetjenester knyttet til pleie, omsorg, hjelp til hjemmeboende

Kommunale pleie- og omsorgstjenester ytt til personer som bor i eget hjem (inkludert tjenester til beboere i boliger for eldre og funksjonshemmede med eller uten fast bemanning) som registreres i IPLOS med vedtak knyttet til antall timer per uke. Tjenestene er (jf. IPLOS registerkort og veileder):

- Praktisk bistand, daglige gjøremål og opplæring i daglige gjøremål
- Brukerstyrt personlig assistent
- Avlastning utenfor institusjon
- Omsorgslønn
- Pleie og omsorg utenfor institusjon (hjemmesykepleie og vedtak/beslutning om bistand som ledd i kommunens psykiske helsearbeid)

Inntekter av brukerbetaling for hjemmetjenester.

Avlastningsopphold i avlastningsbolig eller på institusjon registreres under funksjon 253.

261 - Institusjonslokaler

1. Utgifter til drift og vedlikehold av institusjoner og boliger med heldøgns pleie og omsorg (med tilhørende tekniske anlegg og utendørsanlegg).

Dette omfatter lønn mv. til eget drifts-/vedlikeholdspersonell, innkjøp av materiell og utstyr til drift og vedlikehold, og kjøp av drifts-/vedlikeholdstjenester (eksempelvis vaktmestertjenester, snøryddingsavtaler, renholdsavtaler, serviceavtaler på tekniske anlegg, avtaler om vakthold og tilsyn mv.) som er knyttet til institusjons-/lokaler. Dessuten avskrivninger av egne bygg

Som driftsaktiviteter regnes løpende drift, renhold, vakthold, sikring, energi og vann, avløp og renovasjon (jf. tabell avsnitt 4.1.). Renhold av institusjonslokaler (dette føres ikke lenger på funksjon 253). Skillet mellom vedlikeholdsutgifter og utgifter til påkostning/investering er beskrevet i Kommunal regnskapsstandard (F) nr. 4 Avgrensningen mellom driftsregnskapet og investeringsregnskapet, se www.gkrs.no.

2. Forvaltningsutgifter knyttet til institusjons-/bolokaler (administrasjon, forsikringer av bygg og pålagte skatter og avgifter knyttet til institusjonslokaler) føres på funksjon 121.

3. Investeringer i og påkostning av institusjons-/bolokaler.

4. Husleieutgifter ved leie av institusjonslokaler/boliger.

- Ved leie fra AS eller andre private (herunder IKS hvor kommunen ikke er deltaker) føres husleien i på art 190.
- Ved leie fra kommunalt foretak føres husleien på art 380 i kommunens regnskap, og inntektsføres på art 780 i foretakets regnskap.
- Ved leie fra interkommunalt selskap (hvor kommunen er deltaker) føres husleien på art 375 i kommunens regnskap, og inntektsføres på art 775 i selskapets regnskap.
- Dersom kommunen har en internhusleieordning (leie mellom enheter som inngår i kommunens regnskap), skal faktiske utgifter til drift og vedlikehold komme fram på riktig art/funksjon, jf. avsnitt 4.1 og art 190.

5. Inntekter knyttet til utleie av lokalene til eksterne (andre enn kommunen selv eller kommunalt foretak).

6. Inventar og utstyr (innbo/løsøre) knyttet til pleie- og omsorgstilbudet inngår ikke her, men føres på funksjon 253.

017/12 BUDSJETT 2013 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat
Dato: 19.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	28.09.2012	017/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Melding til:

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for godtgjersle til folkevalde i Jølster kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Kommunestyrevedtak 027/12 Godtgjersle til folkevalde endringar

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 5.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 13.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 1.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 10.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 1.000,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 30.000,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT 2013 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett 2013 for drift av kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettår skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle

Køyregodtgjersle.

Tapt arbeidsforteneste

Møtegodtgjersle

Arbeidsgjevaravgift

Kurs/seminar

Kontingentar

Andre utgifter

For kontrollutvalet i Jølster gjeld følgjande satsar for godtgjersle:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste, kr. 750,- ulegitimert. Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekket etter dokumentasjon.
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar 1% av ordførarløn, som igjen er 75% av stortingsrepresentant si løn.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet 015% av ordførarløn - pr. møte.

Stortingsrepresentantgodtgjersle er pr. 01.05.2011 kr. 777.630,-.

Jølster kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Jølster kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I JØLSTER KOMMUNE 2013

Køregodtgjersle	5000	(5*3,9*230)			
Tapt arbeidsforteneste	5000	(5*750*1,12)	4200		
Møtegodtgjersle	8000	Ordf gj 583223	Leiar 1% av ordførarløn 5832		
Arbeidsgjevaravgift	1000	10,6% av m.g. og t. arb.f.t.			Medl 0,15% p
Kurs/seminar	10000				
Kontingentar	1000				
Andre utgifter	0				
Drift	30000				

Stortinsrepresentant 777.630 pr. 1.5.2011.



Notat

Saknr.
SRØ 11/401 - 2

Arkivkode
082

Dato
09.05.2012

Godtgjersle til folkevalde

Vedtak i kommunestyresak 10/11 den 24.5.2011

1. Ordførargodtgjersle

Ordførarvervet svarar til 1/1 stilling. Godtgjersla er fastsett til 75 % av godtgjersle til Stortingsrepresentantar.

Ordførar får ettergodtgjersle i 1,5 månadar etter konstituering av nytt kommunestyre dersom vedkomande har jobb eller pensjon å og over til. Dersom ordførar ikkje har jobb eller pensjon å gå over til, får vedkomande ettergodtgjersle i 3 månadar.

2. Arbeidsgodtgjersle jfr kommunelova § 42

Følgjande satsar gjeld for godtgjersle til folkevalde:

Verv	I % av ordførargodtgjersla
Varaordførar	6 %
Formannskapsmedlemar	1 %
Leiar for utvala	1 %
Leiar for kontrollutvalet	1 %
Medlemene i forhandlingsutvalet	1 %
Utvalsmedlemar	0,5 %
Kommunestyremedlemer	1 %

	Pr møte i % av ordførargodtgjersla
Medlemene i kontrollutvalet	0,15 %
Varamedlem: Kommuenestyre, formannskap, utval	0,15 %
Medlem og varamedlem: Andre utval og nemnder	0,15 %

3. Reiseutgifter jfr kommunelova 41 pkt 1

Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle vert dekkja etter det kommunale reiseregulativet.

4. Tap av inntekt og påførte utgifter jfr. kommunelova § 41 pkt 2

Tap av arbeidsinntekt og påførte utgifter vert dekket med inntil kr 750,- pr dag for ulegitimert tap. Legitimert tap vert dekket etter dokumentasjon

5. Dokumentasjon

Godtgjersle etter pkt 3 og 4 vert utbetalt etter rekning frå den einskilde folkevalde.

6. Verknadstidspunkt

Satsane gjeld frå konstitueringa etter kommunevalet 2011.

018/12 ORIENTERING – VINTERVEDLIKEHALDET V/RÅDMANNEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat

Dato: 20.09.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.09.2012	18/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune «Meirforbruk på vintervedlikehaldet», datert 11.05.2012.
- Brev frå Jølster kommune til kontrollutvalet «Meirforbruk på vintervedlikehaldet – orientering», datert 07.09.2012

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 008/11 Orientering sektor for pleie og omsorg.
- Kontrollutvalsak 002/12 Skriv og meldingar.
- Kontrollutvalssak 011/12 Orientering – vintervedlikehald v/rådmann.
- Brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune om orientering – meirforbruk på vintervedlikehaldet, datert 15.02.12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret viser til brev frå rådmann
- Kommunestyret viser til kontrollutvalssak 018/12
- Kommunestyret tek orienteringa frå rådmannen til vitande

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET

ORIENTERING – VINTERVEDLIKEHALDET V/RÅDMANNEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen orienterer om meirforbruket på vintervedlikehaldet.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 002/12 "Skriv og meldingar" 14.02.2012 låg Tertialrapport nr 2 for 2011 ved. På grunnlag av innhaldet i denne, gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

AD: SM 07-12 Vedtak i kommunestyresak 048/11 «Tertialrapport nr. 2 for 2011».

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kommunestyret ønskjer reist eiga sak i høve til meirforbruket på vintervedlikehaldet beskrive i tillegg av kontrakt. Saka går gjennom kontrollutvalet.*
- *Kontrollutvalet vil difor kalle inn rådmann til neste møte i kontrollutvalet for å gi ei generell orientering om vintervedlikeholdet i Jølster kommune.*
- *Kontrollutvalet ønskjer også at det vert orientert om kontraktar, rutinar for ekstra utbetaling og eventuell utlysing av ekstramidlar.*

Det er sendt brev til Jølster kommune 15.02.2012 om vedtaket til kontrollutvalet og om at rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere slik det går fram av vedtaket.

Rådmann orienterte i saka på møtet i kontrollutvalget 10.05.2012 i sak 011/12 «Orientering – vintervedlikehald v/rådmann», og kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kontrollutvalet ber om ei skriftleg orientering i saka.*
- *Kontrollutvalet vil ha informasjon om tilhøva kring vintervedlikehaldet vinteren 2010/2011, samt informasjon om tiltak og evt. arbeid med å lage retningslinjer for vintervedlikehaldet.*

11.05.2012 vart det sendt brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune der vert bede om at det vert gjort greie for omstenda kring det som skjedde i høve til vintervedlikehaldet 2010/2011, og kva som er gjort for å ta hand om liknande situasjonar ved eit seinare høve.

Tilhøvet kontrollutvalet vil ha omtalt er:

- Årsak til overskriding av budsjett.
- Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.
- Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.
- Kva tiltak er sett i verk for å vere førebudd på liknande situasjonar?
 - Bl.a. om retningslinjer for å handtere vintervedliket fins, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarende situasjon i framtida.

07.06.2012 mottok kontrollutvalet brev frå Jølster kommune med orientering om tilhøva som kontrollutvalet har bede om.

Det vert vist til brevet frå Jølster kommune.

Rådmann er kalla inn i saka.

Sekretariatet si vurdering:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Jølster kommune
6843 SKEI I JØLSTER

Førde, 11.05.12

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 241/12

Arkiv: Jølster

MEIRFORBRUK PÅ VINTERVEDLIKEHALDET

I kontrollutvalsmøte 14.02.12 låg vedtak i kommunestyresak 048/11 «Tertialrapport nr 2 for 2011» føre under kontrollutvalet si sak 02/12 «Skriv og meldingar». Kommunestyret hadde i saka om tertialrapporten gjort følgjande vedtak.

- *Kommunestyret ønskjer reist eiga sak i høve til meirforbruket på vintervedlikehaldet beskrive i tillegg av kontrakt. Saka går gjennom kontrollutvalet.*

Kontrollutvalet hadde saka til handsaming på kontrollutvalsmøte 11.05.2012, og det vart gjort følgjande vedtak:


- *Kontrollutvalet ber om ei skriftleg orientering i saka.*
- *Kontrollutvalet vil ha informasjon om tilhøva kring vintervedlikehaldet vinteren 2010/2011, samt informasjon om tiltak og evt. arbeid med å lage retningslinjer for vintervedlikehaldet.*

Etter dette ber vi om at det vert gjort greie for omstenda kring det som skjedde i høve til vintervedlikehaldet 2010/2011, og kva som er gjort for å ta hand om liknande situasjonar ved eit seinare høve. Tilhøvet kontrollutvalet vil ha omtalt er:

- Årsak til overskriding av budsjett.
- Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.
- Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.
- Kva tiltak er sett i verk for å vere førebudd på liknande situasjonar?
 - Bl.a. om retningslinjer for å handtere vintervedliket fins, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarende situasjon i framtida.

Neste møte i kontrollutvalet er tidfesta til 26. september 2012. Vi ber om ei skriftleg tilbakemelding i god tid før dette møtet. Rådmannen vil også bli kalla inn til møtet i saka.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit

Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



SEKOM- sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

07.09.2012

Vår ref
TOF 11/859 - 6

Dykkar ref

Arkiv
210

Løpenummer
12/5308

Meirforbruk på Vintervedlikehaldet - orientering

Kontrollutvalet ber i brev av 11.05.12 om at det vert gjort greie for omstenda kring det som skjedde i høve til vintervedlikehaldet 2010/2011.

Grunnlaget for dette er gjeve i kommunestyresak 048/11, tertialrapport nr 2 for 2011, der kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

«Kommunestyret ønskjer reist eiga sak i høve meirforbruket på vintervedlikehaldet beskrive i tillegg av kontrakt. Saka går gjennom kontrollutvalet.»

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møte 11.05.2012:

- *Kontrollutvalet ber om ei skriftleg orientering i saka.*
- *Kontrollutvalet vil ha informasjon om tilhøva kring vintervedlikehaldet vinteren 2010/2011, samt informasjon om tiltak og evt. arbeid med å lage retningslinjer for vintervedlikehaldet.*

Med grunnlag i ovannemnde ber kontrollutvalet om ei nærare omtale av følgjande tilhøve:

- *Årsak til overskriding av budsjett.*
- *Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.*
- *Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.*
- *Kva tiltak er sett i verk for å vere førebudd på liknande situasjonar?*
- *Bl. A. om retningslinjer for å handtere vintervedlikehald fins, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarende situasjon i framtida.*

Kontrollutvalet ber om ei skriftleg attendemelding før neste møte den 26. september 2012.

Før vi gjev ei omtale av tilhøva og svarar på spørsmåla som etterspurd fin vi det rett å gje ei orientering om grunnlaget som vert nytta i samband med vintervedlikehaldet i Jølster. Vi vil og gje ei kort orientering om vêrtilhøva vinteren 2010/2011.

Grunnlag for vintervedlikehald i Jølster kommune

Jølster kommune har ca 70 km med kommunal veg som tilkomst til grender og busetnad i store deler av kommunen. Det er varierende standard på desse vegane, dei fleste med toppdekke av grus men nokon har toppdekke av oljegrus/asfalt.

Vintervedlikehaldet/snøbrøyting på desse vegane er basert på og utført som ein kombinasjon av eige arbeid med eigne tilsette i eininga Drift og kommunalteknikk og av kontraktørar. I eigenregi vert det utført snøbrøyting på roder i Skei området. I resten av kommune vert det i hovudsak nytta kontraktørar som vert engasjert gjennom avtale/kontrakt etter føregåande tilbodsinnbyding med grunnlag i instruks for arbeidet. Drift og kommunalteknikk gjennomfører i tillegg tilsyn og førefallande vedlikehald og utbetring på alle rodene.

Tilbodsinnbyding

Jølster kommune har i lang tid nytta offentleg tilbodsinnbyding på vintervedlikehaldet, jamfør vedlagt tilbodsdokument. Kommunen har hatt ein praksis med vintervedlikehald i faste periodar på 5 år der eit tilbodsgrunnlag saman med instruks for arbeidet er basis for tilbodet.

Instruks

Som nemnt over er det utarbeidd instruks for arbeidet med vintervedlikehaldet i Jølster. Instruksen er i 16 punkt og set krav til utføring av arbeidet med vintervedlikehaldet. For ytterlegare informasjon om innhald i instruksen syner vi til vedlegget.

Avtale/kontrakt

Med grunnlag i føregåande tilbodsinnbyding og evaluering av denne vert det inngått avtale/kontrakt mellom Jølster kommune og aktuell tilbydar/entreprenør. Avtalen er lik og vert nytta mellom kommunen og alle som får tildelt roder på vintervedlikehald. Til grunn for avtalen ligg tilbodsgrunnlag og instruks.

Vinteren 2010/2011 var det siste året i 5 års kontraktane for perioden 2006/2007-2010/2011. Det er no inngått nye kontraktar for ein ny 5 års periode, 2011/2012 – 2015/2016.

Vinteren 2010/2011

Vinteren sesongen 2010/2011 var spesiell på fleire måtar. Vinteren med snø kom i slutten av oktober og snøen låg til ut i april. Det var såleis ein lang vinterperiode der det i periodar var mykje nedbør i form av snø samt kuldeperiodar. Som eit døme på snømengda kan vi syne til at Jølster Skisenter hadde eit rekordår når det gjeld snødjupne. Vi kan og nemne at fotballbana på Skei vart fresa tre veker før påske. Då var det målt ei snødjupne på 1,5 meter i snitt over heile bana. Kommunen måtte og fjerne snø frå taket på fleire av dei eldre kommunale bygga for å unngå skade som følgje av mykje snø noko som er unormalt.

Denne vinteren fekk vi mykje meldingar frå innbyggjarane om trafikkfarlege situasjonar og særskilt i høve uoversiktlege kryss og avkøyrslar. Vi fekk mange klager på den kommunale

brøytinga og utfordringa som dette ga den enkelte grunneigar mellom anna med å få fjerna snø på eige trafikkareal og i eiga avkøyrsløp.

Vi opplevde såleis vinteren som unormal og vi kan ikkje minnst å ha hatt tilsvarende vinter med så mykje snø og tilhøyrande problemstillingar dei siste 20 åra.

Årsak til overskriding av budsjett.

Meirforbruket på tenesta kommunale vegar er på om lag kr. 1 160 000. Det meste av dette er knytt til vintervedlikehaldet og utgjer om lag kr. 930 000. Oversikt over meirforbruket relatert til årsak/tiltak er synt i tabellen under.

Kommunale vegar 2010 - meirforbruk	
Årsak/Tiltak	Kostnad
Rydding, fjerning av snø	430 000
Salting/tinging av stikkrenner og vegar	100 000
Strøing på vegar (sand)	150 000
Brøytestikker	50 000
Nye brøytekontrakter	200 000
Skade på vegnett	150 000
Reparasjon av eigen traktor	80 000
Sum meirforbruk	1 160 000

Som nemnt utgjer meirforbruket i høve vintervedlikehaldet om lag kr. 930 000. Av desse er om lag kr. 500 000 meirforbruk til salting og tining av stikkrenner/vegar, større behov for strøing samt innkjøp av brøytestikker og auka kostnad med nye kontraktar. Om lag kr. 430 000 er relatert til rydding og fjerning av snø.

Rydding og fjerning av snø

I bustadfelt der det er tett busetnad med mange avkøyrsløp og smale gater er det oftast eit større behov for å transportere vekk snø enn på gards- og grendevegane rundt om i kommunen. Dette skuldast både manglande lagerkapasitet for snø og redusert trafikktryggleik. Ein slik langvarig vinter med store mengder snø medførte mellom anna høge brøyteantar og mykje snø i og ved kommunale vegar. I dei verste av desse tilfella har vi på grunn av trafikktryggleik, ikkje minst i høve til dei mjuke trafikantane, sett det som naudsynt å transportere vekk snø. I ein normal vinter har denne type tiltak ikkje vore naudsynt.

Grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.

Jølster kommune har med grunnlag i kontrakt og instruks vurdert ansvarsforholdet mellom kontraktør og kommunen jamfør instruks punkt 6 og 7.

Dersom det på grunn av uver eller av andre grunnar ikkje er mogeleg å utføre brøyting, rydding eller anna vintervedlikehald i samsvar med retningslinene, må Jølster kommune v/formann snarast gjevast melding om dette.

Ved vegsperringar på grunn av fonner, ras eller andre grunnar skal kontraktøren straks gje melding til Jølster kommune v/formann. Dersom det er fare for at det er folk i raset skal ein dessutan varsle politiet. Kontraktør skal varsle Jølster kommune v/formann ved vegskader eller andre forhold som kan være til fare for trafikken. Dersom formann ikkje er å treffe, gjev ein melding direkte til tenestekontoret.

Vi har med grunnlag i ovannemnde vurdert behovet for tiltak ut frå eit trafikktryggleiks omsyn. Med dei spesielle tilhøva som tidlegare omtala vart det umogeleg å utføre brøyting og rydding på ein tilfredsstillande måte. For å ivareta trafikktryggleiken vart det vurdert og sett i verk ekstra tiltak.

Likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.

Kommunen har vurdert behovet for tiltak med grunnlag i omsynet til ein tilfredsstillande trafikktryggleik både for dei køyrande og dei mjuke trafikantane. Dei største utfordringane har vi i bustadfelta Hjellbrekkefeltet og Langhaugane på Vassenden og Vikenfelta på Skei.

I desse bustadfelta er det svært tett busetnad med mange avkøyrslar, smale gater og generelt lite tilgjengeleg areal for snølagring. På gards og grendavegane er det spesielt kryssa som er utfordrande.

Vi har vurdert behovet for tiltak ut frå eit trafikktryggleiks omsyn og meiner dette gjev ei likebehandling av kontraktørane. Det er dei same vurderingane som er gjort for heile kommunen. Tilhøva var naturleg nok ikkje like over alt og naudsynte tiltak varierte:

- Der det har vore behov for å sette inn tiltak er det og gjennomført tiltak enten av kommunen sjølv, kontraktør eller av annan leigd resurs.
- Der det ikkje har vore behov har det heller ikkje vore utført tiltak.

Vi kan og leggje til at kommunen i eigenregi har måtta gjennomført tiltak utover det normale i Vikenfelta i tillegg til at det har vore naudsynt og leige inn anna utstyr enn det kommunen har til disposisjon for å få utført arbeidet.

Tiltak som er sett i verk for og vere førebudd på liknande situasjonar.


Vinteren 2010/2011 var det siste året i 5 års kontraktane for perioden 2006/2007-2010/2011. Det er i 2011 inngått nye kontraktar for 5 års perioden 2011/2012 – 2015/2016. Vi har i hovudsak nytta same tilbodsdokumentasjon og instruks som tidlegare. Vi meiner dette er tilfredsstillande for å ivareta liknande situasjonar. Vi finn det likevel rett å evaluere dokumenta inkludert ei drøfting i UPU før neste utlysing.

Retningslinjer for å handtere vintervedlikehald, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarande situasjon i framtida.

Som nemnt tidlegare har Jølster kommune utarbeidd instruks for arbeidet med vintervedlikehaldet. Instruksen er i 16 punkt og set krav til utføring av arbeidet. Vi meiner instruksen er tilfredsstillande for å ivareta liknande situasjonar. Som nemt over vil vi likevel evaluere dokumenta før neste utlysing. Eventuelle endringar av instruksen kan såleis skje i forkant av neste kontraktperiode frå 2016/2017.

Vonar dette er tilfredsstillande for dykkar handsaming av saka.

Med helsing



Arnar Helgheim
Konstituert Rådmann



Thor Ove Farsund
Kommunalsjef
57726106

Vedlegg:

Tilbodsinnbyding.

Instruks.

Avtale/kontrakt



1. Tilbodsinnbyding

Jølster kommune ynskjer med dette tilbod på brøyting, snørydding og anna vintervedlikehald på kommunale vegar og plassar.

Dette tilbodsgrunnlaget saman med instruks for arbeidet skal vere basis for tilbodet. Elles inngår gjeldande lover og føresegner som del av tilbodsgrunnlaget.

Tilbodet skal gjevast på side 6 i dette tilbodsgrunnlaget. Tilbodet skal sendast/leverast i nøytral lukka konvolutt merka:

"Tilbod vintervedlikehald 2011-2016, røde nummer....."

Tilbodet skal vere levert til:

**Jølster kommune v/drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster**

seinast fredag 31. august 2011, kl. 12.00.

Eventuelle spørsmål i samband med tilbodsgrunnlaget kan rettast til

- Tenesteleiar, Bjørn Anders Steinsund, telefon: 57 72 61 18 eller
- Rådgjevar, Thor Ove Farsund, telefon: 57 72 61 06.

Jølster kommune tek atterhald om retten til forkaste kva som helst av dei innkomne tilboda eller om naudsynt forhandle nærare om tilbodet. Jølster kommune vurderer også å gjennomføre vintervedlikehald på enkelte roder i eigenregi.

Skei 15.07.11

Bjørn Anders Steinsund
Avdelingsleiar
99202663



2. Generelt

2.1 Arbeidstype og omfang

Tilbodsinnydinga gjeld tilbod på utføring av alt arbeid med snøbrøyting, snørydding og anna vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar i Jølster kommune. Aktuelle offentlege vegar og plassar går fram av vedlag oversikt med inndeling i roder.

Arbeidet omfattar leige av lastebilar, traktor og maskiner med førar til vintervedlikehalds-arbeid som nemnt over. Med anna vintervedlikehald er meint eventuell snøfresing, snø- og ishøvling, rydding av vegkryss, reingjering av vegskilt og liknande.

Strøing vert ikkje rekna som ein del av vintervedlikehaldet men kan avtalast særskilt ved behov. Jølster kommune ber om at det vert oppgjewe einingsprisar på arbeid med strøing.

Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande retningslinjer for vintervedlikehald, jamfør instruks datert 09.06.11.

Lengda på kontrakten vil vere 5 år, frå og med vintersesongen 2011/2012 til og med vintersesongen 2015/2016 dersom ikkje anna er avtalt.

Det er mogeleg å gi tilbod på ei rode eller større område med fleire roder. Det må i så fall gå klart fram av tilbodet kva roder det gjeld, jamfør side 6.

Jølster kommune er oppteken av å redusere totalkostnadene sine og er difor interessert i at tilbydarane tilbyr sine mest kostnadseffektive løysingar.

2.2 Brøyteutstyr

Tilbydar skal halde alt nødvendig utstyr medrekna plogmateriell med mindre noko anna er avtala særskilt. Tilbydar sitt ansvar omfattar og naudsynt vedlikehald og reparasjonar av utstyret.

3. Tilbodsreglar

Tilbodet skal gjevast på side 6 i dette dokumentet.

Kvart tilbod skal vere datert og underskrive av tilbydar.



3.1 Tidspunkt for oppstart og avslutning av arbeidet

Arbeidet kan ikkje starte opp før avtale/kontrakt er underskriven av begge parter. Normal oppstart er 1. oktober den sesongen avtalen tek til å gjelde. Avslutning av arbeidet vert avtalt i kvart enkelt tilfelle. Normal avslutning er 30. april i den sesongen avtalen sluttar å gjelde.

3.2 Gyldigheit og vedståing av tilbodet.

Vi føreset at tilbydar vedstår seg tilbodet jamfør utlysingstekst. Jølster kommune tek kontakt med aktuelle tilbydarar for å inngå kontrakt. Døme på kontraktformular er lagt ved.

3.3 Krav om skatteattest

Tilbydar skal saman med tilbodet leggje fram skatteattest (RF-1244 fastsett av skattedirektoratet). Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader, rekna frå tilbodsfristen.

4. Arbeids-, kontrakt- og betalingsvilkår

4.1 Arbeidstid

Det vert ikkje nytta fast arbeidstid på denne typen arbeid. Tilbydaren må rekne med å yte arbeidsinnsats heile døgeret, avhengig av vær- og føretilhøve. Det vert vist til instruks for arbeidet.

4.2 Godtgjersle- og oppgjersform

Jølster kommune er oppteken av å stabilisere kostnadene sine og er difor interessert i at tilbydarane kan tilby sine mest kostnadseffektive løysingar. For vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar blir det difor å nytte følgjande oppgjersform:

1. Årleg fast godtgjersle.

Godtgjersla skal dekkje all kostnader for utføring av arbeidet med vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar i samsvar med tilbodsinnbydinga og instruksen.

Ved fast årleg godtgjersle skal ei oversikt over utført arbeid i perioden sendast/leverast utfylt til drift og kommunalteknikk ved arbeidsformann for kontroll den 01. i kvar månad. Faktura for fast årleg godtgjersla skal delast i tre like beløp som vert utbetalt tre gonger per sesong i desember, februar og mars månad.

Det vert ikkje utbetalt overtidstillegg eller andre tillegg ut over fast pris.



4.3 Prisregulering

Prisen er fast i kontraktperioden og skal ikkje regulerast.

I ekstraordinære tilfelle når drivstoffkostnadene blir vesentleg endra som følgje av omlegging av offentlege avgifter, nye utrekningsmetodar for avgifter og liknande kan endringar som ei følgje av dette vurderast spesielt.

4.4 Forsikring

Tilbydar skal teikne naudsynte forsikringar. Dersom tilbydar har tilsette skal han teikne yrkesskadeforsikring.

4.5 Trekk/Mulkt

Dersom faktura kjem til Jølster kommune for attestasjon meir enn to veker etter fristen som er nemnt i punkt 4.2 vil vi gjere fråtrekk i fakturert sum. Trekket vert kr. 1000,- per rode per veke. Trekket vert gjort direkte på første aktuelle faktura.

4.6 Ansvar for feil og manglar

Tilbydar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med tekniske spesifikasjonar og krav gitt i kontrakt og instruks. Tilbydar har plikt til snarast mogeleg og for eigen rekning å rette feil eller på annan måte utbetre manglar slik at avtalte spesifikasjonar vert oppfylte.

Tilbydar er og ansvarleg for eventuelle skader på privat og offentlig eigendom som skuldast utføring av arbeidet. Dersom kommunen må utføre eventuelle skadar, vert rekning sendt skadevoldar.

4.7 Forseinking

Ved forseinking eller manglande levering/utføring av arbeidet står tilbydar ansvarleg for eventuelt ekstra kostnader.

4.8 Oppseiing ved manglande oppfølging av kontrakt

Ved manglande oppfølging av kontrakten kan den seiast opp med 14 dagars varsel.

Etter tre skriftlege åtvaringar i løpet av same brøytesesong for manglande oppfølging av eitt eller fleire punkt i kontrakten, vert dette å rekne som oppseiingsgrunn av kontrakten.



4.9 Endring av kontrakt/veglende.

Endring av kontrakt for veg og veglengder i kontraktperioden gjev partane rett til forhandlingar.

Som eit utgangspunkt for denne endringa vil godtgjersla bli endra proporsjonalt med endringa i veglengda.

**Tilbodsskjema**

Med grunnlag i utlevert tilbudsmateriale kan vi ta på oss å utføre vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar i Jølster kommune frå og med vintersesongen 2011/2012 til og med vintersesongen 2015/2016.

Tilbudet omfattar vintervedlikehald på kommunale vegar og eller plassar i samsvar med roda/rodene oppgitt nedanfor.

Rode	Eige utstyr		Årleg fast godtgjersle
<i>Nummer</i>	<i>Bil/maskin</i>	<i>Brøyteutstyr</i>	<i>Kr./år</i>

Vi kan òg ta på oss å utføre strøing etter nærare avtale og tilbyr følgjande einingsprisar:

Bil/maskin inkludert strøutstyr:	kr/time	
Strøsand m/kvalitet som i instruks:	kr/m3	

Tilbudet er gitt av:

Firma:

Kontaktperson:

Adresse:

Postnummer/stad:

..... den/.....-2011

Tilbydar si underskrift



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster

INSTRUKS

1. Ein føreset at tilbydar, heretter omtala som kontraktør, gjer seg godt kjend med roden/rodene før sesongen tek til. Brøyting skal utførast så ofte det er nødvendig etter dei retningslinjer som kommunen fastset. Dersom ikkje anna er fastsett i kontrakten, gjeld denne instruksjonen som retningslinje for brøytinga.

Kontraktør skal på eige initiativ rykkje ut for å halde standarden på brøytinga.

2. Vegen skal, i det tidsrom den er føreset å vere open for alminneleg ferdsel, vere farbar for bilistar som er normalt utstyrt for vinterkøyring.
3. Brøyting skal gjennomførast slik at maksimal snødjupne ikkje overstig:
 - 5 cm våt snø (vedlikehaldsklasse 1)
 - 10 cm tørr snø (vedlikehaldsklasse 2)
4. For vedlikehaldsklasse 2 skal brøyting normalt ikkje utførast i tidsrommet mellom kl. 23.00 - kl. 04.30. Dei oppgjevne verdiar under punkt 3 kan då overskridast. Ved snøfall om natta skal vegen vere brøytta før morgontrafikken tek til kl. 07.00. Ved store snøfall eller føyke må kontraktør også om natta utføre nødvendig brøyting slik at vegen alltid er farbar i samsvar med punkt 2.

5. Vegbana skal brøytast/ryddast slik at det straks vert full køyrebanebreidde, så nær grøftekant, rekkverk og skråning som mogeleg. Brøyting og rydding av møteplassar og busslommer skal så langt det er mogeleg gå parallelt med brøyting av sjølve vegbana.

På vegar utan fortau og utan separate gang- og sykkelveggar skal brøyting og rydding av vegskulder og vegkantar gå parallelt med brøyting av køyrebana.

Dersom brøyting av fortau inngår i kontrakten må rydding av desse så langt det er mogeleg prioriterast på lik linje med rydding av køyrebana.

Der gang- og sykkelveg ligg nær vegen, må kontraktøren koordinere brøytinga med den som har ansvaret for brøyting av gang- og sykkelvegen og legge opp arbeidet slik at ein mest mogeleg unngår at anlegg for gåande og syklande vert sperra av snø frå vegbana.

6. Dersom det på grunn av uver eller av andre grunnar ikkje er mogeleg å utføre brøyting, rydding eller anna vintervedlikehald i samsvar med retningslinjene, må Jølster kommune v/formann snarast gjevast melding om dette.



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster

7. Ved vegsperringar på grunn av fonner, ras eller andre grunnar skal kontraktøren straks gje melding til Jølster kommune v/formann. Dersom det er fare for at det er folk i raset skal ein dessutan varsle politiet. Kontraktør skal varsle Jølster kommune v/formann ved vegskader eller andre forhold som kan være til fare for trafikken. Dersom formann ikkje er å treffe, gjev ein melding direkte til tenestekontoret.
8. Dersom kontraktøren meiner grusing av vegbana eller anna arbeid som ikkje er omfatta av kontrakten bør gjerast, skal kontraktøren snarast gi melding til Jølster kommune v/formann om når og kvar han meiner slikt arbeid er nødvendig. Det skal i kvart tilfelle avklarast med formann dersom kontraktøren skal utføre slikt arbeid og det skal nyttast grus med følgjande kvalitet: Knust og vaska strøsand med fraksjonsstørrelse 2-6 mm alternativt 2-8 mm.
9. Kontraktøren skal under brøyting vise omsyn til anna trafikk og naboar langs vegen. Ein må om mogeleg prøve å setje ned farten for å unngå at møtande trafikk får dekkja til frontruta med snøføyk frå brøytemateriell eller at eigedomar langs vegen blir påført skade.
10. Ved passering av bruer må ein passe på at brøytekanter ikkje vert pressa så hardt mot rekkverka at desse vert skada. Det må ikkje gjerast skade på rekkverk, gjerde, trafikkskilt, lysanlegg og liknande. Det må visast varsemd ved passering av overgangar over trafikkert veg, ferister, brubaner, kumlokk med meir. Ved brannkummar må ein prøve å unngå at det blir lagt opp snø/brøytekanter.
11. Etter trafikkreglane § 2 nr. 4 kan førar av køyrety som nyttast til vegarbeid eller liknande arbeid på eller ved veg, når det er til vesentleg lette i tenesten og det visast særleg varsemd, fråvike vegtrafikklova § 4, 2. og 3. ledd og §§ 5 - 9 og bestemmelsar i trafikkreglane kapittel 2, 3, 4, 5, 8 og 9 som ikkje særleg gjeld for han. Likevel skal slik førar alltid overhalde trafikkreglane §§ 22, 23, 30, 31 og 32. Blinkande gult varsellys skal alltid brukast ved brøyting, strøing og snørydding, jamfør trafikkreglane § 18 nr. 5 og køyreforeskriftene § 142. Blinkande gult varsellys skal ikkje brukast ved tomkøyting med sand- og saltspredar så framt breidda ikkje overstig 2,5 meter.
12. Køyting på venstre side av vegen må ikkje foregå med mindre det enten er sytt for ein effektiv sperring av vegen for alminneleg ferdsel eller tilfredsstillande varsling er sett i verk. Formannen avgjer kva for sikringstiltak som skal setjast i verk på dei forskjellige vegstrekingar.
13. Vegtrafikklovas § 3 skal førar alltid overhalde og kan ikkje fråvikast, jamfør punkt 11. Overheld ein ikkje denne paragrafen stiller føraren i same strafferettslege stilling som ein kvar annan trafikant.



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster

14. Kontraktøren har ansvaret for at førarar/avløysarar får full opplæring og kjennskap til kontrakten sine krav til utføring og ansvar. Ved arbeid på offentlig veg skal det nyttast CE - godkjent arbeidsklede samt anna naudsynt verneutstyr. Alt verneutstyr skal haldast av kontraktør.
15. Kontraktør er ansvarleg for skade han kan påføre oppdragsgjevar eller tredje person og hans eigedom, og bør difor teikne ansvarsforsikring som dekker slike skader. Skader som kontraktøren er ansvarleg for, og som må dekkjast av entreprenøren si forsikring eller bli utbetra for entreprenøren si rekning er: Skader på parkerte bilar, gjerde, rekkverk, kantstein, skiltstolpar med meir.
16. Kontraktørar skal føre køyrelister der det skal oppgjevast tidsforbruk for kvar rode samt når tid på døgnet brøytinga er utført. Køyrelister saman med faktura skal sendast/leverast utfylt til Jølster kommune, også ved fast prisavtaler.

Skei 15.07.2011

Bjørn Anders Steinsund
Avdelingsleiar
99202663



Jølster kommune

Drift og kommunalteknikk
6843 Skei i Jølster.

Avtale/kontrakt

Mellom Jølster kommune som vegmynde og som tilbydar er det inngått følgjande avtale:

1. Tilbydar tek på seg å utføre vintervedlikehald på følgjande kommunale vegar og eller plassar:

Rode Rode Rode

i ein periode på 5 år, frå og med vintersesongen 2011/2012 til og med vintersesongen 2015/2016, i samsvar med sitt tilbod datert

2. Arbeidet skal utførast for følgjande (samla) fast godtgjersle.....

(Her vert det oppgitt årleg fast godtgjersle for aktuell rode)

3. Tilbydar pliktar å utføre vintervedlikehaldet slik det er skildra i tilbodsgrunnlaget og dei dokument dette viser til og/eller instruksar frå formann eller annan person frå kommune med rett fullmakt.
4. Dersom leverandøren mellombels eller varig vert hindra i å utføre sine plikter i samsvar med denne avtalen, skal han varsle kommunen straks. Tilbydaren må då syte for å få andre til å utføre arbeidet.
5. Jølster kommune er utan ansvar for all skade som måtte oppstå under utføring av arbeidet, også ovanfor tredjemann.
6. Denne avtalen kan gjensidig seiast opp med 3 månaders varsel dersom oppseiinga skuldast forhold som partane ikkje hadde kjennskap til, eller burde hatt kjennskap til, når avtalen vart inngått. Tilbydar kan ikkje levere oppseiing i perioden 01. juli - 01 februar. Jølster kommune kan seie opp avtalen med 14 dagars varsel dersom leverandøren forsømmer sitt arbeid eller på annan måte ikkje oppfølgjer avtalen.
7. Tvistar i samband med avtalen skal løysast ved hjelp av forhandlingar. Ein gjer merksam på at dersom ein tvist har oppstått, fritek ikkje dette partane frå å oppfylle sine forpliktingar etter avtalen.
8. Tilbydar kan ikkje overdra denne avtalen til andre.

..... den/.....-2011

..... den/.....-2011

.....
For Jølster kommune

.....
For tilbydar

019/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 JØLSTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	28.09.2012	019/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Jølster.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 JØLSTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 20.09. 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2012 - Jølster.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Jølster kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
04/10 Tiltak kontrollutvalsarbeid	15.02.10		15.02.10 Vedtak KU - Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor
16/10 Forvaltnings revisjonsprosjekt "Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006"	30.06.10	Frist 30.06.2011.	30.06.10 Vedtak KU - tinging godkjent, s kryss for operasjonisering, ber om gj.f.pl. 30.06.10 s. KRYSS 15.09.11 E-post status s/KRYSS 03.11.11 E-post status v/KRYSS-revisjon 02.05.12 E-post frå Sekom til Kryss om status. 02.05.12 Tlf orientering om at høyringsfrist for rdm er rundt 20. mai 2012. 03.05.12 Status frå Kryss. Sjå sak 16/12
21/11 Overordna analyse	16.11.11		16.11.11: Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.
04/12 Årsmelding 2011 for kontrollutvalet i Jølster.	14.02.12		14.02.12: Vedtak i KU: Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert godkjent. 15.02.12: Årsmelding sendt til ks. 11.05.12 Årsmelding s kst på nytt 19.06.12 Vedtak kst sak 025/12.
08/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU – Godkjent.
09/12 Skriv og meldingar.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande
10/12 Årsrekneskapen 2011 – Jølster kommune.	10.05.12		10.05.12: Tilråding til kst. 11.05.12 s. Jølster kommune. 19.06.12 Vedtak kst sak 023/12 Årsrekneskapen 2011
11/12 Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU Ber om skriftleg orientering. 11.05.12 s brev til Jølster kommune.
12/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Jølster	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU – teke .til vitande.
13/12 Eventuelt.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU – Be kommunen om å leggje møteplan inn på kommunen sin elektroniske møteplan. 11.05.12 s e-post til kommunen.
014/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	28.09.12		
015/12 Skriv og meldingar.	28.09.12		
016/10 Forvaltnings revisjonsprosjekt "Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006"	28.09.12		
017/12 Budsjett for kontrollutvalet i Jølster 2013	28.09.12		
018/12 Orientering om vintervedlikehaldet			

v/rådmannen.			
019/12 Oppfølgingsliste 3-2012 – Jølster	28.09.12		
020/12 Eventuelt.	28.09.12		

Oppdatert 21.09.12.

020/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.09.2012	020/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.